


Samfunnsengasjement blant ungdom – ein klassebasert affære?

Eit kvantitativt studie av sosial klasse sin påverknad på utviklinga av
ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom

Vilde Brattåker Støyva



Masteroppgåve

Vår 2020

Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

Innholdsliste

Tabelloversikt	IV
Figuroversikt.....	IV
Forord	V
Samandrag	VI
1.0 Innleiing.....	1
1.1 Tema og føremål.....	1
1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål	3
1.3 Oppbygging av oppgåva	4
2.0 Teoretisk forankring.....	5
2.1 Kva er sosial klasse?.....	6
2.2 Sosial klasse i forstand av Pierre Bourdieu.....	8
2.3 Sentrale konsept i Bourdieu sitt teoretiske utgangspunkt.....	9
2.3.1 Økonomisk kapital.....	11
2.3.2 Kulturell kapital.....	11
2.4 Kritiske merknader kring Bourdieu.....	14
2.5 Refleksjonar kring klasseomgrepet og individualiseringsdebatten	15
2.5.1 Sosial klasse si verdvarande rolle som organiserande struktur	16
2.5.2 Auka individualisering og klasseomgrepet sin død?	19
2.5.3 Sosial klasse og individualisering: eit synteseforsøk.....	20
2.6 «Centre for Contemporary Cultural Studies»	23
2.7 Debatten kring ideen om subkultur og counter-culture	28
2.7.1 Eit kritisk blikk på subkultur og counter-culture.....	28
2.7.2 Motsvar til kritikken mot subkultur og counter-culture.....	29
2.8 Kva er samfunnsengasjement?	31
2.8.1 Samfunnsengasjement i ein tradisjonell kontekst.....	31
2.8.2 Digitaliseringa av samfunnsengasjement – ein kort introduksjon.....	36

2.8.1 Store trekk av samfunnsengasjement gjennom tidene	37
2.9 Utviklinga av samfunnsengasjement som forskingsfelt	41
2.10 Ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement	43
2.10.1 Ikkje-digitalt samfunnsengasjement	44
2.10.2 Digitalt samfunnsengasjement.....	47
2.10.3 Sosial klasse, ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement	51
2.11 Overordna modell for oppgåva.....	55
3.0 Forskingsdesign og metode.....	57
3.1 Metodeval og analysestrategi.....	57
3.2 Datamateriale	58
3.2.1 Fordelar og ulemper med datamaterialet.....	59
3.2.2 Utval.....	60
3.3 Den kvantitative tilnærminga.....	60
3.4 Forventa metode	62
3.4.1 Kva er ei eksplorativ faktoranalyse?.....	63
3.4.2 Multivariat lineær regresjonsanalyse	64
3.5 Presentasjon av variablar	66
3.5.1 Uavhengige variablar	66
3.5.2 Avhengige variablar.....	72
3.8 Oppsummering av funn frå deskriptiv statistikk	78
3.9 Resultat av multivariate lineære regresjonsanalyser	80
3.9.1 Modell 1: ikkje-digitalt samfunnsengasjement	80
3.9.2 Modell 2: digitalt «high-cost» samfunnsengasjement	82
3.9.3 Modell 3: digitalt «low-cost» samfunnsengasjement	84
4.0 Analyse og diskusjon av funn	87
4.1 Forklarar sosial klasse mønster og variasjonar av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom?.....	88
4.1.1 Sosial klasse og ikkje-digitalt samfunnsengasjement.....	88
4.1.2 Sosial klasse og digitalt «high-cost» samfunnsengasjement.....	90

4.1.3 Sosial klasse og digitalt «low-cost» samfunnsengasjement.....	92
4.2 Samvarierer ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement?	94
4.3 Korleis er sosial klasse, ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement kopla saman?	97
5.0 Avslutning.....	101
6.0 Litteraturliste.....	103

Tabelloversikt

Tabell 1.0- klassemessige- og kulturelle skilnader.....	26
Tabell 2.0- eksplorativ faktoranalyse for ikkje-digitalt samfunnsengasjement.....	73
Tabell 3.0- eksplorativ faktoranalyse for digitalt samfunnsengasjement.....	75
Tabell 4.0- korrelasjonar, gjennomsnitt og standardavvik for uavhengige variablar.	78
Tabell 5.0- regresjonsanalyse for ikkje-digitalt samfunnsengasjement.	80
Tabell 6.0- regresjonsanalyse for digitalt «high-cost» samfunnsengasjement.	82
Tabell 7.0- regresjonsanalyse for digitalt «low-cost» samfunnsengasjement.	84

Figuroversikt

Figur 1.0- overordna modell for oppgåva.....	55
Figur 2.0- bøker.....	68
Figur 3.0- utdanningsnivå mor.....	69
Figur 4.0- utdanningsnivå far.....	70
Figur 5.0- alder.....	71
Figur 6.0- kjønn.....	72
Figur 7.0- samanlikning av gjennomsnitt for dei tre avhengige variablane.	96

Forord

Denne oppgåva markerer fem fullførte år som sosiologistudent ved Universitetet i Bergen, og i den anledning er det fleire personar som fortentar delar av æra. Eg vil fyrst og fremst takke rettleiaren min Jan Skrobanek for tilgang til eit spennande datamateriale og all hjelp gjennomgåande i prosessen. Vidare vil eg også rette ein takk til Michal Kozak for all hjelp i høve metode-relaterte problem, der hans ninja-ferdigheiter i statistikk og Stata har vore gull verdt! Også mine medstudentar fortentar ein stor takk for fine år, gode råd og altfor lange pausar på lunsjrommet på Sofie Lindstrøms hus. Familie, nære vener og Mark fortentar også ein stor takk for støtte, oppmuntrande ord og omsorg når klagestormen har stått på som verst, og oppgåva har verka uoverkommeleg.

Med omsyn til det vi no i 2020 er vitne til i USA, Yemen og andre stadar i verda, syner både historisk vedvarande og nyare hendingar viktigheita av samfunnsengasjement når urett rammar – både i ikkje-digital og digital forstand. Det å forske på tematikken og stadig avdekke og informere om nye aspekt ved samfunnsengasjement, er ein vital del av eit ynskje om ei betre verd. Forordet vert difor avslutta med eit sitat av Nelson Mandela frå ein tale han gav i 1990 ved Madison Park High School i Boston, USA (Oxford University Press), som understrekar viktigheita av nettopp dette; «*education is the most powerful weapon we can use to change the world*».

Samandrag

Det overordna målet til denne oppgåva har vore å undersøke sosial klasse sin påverknad på utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom, og vidare undersøke korleis desse ulike dimensjonane er kopla saman. For å undersøke dette har det vorte nytta ei kvantitativ tilnærming, i form av tre separate multivariate lineære regresjonsanalysar. Når det gjeld klasse- og individualiseringsdebatten, har debatten vore prega av to svært ulike ytterpunkt; sosial klasse si vedvarande rolle som organiserande struktur og klasseomgrepets død. Også i høve samfunnsengasjement har forskinga vore prega av ein trend med søkkande samfunnsengasjement blant ungdom, ofte knytt til digitalisering, individualisering og globalisering.

Utgangspunktet er sosial klasse i forstand av Pierre Bourdieu, der konseptane om økonomisk og kulturell kapital også utgjer ein vesentleg del av den endelege forståinga nytta i denne oppgåva. Dette har vore viktige aspekt å inkludere, ettersom ulike samansetjingar av økonomisk og kulturell kapital vil kunne fungere som indikatorar knytt til klasseskilnader, som då vidare vil kunne avgjere moglegheiter og handlingsrom i høve samfunnsengasjement blant ungdom. Vidare er samfunnsengasjement noko som står som eit omfattande og komplekst omgrep, der ulike forståingar av spesifikke aktivitetar, nivå og arenaer vil avgjere korleis det vert forstått og kjem til uttrykk. På bakgrunn av dette vart det difor i denne oppgåva skild ut i tre separate dimensjonar; *ikkje-digitalt samfunnsengasjement*, *digitalt «high-cost» samfunnsengasjement* og *digitalt «low-cost» samfunnsengasjement*.

Føremålet med oppgåva var difor å undersøke korleis sosial klasse og ulike samansetjingar av økonomisk og kulturell kapital fungerte som viktige føresetnader for utviklinga av ulike typar samfunnsengasjement blant ungdom, og vidare korleis dette er dimensjonar som må bli sett i lys av kvarandre. Ambisjonen var difor å nyansere konseptualiseringa av samfunnsengasjement som sosialt fenomen med utgangspunkt i sosial klasse, økonomisk og kulturell kapital, og på den måten få betre innsikt i sentrale drivkrefter bak utviklinga av samfunnsengasjement blant ungdom. Den overordna problemstillinga for oppgåva er; *kva rolle spelar sosial klasse i høve utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom og korleis er dei ulike dimensjonane kopla saman?* For å belyse problemstillinga har det vorte nytta eit sveitsisk datasett frå 2012, med temaet *«informal and formal engagement of young people»*. Det teoretiske rammeverket for oppgåva baserer seg på

relevant sosiologisk forskning, og består av både eldre og nyare bidrag. Dette vert nytta for å underbygge, nyansere og syne til utviklinga i høve forskinga på tematikken.

Funna i oppgåva syner til at det er fleire sentrale føresetnader knytt til sosial klasse, økonomisk kapital, kulturell kapital og sosio-demografiske faktorar som påverkar type og grad av samfunnsengasjement blant ungdom. Funna har også identifisert viktige skilnader og likskapar knytt til dei tre ulike formene for samfunnsengasjement. Eit gjennomgåande funn i høve påverknad på dei tre typene samfunnsengasjement er spesielt kopla til kjønn. Mannlege ungdommar har eit signifikant større sannsyn for å inneha både ikkje-digitalt, digitalt «high-cost» og digitalt «low-cost» samfunnsengasjement. Meir sentralt peika fleire av funna på at nettopp sosial klasse, økonomisk og kulturell kapital i stor grad påverka ulike typar av samfunnsengasjement blant ungdom.

Talet på ord i oppgåva: 35 040 ord (eksklusiv forord, samandrag, innhaldsliste, tabell- og figuroversikt og litteraturliste).

1.0 Innleiing

1.1 Tema og føremål

Dette studiet vil belyse koplinga mellom sosial klasse og tre former for samfunnsengasjement blant ungdommar; *ikkje-digitalt samfunnsengasjement*, *digitalt «high-cost»* og *digitalt «low-cost» samfunnsengasjement*. Ein vil på denne måten kunne gå i djupna på korleis ungdommar utviser samfunnsengasjement som konsept gjennom deira varierende ikkje-digitale og digitale praksisar, og følgjeleg korleis sosial klasse i forstand av Pierre Bourdieu påverkar deira samfunnsengasjement. Frå lokale demonstrasjonar til globale sosiale rørsler, indikerer begge nivå at ikkje-digitalt samfunnsengasjement framleis er eit levande konsept blant ungdom. I tillegg står «hashtaggar» eller «emneknaggar» som til dømes #BlackLivesMatter og #MeToo attende som digitale avtrykk av sosiale rørsler og verdsomspennande samfunnsengasjement, som for alvor har fått nedslagskraft både på lokalnivå og i eit større globalt perspektiv.

Malala Yousafazi var for mange ei av dei fyrste som stod fram som eit modig døme på ungdomsaktivisme, då ho i 2009 under eit pseudonym skreiv dagbok-liknande bloggpostar for BBC si Urdu-utgåve om tilvære i Pakistan under Taliban-styret. Hennar kritiske merknader førte til at Taliban i 2012 angreip skulebussen hennar og påførte ho livstruande skotskadar. Etter drapsforsøket vart Malala for alvor ei leiande stemme for jenters og kvinners rett til skulegang, og då spesielt i utviklingsland. Dette engasjementet vart utgangspunktet for organisasjonen hennar «*Malala Fund*», der kampsaken om jenters og kvinners rett til skulegang stadig er uendra. I 2014 vart ho tildelt Nobels Fredspris for hennar viktige arbeid, og skreiv seg dermed inn i historiebøkene som den yngste Nobelpris-vinnaren nokon sinne (Malala Fund).

Også den svenske klima- og miljøaktivisten Greta Thunberg har vorte ein sentral figur verda over, der ho gjennom ein direkte retorikk har oppmoda til og sjølv stått i fronten for skulestreikar for klimaet, kjend som «*The Fridays for Future Movement*¹». På same måte som Malala, har Thunberg vorte anerkjend for sitt brennande samfunnsengasjement. I 2019 vart ho

¹ «*Fridays for Future or FFF, is a global movement that began august 2018, when 15-year-old Greta Thunberg and other young activists began a school strike for climate. Her actions sparked an international awakening, with fellow students and activists uniting around the world to protest outside their local parliaments and city halls. Along with other groups across the world, Fridays for Future is a part of a hopeful new wave of change*» (fridaysforfuture.org, 2020).

både nominert til Nobels Fredspris og kåra til «årets person» av Time Magazine, som den yngste i historia. Det kjende sitatet «*how dare you*» hadde opphav i ein tale ho gav under FN sitt ekstraordinære klimatoppmøte i New York i 2019, og var adressert til verdsleiarar og det ho ser på som eit manglande engasjement kring klimaendringar (Alter, Haynes og Worland, 2019). Denne talen og skulestreikane Thunberg står i fronten for, vart viktige drivkrefter bak den største globale klimastreiken nokon sinne, der den internasjonale klimaorganisasjonen 350² rapporterte om at det verda over vart mobilisert 7,6 millionar demonstrantar i perioden 20.-27.september 2019. Den same organisasjonen rapporterte også om at det som moglegvis er den største, einskilde klimastreiken i verdshistoria fann stad nettopp den 20.september, med over 4 millionar demonstrantar verda over (350.org, 2019a og 2019b). Malala og Thunberg er berre to døme på ungdomsaktivistar som kan samanliknast til ein viss grad, trass i geografiske og sosio-politiske skilnader i deira respektive land. Ei hypotese er at det eksisterer nokre fellestrekk ved dei ungdommane som er mest aktive, der oppgåva vil undersøke om sosial klasse spelar ei rolle i høve kva type og grad av samfunnsengasjement som vert utvikla.

Samfunnsengasjement kan kome i mange former, og for ungdommar kan både tradisjonelle organisasjonar, sosiale media og sosiale nettverk fungere som viktige talerør for saker dei verkeleg bryr seg om. I ei stadig meir globalisert verd eksisterer det organisasjonar som alle har klare utfordringar og problemstillingar dei kjempar mot – både på lokalt og globalt nivå. Sosiale media og sosiale nettverk har også i stor grad endra spelereglane for korleis ungdommar engasjerer seg, både i positiv og negativ forstand. Manuel Castells (2012) har til dømes undersøkt ulike sosiale rørsler med omsyn til internett si rolle i boka «*Networks of Outrage and Hope: Social Movements in the Internet Age*». Her drøfta han dei sosiale, kulturelle og politiske røtene til nye protestar og rørsler, som til dømes revolusjonen i Tunisia, den egyptiske revolusjonen og *indignadas*-rørsla i Spania. Han undersøkte deira innovative former for sjølv-organisering og rolla teknologi spelar for dynamikken i sjølve rørslene, som vidare induserer politisk endring. Trass i viktige skilnader, er det likevel noko dei alle har til felles; at dei er uløyeleg kopla saman med etableringa av autonome kommunikasjonsnettverk støtta av internett og trådløs kommunikasjon (Castells, 2012).

FN feirar den 12.august kvart år «*International Youth Day*», der dei ved 2019-feiringa gjorde eit poeng ut av at ungdommar mellom 10-24 år på tidspunktet utgjorde kring 1,8 milliardar av

² “*We're an international movement of ordinary people working to end the age of fossil fuels and build a world of community-led renewable energy for all*” (350.org, 2019a).

verdas samla populasjon. Denne massive andelen utgjorde også den største ungdomspopulasjonen i menneskeheita sin historie (United Nations, 2019). Ved å undersøke kva rolle sosial klasse har i høve utviklinga av ungdommars samfunnsengasjement både i ikkje-digital og digital forstand og vidare sjå på korleis desse ulike dimensjonane er kopla saman, kan ein potensielt utvide konseptualiseringa av samfunnsengasjement som sosialt fenomen. Vidare kan ein også få ei betre forståing for drivkreftene bak dette fenomenet blant ungdommar. Gjennom å inkludere klasse- og individualiseringsdebatten vil dette også belyse effektane det har på ungdomskulturar og ulike former for samfunnsengasjement, då koplinga mellom sosial klasse, ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom i liten grad har vorte belyst tidlegare.

1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål

Den overordna problemstillinga for dette studiet er; *kva rolle spelar sosial klasse i høve utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom og korleis er dei ulike dimensjonane kopla saman?*

For å kunne svare på problemstillinga oppgåva reiser, har eg utvikla to sentrale forskingsspørsmål:

1. Kan sosial klasse (i forstand av Pierre Bourdieu) forklare mønster og variasjonar av ikkje-digitalt og digitalt engasjement blant ungdom?
2. På kva måte samvarierer ikkje-digitalt samfunnsengasjement med digitalt samfunnsengasjement blant ungdom?

1.3 Oppbygging av oppgåva

Kapittel 1 tek som oppgåva så langt har synt, for seg tematikken og problemstillinga den har som mål å svare på. Kapittelet inkluderer også forskingsspørsmåla skissert over som vil fungere som rettesnorer for oppgåva vidare.

I kapittel 2 vil tidlegare forskning og den teoretiske forankringa bli gjort greie for. Her vil tema som sosial klasse i forstand av Pierre Bourdieu og koplinga mellom sosial klasse, samfunnsengasjement og ungdom diskutert av «*Centre for Contemporary Cultural Studies*» bli presentert og diskutert. Samfunnsengasjement som sosialt fenomen vil også bli presentert og drøfta, der eit viktig skilje vil bli gjort mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement. Vidare vil også digitalt samfunnsengasjement bli skild ut i ytterlegare to dimensjonar; digitalt «high-cost» og «low-cost» samfunnsengasjement. Basert på den teoretiske diskusjonen og det empiriske datagrunnlaget, vil det i siste skritt også bli utvikla ein testbar, overordna modell for oppgåva.

I kapittel 3 vil oppgåva gjere greie for forskingsdesign og metoden som vil bli nytta. Her vil det bli gjeve ei klargjering av valet om å nytte ei kvantitativ tilnærming og analysestrategi, og følgeleg dei metodiske vala som har vorte tatt undervegs. Ein viktig presisering å gjere allereie her, er at datasettet som vert nytta stammar frå eit studie av sveitsisk ungdom – eit val som blir gjort greie for seinare. Dette kapittelet vil inkludere ein gjennomgang av eksplorativ faktoranalyse og multivariat lineær regresjon som metodar, presentasjonar av variablar og ein diskusjon av deskriptive funn og resultat frå dei multivariate lineære analysane.

I kapittel 4 vil oppgåva knyte saman dei empiriske funna med det overordna teoretiske rammeverket for oppgåva. Kapittelet vil difor ta for seg analytiske refleksjonar og diskusjonar av empiriske funn i lys av teori, forskingsspørsmåla og den overordna problemstillinga.

Kapittel 5 vil bestå av ein avsluttande diskusjon av oppgåva i sin heilheit og forslag til vidare forskning på feltet.

2.0 Teoretisk forankring

I det teoretiske rammeverket vil det fyrst kort bli gjort greie for to historiske, sosiologiske forståingar av omgrepet sosial klasse, spesifikt knytt til Karl Marx og Max Weber. Pierre Bourdieu si forståing av klasse vil bli nytta som endeleg teoretisk operasjonisering, og som utgangspunkt for å undersøke rolla sosial klasse har i høve ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement. Kapittelet vidare vil ta for seg dei ulike synspunkta som rår i debatten kring relevansen av omgrepet, med både norsk og internasjonal forskning. Her vil spesielt «*Centre for Contemporary Cultural Studies*» (gjerne forkorta til CCCS) stå sentralt, grunna deira kopling av sosial klasse, subkulturar, counter-culture og samfunnsengasjement i ungdommars liv. Vidare er det også eit relevant døme på tidlegare sosiologisk forskning. CCCS og Bourdieu vil vere viktige bidrag å sjå i lys av kvarandre ettersom begge indikerer at kapital skapar ein form for praksis som ein vil sjå seinare i oppgåva. Dei har med andre ord mykje av dei same forståingane, men skil seg frå kvarandre gjennom at CCCS i større grad rettar fokus direkte mot ungdommar. Det vil difor vere fruktbart å la deira bidrag komplettere kvarandre for å best belyse problemstillinga. Dette vil vere viktig for den overordna problemstillinga oppgåva stiller, då sosial klasse kan tenkast å påverke i kva grad ungdommar utviklar samfunnsengasjement både i ikkje-digital og digital forstand, og følgjeleg kva konsekvensar det å kome frå spesifikke klassar får for nettopp denne utviklinga.

Samfunnsengasjement som sosialt fenomen vil også bli belyst og diskutert, der fleire teoretiske bidrag vil gjere greie for ulike typar samfunnsengasjement og forskingsutviklinga i høve fenomenet. Eit viktig skilje mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement vil bli gjort, der digitalt samfunnsengasjement vidare vil bli skild ut i digitalt «high-cost» og digitalt «low-cost» samfunnsengasjement. Dette kapittelet vil dermed bestå av ein gjennomgang av oppgåva sitt teoretiske rammeverk, der ein gjennom å både nytte og peike på tidlegare forskning også syner til relevansen tematikken har med omsyn til både den sosiologiske konteksten og problemstillinga. Avslutningsvis i dette overordna kapittelet vil desse dimensjonane bli sett i lys av kvarandre, før ein testbar, overordna modell vil bli presentert.

2.1 Kva er sosial klasse?

Sosial klasse er eit omgrep som i ein historisk kontekst har vore nytta som moglegvis den mest sentrale forklaringsfaktoren for sosial ulikheit. Sosial klasse er eit omgrep som spesielt i sosiologien har vore knytt til marxistisk teori, der essensen i operasjonaliseringa vert knytt til produksjonsforholda og eigarskap til produksjonsmiddel. Med andre ord ligg fokuset her på motsetnadsforholdet mellom dei to ulike klassane slik Marx såg det – nemleg mellom *borgarskapet* og *proletariatet*. Denne historiske klassekampen vart skildra i ein av verdas mest leste og diskuterte bøker; «*Det kommunistiske manifest*» (Marx og Engels, 1848). Marx si forståing av omgrepet er difor utelukkande fokusert på den økonomiske sfære, der interessene til dei to klassane han skildra stod i klar motsetnad til kvarandre.

Andre klassiske sosiologar som til dømes Max Weber, la i større grad vekt på klasse knytt til posisjon på arbeidsmarknaden, livssjansar og følgjeleg aktørars *agency*. Weber utfordra dermed Marx si oppfatning av sjølv naturen til klasse då Weber meinte samfunnsmessige konflikhtar hadde utspring i fleire ulike sfærar av samfunnet, og ikkje utelukkande den økonomiske slik Marx såg det (Buris, 1987: 68). Dette kontrasterande synet kom spesielt til uttrykk i boka hans «*Økonomi og Samfunn*» som vart gjeven ut etter hans død, og står attende som ein av dei mest innverknadsrike publikasjonane hans (Weber, 1921). Weber hadde dermed ei meir kompleks forståing av sosial klasse, meint som eit alternativ og ein kritikk av Marx sin historiske deterministisme med utgangspunkt i klassekonflikt.

Med omsyn til den teoretiske diskusjonen og den vidare analysen, er det viktig å klargjere skilnadane mellom *sosial klasse* og *sosial status*. Begge er omgrep som i faglitteraturen både har vorte nytta om ein annan, men også som to distinkte omgrep og konsept for ulike dimensjonar. Artikkelen som vil bli nytta for denne klargjeringa er av Carmi Schooler, og er basert på eit sett av definisjonar av systematisk samankopla omgrep direkte utvikla frå sosiologen Robert Merton (Schooler, 2013).

Omgrepet «*sosial klasse*» vert som nemnd over, ofte nytta som eit synonym til «*sosial status*». Dei fleste sosiologar som arbeider med stratifisering skil derimot mellom desse, og reserverer bruken av sosial klasse til å omhandle typane av samfunnsinndeling i tråd med marxistisk teori (Schooler, 2013). Omgrepet «*status*» derimot, syner til ein posisjon i eit sosialt system okkupert av spesifikke aktørar (det vil seie enkeltpersonar eller sosiale

organisasjonar) som består av eit sett med rollar som definerer dei forventede mønstre av dei innbyrdes relasjonane med dei relaterte statusane for monopolisten (Schooler, 2013). Status kan bli rangert hierarkisk med omsyn til dei samankopla konseptane om (1) *prestisje*, (2) *ulik fordeling av relativt knappe sosiale ressursar og ulik tilgang til desse*, og (3) *makt, her forstått som evna til å få andre til å oppfylle sine eigne mål*. Når status vert vurdert med eit slikt hierarkisk perspektiv, vert det gjerne referert til som *sosial status* (Schooler, 2013).

Eit ytterlegare skilje mellom den formelle bruken av «*sosial klasse*» og «*sosial status*», er at fyrstnemnde er kategorisk medan den sistnemnde er lineær. I høve dei fleste formelle, sosiologiske bruksområde er følgeleg eigenskapane som utgjer ein klasse kategoriske (til dømes det å kontrollere andre si arbeidskraft), og vert ikkje målt gjennom poeng langs eit lineært kontinuum – som til dømes årleg inntekt eller år med utdanning (Schooler, 2013). Meir generelt vert sosial klasse ofte sett på som ein ordna, kategorisk variabel med eit avgrensa tal på klassar (ofte fem), der ein del av definisjonen baserer seg på klassens forhold til andre klassar. Sosial status er derimot generelt meir endeleg gradert, essensielt ein lineær variabel med mange moglege utfall. Dette skiljet må også sjåast i lys av andre, tilknytte omgrep. «*Sosial struktur*» er relasjonane mellom eit sett av individuelle og organisatoriske statusar, som definert av arten av deira samankopla rollar. «*Kultur*» er eit historisk bestemt sett med denotativ (kva som er), normativ (kva som burde vere), og stilistisk (korleis det er gjort) tru, delt av ei gruppe individ som har gått gjennom ei felles historisk oppleving, og deltek i eit samankopla sett av sosiale strukturar. I ei meir ekspansiv form, kan definisjonen også inkludere institusjonelle, instrumentelle og materielle kroppsleggjingar av denne trua. Schooler avsluttar med å seie at eit «samfunn eller sosio-kulturelt system» er eit sett med personar og sosiale posisjonar som har ein kultur og ein sosial struktur (Schooler, 2013).

Som dette underkapittelet syner, er sosial klasse og sosial status to omgrep som i sosiologien gjer seg til kjenne gjennom to ulike typar målingar; ein kategorisk og ein lineær måling. For denne oppgåva vil det vere fordelaktig å skilje desse omgrepa, der hovudfokuset vidare vil ligge på forståinga av omgrepet sosial klasse i forstand av Pierre Bourdieu. Ved å behandle sosial klasse som eit sjølvstendig omgrep vil det setje rammene for både Bourdieu og CCCS sine forståingar av omgrepet, noko som vil vere avgjerande for å kunne svare på problemstillinga. Før oppgåva vil gå vidare inn på dei mest sentrale teoretiske konseptane hjå Bourdieu, vil den endelege forståing av omgrepet i forstand av nettopp Bourdieu bli presentert.

2.2 Sosial klasse i forstand av Pierre Bourdieu

Definisjonen som vil vere mest fruktbar for føremålet til denne oppgåva vil kome frå Pierre Bourdieu, og det som av mange reknast for å vere eit av dei viktigaste sosiologiske verka gjennom tidene, nemleg «*Distinction: A Social Critique of the Judgement of Taste*» (1984);

Social class is not defined by a property (not even the most dominant one, such as the volume and composition of capital) nor by a collection of properties (of sex, age, social origin, ethnic origin- proportion of blacks and whites, for example, or natives and immigrants- income, education level etc.), nor even by a chain of properties strung out from a fundamental property (position in the relations of production) in a relation of cause and effect, conditioner and conditioned; but by the structure of relations between all the pertinent properties which gives its specific value to each of them and to the effects they exert on practices.³

Gjennom å konstruere klassar så homogene som mogleg slik Bourdieu gjer her, vil det seie at sjølv ved å konstruere klassane og gjennom tolkinga av variasjonane i fordelinga av eigenskapar og praksisar, inkluderer ein bevisst nettverket av sekundære karakteristikkar som er ubevisst manipulerte når klassane er definerte i form av eit enkelt kriterium (Bourdieu, 1984: 106). Dette betyr også at ein må forstå prinsippet om objektive inndelingar, det vil seie inndelingar som er internalisert eller objektifisert i særleine eigenskapar. Dette vert gjort på grunnlag av kva aktørar det er mest sannsynleg at deler seg og kjem saman, og dermed mobiliserer seg sjølv eller blir mobilisert av og for individuell eller kollektiv handling (Bourdieu, 1984: 106).

Valet om å nytte denne definisjonen baserer seg på at det kan tenkast at sosial klasse kan påverke samfunnsengasjement blant ungdom, då definisjonen klart fremjar praksisar som eit sentral aspekt. Den dominerande klasse vert i grove trekk av Bourdieu forstått som dei med høg økonomisk og kulturell kapital, medan den dominerte klasse består av dei med låg total kapital. Det kan difor tenkast at konseptane hans om kapital som vil bli gjort greie for under, kan spele sentrale rollar i høve både type samfunnsengasjement ungdommar utviklar, men også korleis dette samfunnsengasjementet kjem til uttrykk. Vidare vil det no difor fylgje ein

³ Bourdieu, 1984: 106.

gjennomgang av dei mest sentrale konseptane i Bourdieu sitt teoretiske utgangspunkt, som vil vere viktig for forståinga hans av omgrepet sosial klasse.

2.3 Sentrale konsept i Bourdieu sitt teoretiske utgangspunkt

For å forstå Bourdieu si komplekse forståing av klasse, må ein ta for seg nokre av dei mest sentrale konseptane i hans teoretiske utgangspunkt. Primærkjeldene vil vere «*Distinksjonen*» der den engelske omsetjinga av Richard Nice frå 1984 (referert til over) vil bli nytta, i tillegg til det sosiologiske essayet «*The Forms of Capital*» frå 1986. I «*Distinksjonen*» presenterer Bourdieu analyser basert på ei spørjeundersøking gjennomført i 1963 og 1967-1968. Føremålet med undersøkinga var å avgjere korleis den kultiverte disposisjonen og den kulturelle kompetansen som vart avdekkja i naturen av kulturelle godar konsumert og måten dei vart konsumert på, varierte i tråd med aktørars økonomiske og kulturelle kapital og områda dei vart anvendt i (Bourdieu, 1984: 13).

Bourdieu såg på bakgrunn av dette to faktum; på den eine sida såg han den tette koplinga mellom kulturelle praksisar og utdanningskapital (målt ved kvalifikasjonar), i tillegg til sosialt opphav (målt ved fedrars yrke); og på den andre sida, det faktum at på tilsvarende nivå av utdanningskapital, auka påverknaden sosialt opphav hadde på praksis- og preferanseforklarande system når ein bevegde seg vekk frå dei mest legitimerede områda av kultur (Bourdieu, 1984: 13). Han identifiserte dermed at komposisjonen av økonomisk kapital på eine sida og kulturell kapital på den andre sida, samsvarte med smak, livsstilpreferansar og praksisar (Bourdieu, 1984: 173-176).

Dei fire avgjerande konseptane hjå Bourdieu er *kapital*, *habitus*, *felt* og *symbolsk makt*. For å svare på problemstillinga vil det mest sentrale konseptet frå Bourdieu si teoretiske forståing vere kapitalomgrepa hans, og då spesielt økonomisk og kulturell kapital. Årsaka bak denne avgrensinga er at Bourdieu antek at desse kapitalformene spelar ei sentral rolle for å forklare og forstå menneskelege kvardagspraksisar og aktørars plassering i sosiale rom. Som Bourdieu skriv, består den sosiale verda av akkumulert historie, og dersom den ikkje skal reduserast til ein diskontinuerleg serie bestående av augeblikkelege, mekaniske stabilitetar mellom aktørar behandla som utskiftbare partiklar, må ein re-introdusere konseptet om kapital, og med det, også akkumuleringa og effektane dei har (Bourdieu, 1986: 241).

Habitus er eit komplekst omgrep og vil grunna oppgåva sitt avgrensa omfang ikkje bli gjort greie for i detalj. Det vil likevel kort bli definert, då det er ein viktig komponent i Bourdieu sitt teoretiske utgangspunkt. Omgrepet vert av Bourdieu forstått som eit system av disposisjonar knytt til ulike aktørar, klassar og klassefraksjonar, der desse disposisjonane blant anna inkluderer smak, ei kjensle av sjølvvet, haldningar og ferdigheiter (Bourdieu, 1984: 6). I «*Distinksjonen*» introduserte Bourdieu (1984: 170) ein formel som synleggjer korleis desse komponentane må sjåast i lys av kvarandre; «*[(habitus) (kapital)] + felt = praksis*». *Habitus* kan i konteksten av denne oppgåva difor argumenterast for at fungerer som eit formande og formidlande ledd mellom handlingar og strukturar for aktørar, knytt til det sosiale rommet dei oppheld seg i (Bourdieu, 1984: 170).

Eit anna aspekt knytt til *habitus* er skiljet mellom livsstil og praksisar. *Livsstil* vert forstått som eit klassifisert og klassifiserande teiknsystem for ein aktør eller ei gruppe aktørar, og baserer seg på ei delt forståing av kva som vert oppfatta som «utmerka» eller «vulgært» til dømes (Bourdieu, 1984: 171-172). Dette dannar vidare grunnlaget for omgrepet *praksis*, som då blir dei konkrete handlingane som vert gjennomført og uttrykker aktørars kjensle av kvar dei høyrer heime i det sosiale rom (Bourdieu, 1984: 101). For denne oppgåva vil praksisomgrepet stå i fokus, grunna problemstillinga si formulering. Vidare vil økonomisk og kulturell kapital bli gjort greie for, då dette er viktige omgrep både i hans teoretiske utgangspunkt og for den overordna problemstillinga.

Kapital er i fylgje Bourdieu akkumulert arbeid (i si materielle form eller i si inkorporerte, kroppslege form), som når dei vert nytta på privat, dvs. eksklusivt grunnlag av aktørar eller grupper av aktørar, gjer det mogleg å appropriere sosial energi i form av tingleggjort eller fysisk arbeid. Det er *vis insita*, ei kraft som er innskrive i objektive eller subjektive strukturar, men det er også *lex insita*, prinsippet som ligg til grunn for den ibuande regelmessigheita til den sosiale verda (Bourdieu, 1986: 241).

Avhengig av kva *felt*⁴ det opptrer i, og på kostnad av transformasjonane som fungerer som føresetnad for effektiviteten i det aktuelle feltet, kan kapital presentere seg i tre grunnleggjande

⁴ *Felt* kan bli definert som eit system eller eit rom der aktørar og deira sosiale komposisjonar er underlagt spesifikke reglar. Aktørars makt og sosiale rang vil vere avhengig av den konkrete kapitalen dei er i stand til å mobilisere som rår i det konkrete feltet. Akademisk kapital kan til dømes vere den viktigaste forma for kapital i eit felt, medan økonomisk kapital kan vere den viktigaste i eit anna (Bourdieu, 1984: 113).

former; som *økonomisk kapital*, *kulturell kapital* og *sosial kapital*. Den fyrste forma er *økonomisk kapital*, som er direkte konvertibelt til pengar og kan til dømes bli institusjonalisert i form av eigedom. Den andre forma er *kulturell kapital*, som kan konverterast til økonomisk kapital og institusjonaliserast i form av utdanningskvalifikasjonar. Den tredje og siste forma for kapital er *sosial kapital*, som er samansett av sosiale forbindelsar, og som under spesifikke vilkår også kan konverterast til økonomisk kapital og institusjonaliserast i form av det Bourdieu refererer til som «*a title of nobility*» (Bourdieu, 1986: 243). Oppgåva vil i det påfølgjande vektlegge økonomisk og kulturell kapital.

2.3.1 Økonomisk kapital

Økonomisk kapital kan i fylgje Bourdieu fungere som utgangspunkt for alle former for kapital, men berre på kostnad av ulike transformasjonar (Bourdieu, 1986: 252). Som nemnd over, vert økonomisk kapital definert som direkte konvertibelt til pengar og omfattar alle former for økonomiske ressursar som kan investerast i form av eigedom til dømes (Bourdieu, 1986: 243). Det vert samstundes hevda at den økonomiske kapitalen er rota til dei andre typane kapital, men at dei berre kan produsere deira mest spesifikke effektar i den grad dei skjuler (og då ikkje minst frå beraren sin) det faktum at økonomisk kapital er fundamentet i deira eksistens (Bourdieu, 1986: 252).

2.3.2 Kulturell kapital

Kulturell kapital kan eksistere i tre ulike former; i *kroppsleggjort* tilstand, det vil seie i form av langvarige disposisjonar av sinnet og kroppen; i *objektivert* tilstand, i form av kulturelle godar som bilete, bøker, instrument og maskiner; og i ein *institusjonalisert* tilstand, ei form for objektivisering som må skiljast frå resten, ettersom det gjev heilt originale eigenskapar til kulturell kapital som det vert antatt å garantere (Bourdieu, 1986: 243). Kulturell kapital stod fram som ei teoretisk hypotese under Bourdieu si forsking som gjorde det mogleg å forklare utdanningsrelaterte prestasjonar for born frå ulike sosiale klassar, ved å relatere akademisk suksess til fordelinga av kulturell kapital mellom klassar og klassefraksjonar (Bourdieu, 1986: 243).

Dei fleste eigenskapane til kulturell kapital kan trekkast frå det faktum at det i si grunnleggande form er kopla til kroppen og føreset dermed *kroppsleggjering*. Akkumuleringa av kulturell kapital i den kroppslege forma, føreset ein prosess av kroppsleggjering og

inkorporering som impliserer arbeid i form av innprenting og assimilering, og krev tid investoren personleg må investere (Bourdieu, 1986: 244). Kulturell kapital kan bli erverva i varierende grad avhengig av periode, samfunn og sosial klasse, i fråveret av ein kvar bevisst innprenting, og er dermed relativt ubevisst i si form. Det held fram med å vere prega av dei tidlegaste føresetnadane for anskaffing, som gjennom dei meir eller mindre synlege avtrykka dei etterlet seg (til dømes uttale som er karakteristisk for ein sosial klasse), bidreg til å avgjere den særleine verdien (Bourdieu, 1986: 245). Det kan ikkje akkumulereast utover kapasiteten til ein individuell aktør; det avtek og døyr med sin berar i tråd med hans biologiske kapasitet og hukommelse. Eittersom det på mange måtar er kopla til personen i vedkommande sin biologiske singularitet og er gjenstand for arveleg overføring som alltid er forkledd eller usynleg, trassar kulturell kapital det gamle, djupt rotfesta skiljet greske juristar sette mellom arvelege eigenskapar (*ta patrao*) og tileigna eigenskapar (*epikteta*). Det greier dermed å kombinere prestisjen knytt til medfødde eigenskapar med erverva bragder (Bourdieu, 1986: 245).

Eittersom dei sosiale forholda av overføring og tileigning er meir skjulte enn dei for økonomisk kapital, er det disponert for å fungere som symbolsk kapital. Det som er meint med dette kan til dømes vere at det er ugjenkjenneleg som kapital, men anerkjend som legitim kompetanse. Dette kan vere når det anten er snakk om kultur med store kunstkolleksjonar, eller ved sosial velferd gjennom økonomisk sjenerøsitet (Bourdieu, 1986: 245). Vidare vil den spesifikke, symbolske skiljelogikken ved distinksjon sikre materiell og symbolsk profitt for innehavarane av høg kulturell kapital. Ein kvar gjeven kulturell kompetanse (til dømes det å kunne lese i ei verd av analfabetar) avleiar ein knappleiksverdi frå sin posisjon i distribusjonen av kulturell kapital og gjev utmerkingar av distinksjon til innehavaren (Bourdieu, 1986: 245).

Det mest innverknadsrike prinsippet om den symbolske verknaden av kulturell kapital ligg likevel utan tvil i logikken om overføringa. På den eine sida vil prosessen med å tildele objektifisert kulturell kapital og den tida som er nødvendig for at den skal finne stad, i stor grad vere avhengig av den kulturelle kapitalen kroppsleggjort i heile familien (Bourdieu, 1986: 246). På den andre sida vil den opphavlege akkumuleringa av kulturell kapital og føresetnaden for ein rask og enkel akkumulering av alle typar kulturell kapital, starte på byrjinga utan forseinkingar, berre vere gjeldande for born av familiar velsigna med høg kulturell kapital (Bourdieu, 1986: 246). Dette føl av at overføringa av kulturell kapital utan

tvil er den beste skjulte forma for arveleg overføring av kapital, og at den difor får proporsjonalt større vekt i systemet av reproduksjonsstrategiar ettersom dei direkte, synlege formene for overføring tenderer til å vere meir sensurert og kontrollert (Bourdieu, 1986: 246). Det er mogleg å sjå at koplinga mellom økonomisk og kulturell kapital vert etablert gjennom mekling av tida som er nødvendig for erverv, der skilnader i innehavinga av kulturell kapital i familien fyrst og fremst antyder skilnader i alderen der overføring og akkumulering byrjar (Bourdieu, 1986: 246).

Kulturell kapital i *objektivert form* har ei rekke eigenskapar som berre er definert i forhold til kulturell kapital i kroppsleggjort form. Den kulturelle kapitalen som er objektivert i materielle objekt som til dømes bøker, maleri og instrument, er mogleg å overføre (Bourdieu, 1986: 246). Ein samling av maleri kan til dømes overførast på same måte som økonomisk kapital (om ikkje betre, ettersom økonomisk kapital er meir forkledd). Kulturelle godar kan dermed bli appropriert både materielt – noko som føreset økonomisk kapital, men også symbolsk – noko som føreset kulturell kapital (Bourdieu, 1986: 246-247). For å eige maskiner treng ein berre økonomisk kapital; å bruke dei i tråd med spesifikke føremål (definert av kulturell kapital), krev derimot tilgang til kroppsleggjort kulturell kapital, anten personleg eller by proxy (Bourdieu, 1986: 247).

Institusjonaliseringa av kulturell kapital i form av akademiske kvalifikasjonar er ein måte å nøytralisere nokon av eigenskapane det stammar frå, ettersom dei i kroppsleggjort form har nokre av dei same biologiske avgrensingane som beraren (Bourdieu, 1986: 247). Akademisk kvalifikasjon i form av eit sertifikat for kulturell kompetanse gjev innehavaren ein konvensjonell, vedvarande garantert verdi knytt til kultur. Med utgangspunkt i dette, vil sosial alkymi produsere ei form for kulturell kapital som har ein relativ autonomi ovanfor beraren (Bourdieu, 1986: 247-248). Ved å gje institusjonell anerkjenning av den kulturelle kapitalen ein gjeven aktør har, gjer den akademiske kvalifikasjonen det mogleg å samanlikne innehavarar av kvalifikasjonar, men også å utveksle kvalifikasjonar gjennom å erstatte ein kvalifikasjon mot ein annan (Bourdieu, 1986: 248). Ettersom den materielle og symbolske profitten akademisk kvalifikasjon garanterer også er avhengig av statusen som mangelvare, kan investeringane som er gjort vise seg å vere mindre lønsame enn forventa når dei vart gjort. Det har dermed føregått ei *de facto*-endring i konverteringssatsen mellom akademisk kapital og økonomisk kapital (Bourdieu, 1986: 248).

Som denne delen av oppgåva har tatt for seg, er kapitalomgrepa – og då spesielt økonomisk og kulturell kapital – viktige aspekt ved forståinga av sosial klasse som omgrep i konteksten av denne oppgåva, men også for det overordna teoretiske utgangspunktet til Bourdieu. Aktørars samansetjingar av økonomisk og kulturell kapital set ein distinksjon i høve praksisar, noko som vil vere avgjerande for at ein skal kunne belyse problemstillinga. Vidare vil det kunne opne opp for ei djupare forståing av korleis ungdommars samfunnsengasjement vert forma og oppstår, og dermed fange opp fleire av dimensjonane oppgåva byggjer på. Kritiske merknader kring Bourdieu og hans teoretiske utgangspunkt vil no kort bli presentert.

2.4 Kritiske merknader kring Bourdieu

Pierre Bourdieu har vorte kritisert frå fleire hald og på fleire ulike grunnlag. Richard Jenkins har blant anna kritisert Bourdieu for å basere heile grunnideen sin i høve praksis-teori på eit strukturalistisk, deterministisk grunnlag. Dette, hevdar Jenkins får ambisjonen om å fjerne dualismen mellom objektivisme og subjektivisme som Bourdieu set seg føre, til å miste fotfestet grunna nettopp ei slik tilnærming (Jenkins, 1982: 270). Også Dylan Riley har problematisert fleire aspekt ved Bourdieu sin klasse-teori. Han argumenterer blant anna for at Bourdieu sin teori – som hevdar å representere makro-sosiologiske teoriar (*grand theories*) – manglar den sentrale forklaringsambisjonen som teoriane til Marx, Weber og Durkheim blant anna representerte (Riley, 2017: 109). Vidare har Bourdieu også vorte kritisert for at han i for liten grad hadde tatt opp kjønns spesifikke og kjønnsrelaterte makt- og dominansrelasjonar i sine teoriar. Beverly Skeggs (2004) har med omsyn til dette gjort greie for både moglegheiter og avgrensingar i høve Bourdieu sine analyser av kjønn, seksualitet, kjensler og hans teoriar om smak og kultur knytt til nettopp kjønnsforskning (Skeggs, 2004).

Føremålet med denne oppgåva er ikkje ein kritisk gjennomgang av Bourdieu si konseptualisering av sosial klasse. Det å kort nemne noko av kritikken retta mot han vil likevel vere viktig for å vise at teoriane hans ikkje er fritekne frå kritikk. Det vil grunna oppgåva sitt avgrensa omfang ikkje vere mogleg å gå i detalj kring all kritikken som eksisterer. Trass i ankepunkt skissert her, meiner eg at det å nytte Bourdieu sitt teoretiske rammeverk i høve sosial klasse er eit godt utgangspunkt for å svare på problemstillinga då konsept hans kan overførast til tematikken denne oppgåva reiser. Oppgåva vil vidare ta for seg ytterlegare refleksjonar kring klasseomgrepet og individualiseringsdebatten, for å syne korleis academia deler seg med omsyn til nytten av omgrepet.

2.5 Refleksjonar kring klasseomgrepet og individualiseringsdebatten

Spørsmål som oppstår i dagens samfunn er; *kva legg ein eigentleg i klasseomgrepet i dag? Spelar sosial klasse framleis ei rolle i høve praksisar og handlingsrom i kvardagslivet til individ?* Samfunnsforskninga både i Noreg og internasjonalt har vore prega av to nokså motstridande tilnærmingar, der argumenta anten tek utgangspunkt i at klasseomgrepet er utdatert og på hell, eller at omgrepet har kome tilbake for fullt. Fundamentet i debatten i dagens samfunn verkar difor i stor grad å botne i ulike vitskapsteoretiske ståstader, då diskusjonen om relevansen av klasseanalyser for sosiologiske studiar i aukande grad har prega både media-bilete, politikk og forskning. Postdoktor Maren Toft og sosiolog Magne Paalgard Flemmen har i fleire innlegg på www.sosiologen.no diskutert med sosiolog Adrian Farner Rogne, der dei to fyrstnemnde er overtydde om relevansen av klasseomgrepet, medan Rogne saknar ei meir pragmatisk tilnærming til teori og metode (Flemmen og Toft, 2018b; Rogne, 2018, 2019).

Flemmen og Toft (2018a) peikar på fleire globale, samfunnsmessige faktorar for å underbygge argumentasjonen sin om at klasse er på veg tilbake;

Etter å ha vært erklært dødt og «på hell» er klasse kommet tilbake for fullt. Etter vekstperioden i etterkrigstida har ulikhetene økt, særlig ved at de aller rikeste får et større stykke av samfunnskaka.

Samtidig er politiske konfliktlinjer i endring: støtten til høyrepopulisme, Brexit og Trump er tegnestifter i sykkeldekket på etablerte ideer om hvordan klasse virker og hva de forskjellige klassene liksom skal stemme.

I den sammenhengen trengs en nyansert sosiologi om klassestrukturasjonens konkrete form og uttrykk [...].⁵

Sosiolog Roar Hagen er ikkje samd i denne samfunnsdiagnosen, då han i ein kronikk hjå www.morgenbladet.no, kritiserte norske sosiologar for å ikkje stille seg til faktiske forhold når det gjeld debatten kring sosial klasse (Hagen, 2018). Denne kronikken førte vidare til eit motsvar frå tidlegare nemnde sosiolog og forkjempar for relevansen av sosiale klassar, Magne Paalgard Flemmen. Han argumenterer for at forskning peikar på vesentlege classeskilje både

⁵ Flemmen og Toft, 2018a.

her til lands og internasjonalt (Flemmen, 2018). Han peikar blant anna på ei markant auke i økonomiske skilje dei siste tiåra, men også kulturelle og politiske skilje i klassestrukturen, og då spesielt i form av sosiale skilje i livsstil og moralsk-politiske haldningar. Dette underbyggjer han med dette sitatet; «[...] klassebakgrunn – ens foreldres klasse – kaster lange skygger og preger sjansene i livet» (Flemmen, 2018). Dette sitatet kan fungere som ein sterk indikator på korleis nettopp sosial klasse påverkar ungdommars handlingsrom og ikkje minst praksisar.

Hovudtrekka som så langt er identifisert, syner til at sosial klasse ikkje berre kan påverke livsstilpreferansar og livssjansar, men også at økonomiske og kulturelle skilje kan argumenterast for at spelar sentrale rollar. Dette er aspekt som vart definert i gjennomgangen av Pierre Bourdieu sine sentrale konsept i førre kapittel, der ein her vidare ser konturane av koplinga mellom sosial klasse, økonomisk og kulturell kapital, og følgeleg konsekvensane dette kan ha for utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom.

2.5.1 Sosial klasse si verdvarande rolle som organiserande struktur

Internasjonalt har også klassesdebatten florerert, der argument om klasseomgrepets død spesielt er knytt til aukande individualisering. Sosiologane Ulrich Beck og Elisabeth Beck-Gernsheim argumenterer for at vi står i sentrum av ei fundamental endring med omsyn til sjølv naturen til både politikk og samfunnet som heilheit. Denne endringa meiner forfattarane er knytt til to ulike prosessar; *globalisering* og *individualisering* (Beck og Beck-Gernsheim, 2001). Dette fokuset på individualisering kjem særleg fram i dette sitatet; «*Society can no longer look into the mirror and see social classes. The mirror has been smashed and all we have left are the individualized fragments*» (Beck & Willms, 2004: 107, referert i Atkinson, 2007: 354).

Ein som ikkje er samd i diagnosen til Beck om klasse som ein «*zombie kategori*», er Will Atkinson (Atkinson, 2007). I ein artikkel frå 2007 argumenterer han for den stadige relevansen av klasseanalyser gjennom å utfordre det han ser på som manglar og ei feilaktig terminering av klasseomgrepet av Beck. I artikkelen er han spesielt oppteken av to aspekt ved moderniseringsprosessen Beck skildrar;

*The changing logic of distribution from wealth to risk as a product of the side-effects of technological development (developed in Beck, 1992: 19-50; jf. Beck, 1995: 128-57) and, more importantly, the dissolution of large-group categories, such as class, in the wake of an individualization of social inequality produced by the welfare state.*⁶

Det fyrste Atkinson stiller seg kritisk til i høve Beck er korleis ambivalens er eit sentralt tema i arbeidet hans, ofte knytt til kjende sosiologiske kategoriar som ulikheit, sosiale strukturar og samfunnet (sjå Beck og Beck-Gernsheim, 2002: 42-53). Dette ser Atkinson som problematisk då han meiner ambivalens også er til stades i Beck sitt eige arbeid. Fyrst gjennom korleis han gjer greie for kva individualisering faktisk *er*, men også med omsyn til dei direkte konsekvensane Beck hevdar dette har for klasse. Dette underbyggjer Atkinson ved å syne til at Beck fleire stader skisserer dei karakteristiske trekka ved individualisering, for deretter å motseie seg sjølv (Atkinson, 2007: 356). Atkinson meiner ein slik regelmessig inkonsekvens, motseiing og brot på samanheng gjer det vanskeleg å forstå nøyaktig kva individualisering faktisk består av, og at dette til slutt undergrev truverdigeita det har som ei skildring av samtidsprosessar (Atkinson, 2007: 357). Eit anna poeng Atkinson gjer, baserer seg på det han meiner er tvitydigheit når det er snakk om i kva grad klasse vert viska ut i den refleksive moderniteten;

*This is especially apparent in his discussion of the altered logic of distribution, in which he explicitly concedes that some risk will still be distributed along class lines and **strengthen** class society (Beck, 1992: 35); even in the risk society he maintains, «the rule continues to hold that wealth rises to the top while risk sink to the bottom».*⁷

Atkinson stiller då spørsmålet; «*kvifor bruke omgrepet dersom det ikkje har nokon strukturell manifestasjon?*» (Atkinson, 2007: 357). Beck sitt svar på dette er heller ikkje eintydig, då han argumenterer for at mønster av sosial ulikheit har flytta seg ut av klasseparadigmet gjennom å bli distribuert i samsvar med livsfasar snarare enn grupper, samstundes som han innrømmer at «*ingen større endringar i ulikeitars forhold mellom store grupper i samfunnet har funne stad*» (Beck og Beck-Gernsheim, 2002: 205).

⁶ Atkinson, 2007: 351 (utheving lagt til då det i det opphavlege sitatet står i kursiv).

⁷ Beck 1995; 137, referert i Atkinson, 2007: 357 (utheving lagt til då det i det opphavlege sitatet står i kursiv).

Også Beck si forståing av sjølve omgrepet klasse meiner Atkinson er problematisk. Han meiner det ikkje er spesielt tydeleg i Beck sitt arbeid kva som vert antatt å eksistere og kor radikalt det eigentleg er. Det er heller ikkje klart kva Beck meiner faktisk vert erodert i denne prosessen (Atkinson, 2007: 358). Atkinson hevdar Beck dediserer få ord til å beskrive kva klasse faktisk var, og der han gjer det meiner Atkinson at han vaklar mellom definisjonar som passar argumentasjonslina hans (Atkinson, 2007: 358). Atkinson held vidare fram med å kontrastere Beck sitt syn med andre som har snudd ryggen til klasse som fenomen, der han hevdar at Beck verken har ein konsistent eller overtydande oppfatning av kva han antar har «døydd». For Atkinson reiser dette difor spørsmålet om korleis han då kan konkludere med at klasse er ein «zombie» når han ikkje verkar å vere sikker på korleis fenomenet såg ut i si levande form (Atkinson, 2007: 358).

John H. Goldthorpe og Gordon Marshall har også vore sentrale figurar i klasse- og individualiseringsdebatten. Dei argumenterer for at klasseanalyser har ei sentral rolle i høve forholdet mellom klassestruktur, klassemobilitet, klasse-baserte ulikheiter og handlingar (Goldthorpe og Marshall, 1992: 382). Vidare ser dei også at klasseanalyser best vert forstått som knytt til forskingsprogram framfor spesifikke klasseteoriar som til dømes marxistisk teori. Dette fordi ei slik tilnærming i større grad representerer ein spesifikk måte å undersøke samankoplingane som alltid har freista den sosiologiske fantasien; nemleg dei historisk forma makro-sosiale strukturane på den eine sida, med kvardagsopplevingane til individ innan deira sosiale miljø saman med handlingsmønster som føl frå desse opplevingane på den andre. Frå eit analytisk standpunkt har også slike forskingsprogram evna til å nytte definerte omgrep som «*klasseposisjon*», «*klasseopphav*» og «*klasse-mobilitet eller immobilitet*», for å beskrive kva som skjer eller ikkje skjer med individ gjennom ulike fasar av deira sosiale liv og følgjeleg korleis dei responderer (Goldthorpe og Marshall, 1992: 382). Forfattarane set seg dermed føre eit oppdrag om å klargjere sjølve naturen og nytten til klasseanalyser ved å kontrastere den med klasseanalyser frå marxistisk sosiologi, før dei argumenterer for den vedvarande relevansen klasseanalyser har gjennom å undersøke funn frå tre sentrale forskingsområde; *klasse og mobilitet*, *klasse og utdanning* og *klasse og politisk partiskheit* (Goldthorpe og Marshall, 1992: 381, 387-393).

2.5.2 Auka individualisering og klasseomgrepet sin død?

Som skissert over gjennom Atkinson sin diskusjon, står spesielt Beck og Beck-Gernsheim som sentrale figurar i høve argumentet om individualisering og globalisering som sentrale årsaker bak oppløysinga av sosiale klassar som organiserande struktur. I sentrum av individualiseringa i fylgje Beck, er den doble prosessen der individ under føresetnad av den refleksive moderniteten vert distansert frå «*historisk føreskrivne sosiale former og forpliktingar*» (Beck 1992: 128, referert i Atkinson, 2007: 352), inkludert dei knytt til klasse. Desse vert deretter integrert i nye livsformer der individ «*må produsere, iscenesetje og setje saman eigne biografiar*» (Beck, 1997: 95, referert i Atkinson, 2007: 352). Vidare hevdar Beck og Beck-Gernsheim at individualisering ikkje lenger kan bli forstått som ein subjektiv realitet konfrontert med klasseanalyse; «*[...] individualization not only effects the Überbau – ideology, false consciousness – but also the economic Unterbau of 'real classes'....[it] is becoming the social structure of second modern society itself*».⁸

Eit anna bidrag i denne debatten og ein som stiller seg svært kritisk til Goldthorpe og Marshall sine bidrag, er Raymond Edward Pahl. I ein artikkel frå 1993 tek Pahl for seg det han ser på som eit problematisk grunnlag for artikkelen deira referert til i førre kapittel. Han argumenterer for at Goldthorpe og Marshall verkar å søke ein posisjon som frigjer seg frå alle teoretiske debattar, og at deira argumentasjon i for stor grad baserer seg på strenge statistiske og metodologiske krav. Pahl understreker dette med å gjenta eit argument han nytta i ein av sine tidlegare artiklar i høve denne debatten, der han seier han har vanskar med å forstå korleis klasse utan teori kan produsere nyttige, teoretiske bidrag (Pahl, 1993: 256). Han held fram kritikken med å hevde at Goldthorpe og Marshall gjev inntrykket av at dei vil undersøke klasseformasjon gjennom «*systematisk, empirisk forskning*» (Goldthorpe og Marshall, 1992: 338, referert i Pahl, 1993: 257) samstundes som dei unngår å innta ein posisjon i den teoretiske debatten kring klasse. Avslutningsvis set Pahl spørsmålsteikn ved kvifor lesaren skal gå ut ifrå at kategoriane til Goldthorpe og Marshall er noko anna enn proxy-indikatorar då tilnærminga deira har eit klart fråvær av eit tydeleg artikulert teorigrunnlag (Pahl, 1993: 257).

⁸ Beck og Beck-Gernsheim, 2002: xxii; cf. Beck og Willms, 2004: 63, referert i Atkinson, 2007: 353 (utheving lagt til då det i det opphavlege sitatet står i kursiv).

Også bidrag som boka «*The Death of Class*» av forfattarane Jan Pakulski og Malcolm Waters har vore mykje omdiskutert, der forfattarane inntek eit radikalt syn som tittelen på boka syner til. Her argumenterer dei for at fokuset på klasse avleiar merksemd frå andre sentrale og meir moralsk-problematiske ulikheiter, og hevdar dermed at klasse utelukkande er eit historisk fenomen (Pakulski og Waters, 1995). Vidare argumenterer dei også for at ein radikal, teoretisk overhaling er nødvendig, der fyrste steg må vere å kvitte seg med restane av klasseteori og klasse-analyser. Dette sett i lys av det dei ser på som ei naudsynt anerkjening av den strukturelle kompleksiteten som kjenneteiknar samtidas samfunn, pluraliteten og autonomien til maktressursar og vidare mangfaldet av eksisterande maktkonfigurasjonar (Pakulski og Waters, 1995: 45). Kjernen i argumenta deira baserer seg dermed på at klasse er eit historisk fenomen, og at det på mange måtar fungerer som ei «politisk tvangstrøye» som hindrar forskarar frå ei nøyaktig forståing av moderne sosiale, kulturelle og politiske prosessar (Pakulski og Waters, 1995).

2.5.3 Sosial klasse og individualisering: eit synteseforsøk

Klaus Rasborg har i ein artikkel frå 2017 derimot forsøkt å integrere aspekt frå både individualiseringssosiologi og stratifiseringssosiologi, med referansar til både Beck, Beck-Gernsheim, Bauman og Bourdieu (Rasborg, 2017). Ved spørsmålet om individualisering, kan det formulerast som ei tese om at den refleksive risikostyringa til individ i seinmoderniteten skapar nye former for differensiering mellom vinnarar og taparar av «det individualiserande spelet». Med andre ord verkar det plausibelt at menneske i seinmoderniteten har ulike føresetnader for å møte den «*institusjonelle etterspurnaden etter individualisering*», avhengig av deira økonomiske, sosiale og kulturelle kapital (Katznelson, 2004; 72-73; Larsen, 2000: 37, referert i Rasborg, 2017: 239).

Rasborg undersøkte dette i eit studie med utgangspunkt i 38 europeiske og ikkje-europeiske land – altså eit tverrnasjonalt perspektiv (Rasborg, 2017: 239-240). Det mest sentrale funnet var at ungdommars samfunnskunnskap og deira evne til å navigere innanfor dei komplekse og individualiserte velferdsinstitusjonane i det seinmoderne samfunnet («institusjonell individualisering»), i stor grad var avhengig av deira økonomiske (og kulturelle) kapital – altså deira sosio-økonomisk bakgrunn, i tillegg til kulturell (og politisk) kapital i form av foreldra sine samfunnsmessige og politiske interesser (Rasborg, 2017: 241). Rasborg argumenterte dermed for at individ i seinmoderniteten handterer individualisering ulikt,

avhengig av ressursane dei har i form av økonomisk, sosial og kulturell kapital – med klare trekk frå både Beck og Bourdieu sine teoriar (Rasborg, 2017: 231).

Ein kritikk mot den «*differensierte individualiseringa*» Rasborg forsøker å integrere, er at ei polarisering mellom vinnarar og taparar av «det individualiserande spelet» ikkje nødvendigvis uttrykker eit nytt stratifiseringsmønster, men berre speglar eit allereie kjent klassemønster, som til dømes arbeidarklasseungdom versus middelklasseungdom (Rasborg, 2017: 242). Rasborg hevdar ein slik kritikk neglisjerer framveksten av nye former for differensiering (stratifisering) og ulikheit som ikkje utelukkande handlar om økonomisk kapital, men også om sosial og ikkje minst kulturell kapital i det moderne samfunn (Lash, 1994; Savage, 2015; Savage mfl., 2013, referert i Rasborg, 2017: 242). Dette betyr ikkje at gamle klassemønster forsvinn, men heller at dei i aukande grad vert «overlappa» av ei rekke ny-refleksive og kunnskapsbaserte former for differensiering der det totale lagdelingsmønsteret vert meir komplekst (Larsen, 2000; Lash, 1994; Olsen mfl., 2012; Savage, 2015; Savage mfl., 2013, referert i Rasborg, 2017: 242). Individualisering og klasse er dermed ikkje gjensidig utelukkande, men heller samankopla i samtidas samfunn slik Nollmann og Strasser (2007) understrekar;

(...) It is easy to see how individualized beliefs and the constraints of class structure actually cooperate in bringing about a society that appears as highly individualized on the front stage, whereas the back stage still looks much like a class society with fairly strict processes of intergenerational mobility (Nollmann og Strasser, 2007: 95, referert i Rasborg, 2017: 242).

Det individualiserte samfunn kan difor karakteriserast som ein diagnose av eit samfunn der funksjonell differensiering vert meir og meir dominerande i forhold til hierarkisk og segmentert differensiering (jf. Albert mfl., 2013: 3-4; Münch, 2013: 71, referert i Rasborg, 2017: 243). Som Beck påpeikar, dukkar det opp eit risikofylt system som fører til «... *a new division of the labour market (...) between a uniform standard industrial society labour market, and a flexible, plural risk society market for underemployment*» (Beck, 1992 [1986]; 144-145; jf. Standing, 2014, referert i Rasborg, 2017: 243). Det vil seie at det dukkar opp ei ny (horisontal) differensiering i system med lønsarbeid som er kopla til individualisert inklusjon og eksklusjon av individ frå den fleksible arbeidsmarknaden og kan ikkje reduserast til den tradisjonelle, klasse-relaterte (vertikale) differensieringa assosiert med lønsarbeid og

kapital (Beck, 1992 [1986]: 91-92, 137; jf. Larsen, 2000: 69; Olsen mfl., 2012, referert i Rasborg, 2017: 243).

I kontrast med Beck sitt syn derimot, betyr ikkje dette at hierarkiske (vertikale) differensieringar forsvinn, ettersom interne, klassebaserte skilnader framleis eksisterer blant dei som er inkludert på arbeidsmarknaden (jf. Albert mfl., 2013: 3-8; Bourdieu, 1987; Dawson, 2012: 313; Larsen, 2000: 46-49, 69; Levitas, 1996: 6, 18-19; Münch, 2013: 84-86, referert i Rasborg, 2017: 243). Følgjeleg hevdar Rasborg at det tradisjonelle vertikale (ovanfrå og ned) klasseparadigmet ikkje kan seiast å vere forelda slik Beck hevdar, men det må i staden supplerast med eit nytt horisontalt (innanfrå og ut) paradigme som søker å ta tak i inklusjons-og eksklusjonsmekanismane som kjenneteiknar den «prekære» og individualiserte arbeidsmarknaden for samtidas avanserte kapitalisme (Beck, 1992 [1986]: 140-149; jf. Albert mfl., 2013: 3-8; Larsen, 2000: 84-85; Münch, 2013: 71, 84-86; Standing, 2014, referert i Rasborg, 2017: 243).

Som kapitla over har synt til, er klasse-og individualiseringsdebatten omfattande, der deltakarane i debatten verkar å representere svært ulike ytterpunkt. Vidare har spesielt individualisering i stor grad utfordra klasseomgrepet og vore tema for diskusjon blant fleire kjende akademikarar som Ulrich Beck, Elisabeth Beck-Gernsheim og Pierre Bourdieu med fleire. Det overordna føremålet til denne oppgåva er å undersøke i kva grad sosial klasse påverkar utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom, og vidare korleis dei ulike dimensjonane er kopla saman. Ein av hypotesane baserer seg på at sosial klasse er eit relevant aspekt og ein bakenforliggende faktor for korleis ungdom utviklar ulike former for samfunnsengasjement. Det desse delane av oppgåva syner til, er at det eksisterer grunnlag for å hevde at sosial klasse framleis kan vere med på å forklare korleis ungdommar utviklar ulike praksisar, og følgjeleg korleis dette påverkar formasjonen av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement. Ettersom «*Centre for Contemporary Cultural Studies*» har vore sentrale med omsyn til teoribygginga og forskinga i høve koplinga mellom sosial klasse, økonomisk og kulturell kapital og samfunnsengasjement blant ungdom, vil det vidare bli diskutert.

2.6 «Centre for Contemporary Cultural Studies»

«*Centre for Contemporary Cultural Studies*», forkorta til CCCS, fungerte som eit forskingssenter i Storbritannia mellom 1964 og 1988 (Baker, 2007: 1). CCCS representerte eit avgjerande augneblikk i samband med etableringa av det intellektuelle og institusjonelle prosjektet for kulturstudiar, samt ei «kulturell vending» i sosiologi. Hovudfokuset til CCCS var populærkultur utforska gjennom konsepta om ideologi og hegemoni, der deira viktige arbeid introduserte ei banebrytande vinkling i høve ungdomsforskning (Baker, 2007: 1). Årsaka til dette utgangspunktet er at det på mange måtar nettopp var CCCS som for alvor sette sosial klasse, ungdomskultur og samfunnsengasjement i eit samla rammeverk på 1960-talet. Spesielt boka «*Resistance Through Rituals*» redigert av Stuart Hall og Tony Jefferson, vil vere eit viktig bidrag for denne oppgåva då den undersøkte korleis ungdomskultur reagerte på samfunnsmessige og kulturelle endringar i etterkrigstida i Storbritannia (Hall og Jefferson, 1975).

Dette var på mange måtar banebrytande arbeid ettersom sosial klasse i lang tid hadde vore grunnpilaren i sosiologiske analyser av både individ, grupper og samfunnet som heilheit (Webster, 2006: 858). Ein såg dermed tendensar til ei utvikling vekk frå det eindimensjonale fokuset på klasse i Storbritannia mot slutten av det 20. århundre med fleire medverkande faktorar; endringar i yrkesmessige strukturar i form av nedgang i industri og oppsving i service-yrker; ei auke i kvinneleg deltaking på arbeidsmarknaden; auke i konsum grunna betre levevilkår; og betre råd då det stadig vart vanlegare med to inntekter. Også faktorar som ein eksplosiv vekst i media, fritid og eit større mangfald av kulturar både i form av etniske kulturar og ungdomskulturar som til dømes *punks*, *goths* og *skinheads*, utfordra klasse-fokuset i stor grad. Spesielt ungdomskulturane og praksisane som høyrte til utfordra dette fokuset ettersom det fungerte som eit kollektivt motsvar på strukturelle livsvilkår og endringar på den eine sida, og ein trong til autonomi og uavhengigheit frå foreldre på den andre sida. I tillegg utfordra stadig nye sosiale rørsler med hjertesaker som til dømes dyrevelferd, global oppvarming og anti-globalisering også sjølve premisen til klasseanalyser då det i større grad opnar opp for andre, medverkande faktorar (Webster, 2006: 858-859).

I Phil Cohen (1972) si klasseanalyse av arbeidarklasse-samfunnet i East-End i London, plasserte han foreldrekulturen i eit historisk perspektiv og kartla relasjonen mellom subkulturar og undersøkte vidare intra-klasse dynamikken mellom ungdommar og foreldre

(Clarke mfl., 1975: 30). I denne historiske konteksten skildra Cohen påverknaden nyutviklinga og rasjonaliseringa av familien, samfunnet og den lokale økonomien hadde på den tradisjonelle, arbeidarklasse-kulturen. Det som moglegvis er det mest sentrale aspektet ved analysen er måten han erstatta ideen om «*the disappearance of class as a whole*», med eit meir komplekst og differensiert bilete av korleis ulike sektorar og strata av ein sosial klasse vart drive inn i ulike banar basert på deira sosio-økonomiske omstende (Clarke mfl., 1975: 30-31).

Eit viktig poeng å merke seg ved Cohens analyse er korleis han nytta klasse for å klargjere konseptet om subkulturar. Forholdet mellom klassar, opplevinga og responsen til endringar innan klasse-fraksjonar, vart av Cohen sett på som det avgjerande nivået i høve denne klargjeringa. Likevel vart subkulturar sett på som ein spesifikk form for respons med sin eigen meningsstruktur, eller sagt med andre ord; sin eigen «*relative autonomi*» (Clarke mfl., 1975: 35). Den sosiale formasjonen vart ikkje sett på som ei enkelt eining, men som eit nødvendig komplekst, differensiert og antagonistisk «heilskap». Eit avgjerande nivå av endring var måten produksjonen vart re-organisert og modernisert i etterkrigstida, og påverknaden dette hadde på arbeidsdelinga i yrkeskulturar og former for arbeidarklasse-respons (Clarke mfl., 1975: 35). Desse produktive relasjonane danna også basisen for kvardagslivet og sjølv kulturen til klasse, der det blant anna hadde ein avgjerande påverknad på familiestrukturen. Familieidealet fekk no ein middelklasse-karakter der konseptet om kjernefamilien stod sentralt. Arbeidarklasse-familien forsvann ikkje under desse transformerande forholda, men ein såg likevel tendensar til ei endring i familiestrukturen. Det som i sum vart uavklart var den presise posisjonen og rolla til arbeidarklasse-familien innan ein defensiv klassekultur. Det som vart distribuert var konkrete sett med relasjonar, eit kunnskapsnettverk, gjenstandar og opplevingar – altså sjølv fundamentet til klassekultur (Clarke mfl., 1975: 36-37).

Vidare hadde ein på tidspunktet boka til Hall og Jefferson (red.) vart skrive, sidan andre verdskrig sett ei auke i distinkte «ekspressive rørsler» blant middelklasse-ungdom (Clarke mfl., 1975: 57,60). Det mest signifikante aspektet ved denne framveksten var konseptet om *counter-culture*, som igjen har vorte kopla til ein generell radikalisering, politisering og depolitisering av middelklasse-ungdomsstrata. Arbeidarklasse-subkulturar vart gjerne kjenneteikna av klart artikulerte og kollektive strukturar, medan middelklasse counter-cultures gjerne hadde ein meir diffus karakter, var mindre gruppe-orientert og meir individualisert

(Clarke mfl., 1975: 60). Middelklasse counter-culture tok gjerne ei meir openlys ideologisk eller politisk form, og var primært eit særtrekk ved 1960-talet og framover. Hippie-rørsla på slutten av 1960-talet var moglegvis den mest karakteristiske av middelklassens counter-cultures, der deira kulturelle påverknad på ungdomssektoren var enorm (Clarke mfl., 1975: 61). Denne rørsla vart likevel fragmentert og etter kvart også påverka av meir politiske element blant middelklasse-ungdom. På same måte som med arbeidarklasse-subkulturar, måtte rørsleane blant middelklasse-ungdom fyrst plasserast innan dynamikken og motsetnadane i foreldrekulturen. Counter-cultures utøvde blant anna ei viktig oppgåve på vegne av sjølv systemet gjennom å fungere som pionerar for eksperimenteringar med nye sosiale former som førte med seg meir fleksibilitet (Clarke mfl., 1975: 61, 63, 66).

På eit nivå forsøkte middelklassens counter-cultures på same måte som arbeidarklassens subkulturar å jobbe seg gjennom deira underordna karakter, men det eksisterte likevel ein motsetnad ved klassesituasjonen deira. Etersom dei bebudde ein dominerande kultur (sjølv i negativ forstand) var dei strategisk plassert (på ein måte arbeidarklassens subkulturar ikkje var), for å generalisere ein intern motsetnad for samfunnet i sin heilheit (Clarke mfl., 1975: 69). Counter-cultures stamma frå endringar i dei verkelege relasjonane innan deira klasse, og representerte dermed eit brot i den dominerande kulturen. Det er i denne forstanden at middelklassens counter-cultures, som starta frå eit gjeve punkt innanfor den dominerande klassekulturen, vart ei opprivande kraft for heile samfunnet (Clarke mfl., 1975: 69). I same bok introduserte Clarke mfl. ein tabell for å samanlikne klassemessige og kulturelle skilnader blant den tradisjonelle middelklassen, counter-culture og arbeidarklassen (Clarke mfl., 1975: 70). For å gje eit meir oversiktleg bilete over skilnadane dei identifiserte vil oppgåva inkludere tabellen deira (tabell 1.0), før eg vil utdjupe essensen av det tabellen representerer og dermed relevansen dette har for oppgåva.

Traditional Middle Class	Counter-Culture	Working Class
Status	Style	Class
Nuclear family	Commune	Extended family
Career	«Uncareer»/right not to work	Job
Pro-business	Anti-business & union	Pro-union
Home	«Pad»	Home
Residential area	«Enclave»	Neighborhood
Work/leisure	Work-is-play	Work/leisure
Formal representation	«Participation»	Formal democracy
Elitism	«Leaderlessness»	Democracy
Civic/private	Personal-is-the-public	Public/private
Graded public education/private school	«Free school»/de-schooling	Mass public education
Club	«Scene»	Pub
High culture	«Life-is-art»	Mass culture
High fashion	«Boutique»	Chain store
High consumption	Anti-consumption	Mass consumption
Materialist	Anti-materialist	Materialist
Restraint	«Freedom»	Constraint
Sober	Libertarian	Respectable
Adapt to roles	Transcend roles	Negotiate roles
Masculine/(feminine)	Break gender roles	Masculine/(feminine)
Possessive individualism	«Fraternal» individualism	Collective

Tabell 1.0- klassemessige- og kulturelle skilnader. (Clarke mfl., 1975: 70).

Som denne tabellen syner, er det store skilnader mellom den tradisjonelle middelklassen, counter-culture og arbeidarklassen. Noko som skil seg ut, er dei store skilnadane i strukturell påverknad på ungdommar frå ulike klassar, men også spesielt counter-culture og deira motstridande kjenneteikn og verdiar samanlikna med den tradisjonelle middelklassen. Som ein kan sjå i tabellen, tenderer gjerne counter-culture å slå saman og viske ut distinksjonane mellom «nødvendig» og «ledig» tid og aktivitetar. Dette kjem spesielt til syne gjennom deira forsøk på å utforske «alternative institusjonar» andsynes dei sentrale institusjonane til den dominerande kulturen og gjer seg til kjenne gjennom nye livsmønster, former av familieliv og

arbeidsliv (Clarke mfl., 1975: 60). Under stordomstida til counter-culture på 1960-talet danna middelklassens counter-cultures eit «alternativt samfunn», som for alvor gav counter-culture ein institusjonell base (Clarke mfl., 1975: 60). Som Clarke mfl. skriv (1975: 68), har counter-culture vorte fragmentert og diffusert, men likevel ikkje forsvunne. Vidare er inntrenginga av alternative livsstilar og verdier med radikale politiske særtrekk eit vedvarande trekk ved counter-culture. Enkelte tema har likevel møtt politisk motstand, som til dømes narkotika og pornografi. I motsetnad har andre tema ført til nye former for politikk, som blant anna kvinnefrigjering og det som i dag er kjend som LGBTQ+⁹-rettar (Clarke mfl., 1975: 68).

Denne utviklinga kulminerte difor i ei nokså universell omfamning av kultur innan sosiologien som gjorde seg til kjenne gjennom «*den kulturelle vendinga*» (Webster, 2006: 860). Som forskarane Mette Løvgren og Julia Orupabo skriv, har den kulturelle vendinga bidrege til ei ny forståing der maktforhold i samfunnet også omfattar kulturelle og symbolske dimensjonar (Adkins, 2001, referert i Løvgren og Orupabo, 2018: 204). Noko av det mest sentrale ved den kulturelle vendinga er som dei argumenterer for, nettopp det at symbolske grenser både kan produsere og reprodusere ulikheit mellom individ og gruppers livssjansar og materielle føresetnader (Lamont & Molnár, 2002; Vallas, 2001, referert i Løvgren og Orupabo, 2018: 204). Kjernen i deira argument baserer seg på at kultur og økonomi – det symbolske og materielle – ikkje kan bli forstått som uavhengige og åtskilde fenomen, men som ulike aspekt ved dei same fenomena (Acker, 1990; Anthias, 2001a, 2001b, referert i Løvgren og Orupabo, 2018: 204). Den kulturelle vendinga har difor klare liner også til Bourdieu si forståing av sosial klasse og dei tilhøyrande kapitalkonsepta hans som vart gjennomgått tidlegare i oppgåva.

CCCS sitt arbeid er som denne delen av oppgåva har synt til, eit viktig bidrag å inkludere. Dette for å peike på tidlegare forskning på feltet som set det i ein relevant sosiologisk kontekst, men også med omsyn til argumentasjonen ettersom det var her sosial klasse, ungdomskultur og samfunnsengasjement for alvor vart sett i lys av kvarandre. Denne tilnærminga til desse aspekta er essensielt for å kunne belyse dei både kvar for seg, men også i høve koplinga identifisert av CCCS. Ved å inkludere dette vil ein dermed få ei betre forståing for både den historiske utviklinga av korleis ungdommar har reagert på samfunnsmessige endringar, men

⁹ LGBTQ+ er den engelske forkortinga for «*lesbian, gay, bisexual, transgender and queer/questioning +*» (OK2BME, 2020).

også korleis ungdommar utviklar særleine praksisar for både ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement med omsyn til deira sosiale klasse. Problemstillinga for oppgåva er som nemnd; *kva rolle spelar sosial klasse i høve utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom og korleis er dei ulike dimensjonane kopla saman?* Det ein ut i frå denne delen av oppgåva kan konkludere med, er at det kan tenkast at ungdommar frå ulike sosiale klassar har ulike føresetnader, der arbeidarklasse-ungdom møter andre avgrensingar og utfordringar samanlikna med middelklasse-ungdom. Vidare vil oppgåva belyse det mest sentrale ved den overordna post-subkulturdebatten.

2.7 Debatten kring ideen om subkultur og counter-culture

2.7.1 Eit kritisk blick på subkultur og counter-culture

Kring 1970- og tidleg 1980-talet, var sosiologisk argumentasjon i høve forholdet mellom ungdommar, klesstil og musikksmak tett knytt til subkulturell teori utvikla av CCCS (Bennett, 1999: 599). I ein artikkel frå 1999 set Andy Bennett fokus på den aukande mengda kritikk retta mot CCCS og deira teoretiske utgangspunkt. Fleire teoretikarar stilte seg kritiske blant anna til CCCS sin bruk av strukturalistiske tankegods til å beskrive det dei hevda var døme på forbrukarautonomi og kreativitet (Bennett, 1999: 599). Målet med artikkelen til Bennett var difor å undersøke nokre av problema knytt til omgrepet subkultur, og vidare argumentere for at eit alternativt teoretisk rammeverk trong å bli utvikla for å opne opp for dei pluralistiske og skiftande stilane som i aukande grad hadde kjenneteikna ungdomskultur sidan etterkrigstida. Ved å trekke veksel på Maffesoli (1996) sitt konsept om *tribus (tribes)*, argumenterte Bennett for at desse grupperingane som tradisjonelt har vorte teoretisert som samanhengande subkulturar, best vart forstått som ein serie av midlertidige samankomstar kjenneteikna av flytande grenser og svevande medlemskap (Bennett, 1999: 599-600).

Noko av det mest sentrale i kritikken mot CCCS si tilnærming var det sterke fokuset på rolla masseproduksjon hadde i høve arbeidarklasse-motstand. Kjernen i kritikken baserte seg på CCCS sitt fokus på at stil-orientert ungdomskultur var eit unisont kjenneteikn ved arbeidarklasse-ungdom, strategisk designa for å stå imot dei strukturelle endringane som fann stad rundt dei. Dette var problematisk i kritikarane sine auger ettersom ein slik påstand var basert på ei førestilling om at arbeidarklasse-ungdommar med ei ny kjensle av fridom til å velje og vrake mellom ei mengde forbruksvarer, likevel vart drive tilbake til konseptet om at

klasse var ein måte å synleggjere deira kopling til slike varer (Bennett, 1999: 602). Det kunne heller argumenterast for at forbruket som kjenneteikna etterkrigstida gav ungdommar moglegheiter til å bryte med dei tradisjonelle klasse-baserte identitetane, der ei auka kjøpskraft oppmuntra ungdommar til å eksperimentere med nye sjølv-konstruerte former for identitet (Bennett, 1999: 602).

Kritikken retta mot dei problematiske aspekta ved CCCS sitt arbeid, vart i fylgje kritikarane vidare tydeleg med forsøket om å inkludere seinare stilistiske innovasjonar som ikkje utelukkande vart innlemma av arbeidarklasse-ungdom i deira motstandstese. Også CCCS sin mangel på merksemd dedisert til forholdet jenter og unge kvinner hadde til ungdomsbaserte subkulturar vart kritisert (Bennett, 1999: 602). McRobbie og Garber meinte eit slikt fråvær delvis kunne forklarast av strengare foreldrekontroll og regulering knytt til jenters fritid. Vidare førte dette til at jenter fann alternative strategiar samanlikna med gutars subkulturar, og at ein «*Teeny Bopper*»-kultur i staden vart konstruert kring territorium tilgjengeleg for jenter, heimen og soverommet (McRobbie og Garber, 1976: 219, referert i Bennett, 1999:602). McRobbie argumenterte vidare for at subkulturell teori si motvilje til å anerkjenne den heime-fokuserte «teeny bopper»-kulturen baserte seg på ei selektiv partiskheit hjå forskarane sjølve. Også gjennom seinare forskning påpeika McRobbie korleis kvinneleg involvering i ungdomskultur i stor grad har vorte oversett og ignorert, der funna hennar indikerte at jenter og unge kvinner gjennom mote og dans i større grad enn gitar og unge menn nytta stil som ei motstandsform (McRobbie, 1984, 1994, referert i Bennett, 1999: 603).

2.7.2 Motsvar til kritikken mot subkultur og counter-culture

Eit motsvar til kritikken retta mot CCCS kjem blant anna fram i Shane Blackman sin artikkel frå 2005. Han argumenterte for at den postmoderne forståinga av ungdommars subkulturar i stor grad er avhengig av ei deterministisk tolking av CCCS sin posisjon, som han hevdar neglisjerer det teoretiske mangfaldet i CCCS-teoretiseringa som trekkjer på Barthes, Gramsci, Althusser, Levi-Strauss og Lacan (Blackman, 2005: 1). Blackman sin artikkel var meint å undersøke utviklinga av den postmoderne subkulturelle teorien tett knytt til tre sentrale teoretikarar; Weber, Baudrillard og Maffesoli. Han hevda postmodernistar henta ut idear frå desse tenkarane og kombinerte dei for å argumentere mot det som blir skildra som CCCS sin «*teoretiske ortodoksi*», og for å vidare konstruere nye omgrep som «*neo-tribes*» og «*livsstil*» som erstattarar for konseptet om subkultur (Blackman, 2005: 1). Kjernen i Blackman sine

argument baserer seg på det han ser på som postmodernistars motvilje til å fokusere på sosial struktur. Denne motviljen fremja ei individualistisk forståing av det sosiale, noko han ser på som ei svak forståing av gruppekontekst og ungdomskulturelle praksisar – tema som klart stod i sentrum i arbeidet til CCCS. Han meiner dei postmoderne intervensjonane gjev nokre kritiske innsikter, men at deira nye teoretisering manglar substans og kritisk nytte i høve ungdommars sosiale, økonomiske og kulturelle realitetar (Blackman, 2005: 1).

Også ein artikkel av Tracy Shildrick og Robert MacDonald frå 2006 er eit bidrag i høve debatten kring subkulturell teori og post-subkulturelle teoriar. Her argumenterer forfattarane for at det spesifikke fokuset til post-subkulturelle teoriar knytt til ungdomskultur med omsyn til musikk, dans og stil, opphevar meir djuptgåande utforsking av dei kulturelle identitetane og opplevingane til fleirtalet av unge (Shildrick og MacDonald, 2006: 2). På same måte som i Blackman sin artikkel, vert det her argumentert for at slike studiar har ein tendens til å dedisere lite merksemd til viktigheita av sosial lagdeling og ulikheiter i samtida sin ungdomskultur (Shildrick og MacDonald, 2006: 2). Shildrick og MacDonald argumenterer vidare for at kritikken av subkultur bygger på ei delvis tolking av dei teoretiske måla ved CCCS, og at nokre av desse teoretiske og metodologiske påstandane framleis har relevans. Dette argumentet støttar dei med ein gjennomgang av nyare ungdomsforsking som synleggjer den vedvarande rolla sosial lagdeling har på formasjonen av ungdommars fritidsliv og ungdomskulturelle identitetar og praksisar (sjå til dømes MacDonald mfl., 2001; Chatterton og Hollands, 2002; Hollands, 1995, 2002; Nayak, 2003, 2004; Pilkington, 2004; Pilkington og Johnson, 2003; Bosé 2003; Shildrick, 2006, referert i Shildrick og MacDonald, 2006: 2). Avslutningsvis konkluderer dei med at ambisjonen til CCCS om å ikkje berre forstå forholdet mellom kultur og sosial struktur, men også måtane individuelle ungdomsbiografiar utviklar seg ut av dette forholdet, framleis er verdifulle bidrag i høve ungdomssosiologi (Shildrick og MacDonald, 2006: 2).

Kapitla 2.7.1 og 2.7.2 har inkludert kritikken retta mot CCCS, motsvar til denne kritikken og med dette, sentrale hovudtrekk frå den overordna post-subkulturdebatten. Både gjennomgangen av CCCS og den kritiske debatten skissert over, er viktig å inkludere for å nansere utviklinga av forskning på område, og vidare konsekvensane dette har for aspekta som vert fokusert på ved ungdomsforsking. Som utdraga av kritikk retta mot CCCS syner til, baserte mykje av kritikken seg på ei problematisering av sjølve omgrepet «subkultur», men også det overordna strukturalistiske fokuset forskinga deira hadde i høve nytten klesstil hadde

som motstandsfenomen. Ein annan sentral kritikk av CCCS var deira mangel på fokus på jenter og unge kvinners forhold til subkulturar. Vidare har motsvar til denne kritikken blitt synt til, der essensen botnar i ei oppfatning av postmodernistar si motvilje til å fokusere på viktigheita av sosial struktur, sosial lagdeling og ulikheit knytt til ungdomskulturelle praksisar. Gjennom å rette fokus mot slike aspekt, underbyggjer både bidraga til Blackman, Shildrick og MacDonald den vedvarande relevansen CCCS sitt arbeid har for ungdomsforskning. Ein kan med dette dermed trekke liner til at sosial klasse si rolle i ungdomsdebatten framleis er kopla til den generelle klasse-debatten, då mykje at dei same problema eksisterer og kjem til syne i begge høve.

I det følgjande vil oppgåva gjere greie for den historiske utviklinga og diskusjonar kring fenomenet samfunnsengasjement, der eit viktig skilje vil vere mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement. Digitalt samfunnsengasjement vil bli skild ut i ytterlegare to dimensjonar – referert til som digitalt «high-cost» og «low-cost» samfunnsengasjement. Dette er viktig å sjå i lys av det oppgåva så langt har fokusert på, ettersom sjølve problemstillinga reiser spørsmålet om sosial klasse kan påverke utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom.

2.8 Kva er samfunnsengasjement?

2.8.1 Samfunnsengasjement i ein tradisjonell kontekst

Samfunnsengasjement er eit omfattande omgrep der ulike forståingar blant anna vil vere avhengig av historiske, institusjonelle, og kulturelle faktorar. Omgrepet refererer gjerne i daglegtalet til det å vere lidenskapeleg oppteken av ulike samfunnsmessige spørsmål der ein gjennom handlingar tek sikte på å endre offentlege, sosiale problem, og vert ofte sett på som ein hjørnestein i velfungerande demokrati. Likevel er det usemje blant faglitteraturen kring kva spesifikke nivå, arenaer, og aktivitetar omgrepet faktisk skal romme. Når ein forsøker å undersøke samfunnsengasjement som sosialt fenomen, vil ein møte på mangfaldige definisjonar av omgrepet. Ein artikkel frå 2005 av Richard P. Adler og Judy Goggin, er eit av mange akademiske bidrag som syner til kor forskjellig ein kan forstå eit slikt omgrep (Adler og Goggin, 2005). Samfunnsengasjement kan som dei argumenterer for, blant anna definerast på måtar som omfattar heilt konkrete aktivitetar, som til dømes korleis Elisa C. Diller (2001) her definerer «*civic engagement as community service*»;

Civic engagement [is] an individual's duty to embrace the responsibilities of citizenship with the obligation to actively participate, alone or in concert with others, in volunteer service activities that strengthen the local community (Diller, 2001: 21, referert i Adler og Goggin, 2005: 238).

Eit anna døme på ein snever definisjon kan vere korleis Bernie Ronan (2004) fokuserer på politiske og kollektive dimensjonar ved omgrepet, gjennom å referere til dei historiske røtene til omgrepet forstått som «*civic engagement as political involvement*»;

*The Latin word **civis** has found its way into two words in our language, city and citizen. Civic engagement is about rediscovering politics, the life of the polis, the city where men and women speak and act together, as citizens. The word **civic**, when connected to engagement, implies work, work that is done publicly and benefits the public, and is done in concert with others (Ronan, 2004, referert i Adler og Goggin, 2005: 238-239).¹⁰*

Omgrepet kan også referere til vidare og meir inkluderande forståingar av omgrepet, slik blant anna Michael Della Carpini (2003) gjer eit poeng ut av;

Civic engagement is individual and collective actions designed to identify and address issues of public concern. Civic engagement can take many forms, from individual voluntarism to organizational involvement to electoral participation. It can include efforts to directly address an issue, work with others in a community to solve a problem, or interact with the institutions of representative democracy. Civic engagement encompasses a range of specific activities such as working in a soup kitchen, serving on a neighborhood association, writing a letter to an elected official or voting (Carpini, 2003, referert i Adler og Goggin, 2005: 239-240).

I «*Bowling Alone*» nytta også Robert Putnam (2000) omgrepet i ein relativt vid forstand, utan å kome med ein konkret definisjon på kva han meinte omgrepet omfattar. Den næraste

¹⁰ (Uttheving lagt til då det i det opphavlege sitatet står i kursiv).

skildringa av omgrepet kjem til syne gjennom drøftinga hans av «*civic disengagement*», og det han såg på som eit søkkande samfunnsengasjement i det amerikanske samfunn;

Civic disengagement appears to be an equal opportunity affliction. The sharp, steady declines in club meeting, visits with friends, committee service, church attendance, philanthropic generosity, card games, and electoral turnout have hit virtually all sectors of American society over the last several decades and in roughly equal measure (Putnam, 2000: 185, referert i Adler og Goggin, 2005: 239).

Adler og Goggin kjem i artikkelen med eit forslag til korleis samfunnsengasjement kan bli forstått, gjennom å definere det slik; «*civic engagement describes how an active citizen participates in the life of a community in order to improve conditions for others or to help shape the community's future*» (Adler og Goggin, 2005: 241). Ein slik definisjon hevdar Eirik Amnå i ein artikkel frå 2012, er eit steg i riktig retning i høve å fange opp den teoretiske essensen i omgrepet. Han meiner likevel ein slik definisjon framleis snevrar inn fokuset til å omhandle lokale problem, samstundes som det legg for mykje vekt på målbare aktivitetar (Amnå, 2012: 613). Amnå argumenterer for at samfunnsengasjement på eit generelt nivå baserer seg på verdiar, tru, haldningar, følelsar, kunnskap, ferdigheiter og åtferd knytt til forhold utanfor familie og nære venners omgjevnader. Det kan kome til uttrykk gjennom ulike handlingar i den offentlege sfære, marknadssfæren, den sivile sfæren, den personlege sfære, men også i sfæren for den mikro/makro-integrerte livspolitikken (Amnå, 2010; Ødegård og Berglund, 2008; Stolle, Hooghe og Micheletti, 2005, referert i Amnå, 2012: 613). Det gjer seg også delvis gjeldande i sfærane som reflekterer nye sosiale rørslers innovative måtar å stille spørsmålsteikn ved, og transformere konvensjonelle former for politikk og politisk deltaking (Wennerhag, 2010, referert i Amnå, 2012: 613).

Som desse varierte definisjonane syner til, inkluderer samfunnsengasjement fleire dimensjonar og aspekt, der forskjellige individ og grupper vektlegg ulike aspekt ved omgrepet (Adler og Goggin, 2005: 240). Omgrepet er komplekst, og det å lande på ein konkret definisjon som rommar dei mest sentrale aspekta og samstundes gjev eit tilfredsstillande teoretisk utgangspunkt kan vere komplisert. Likevel vil den generelle forståinga av omgrepet samfunnsengasjement ta utgangspunkt i ein typologi utvikla av Joakim Ekman og Erik Amnå. Ved å trekke på tidlegare definisjonar og operasjoniseringar, har dei utvikla ein typologi for

politisk deltaking og samfunnsengasjement som framhevar multidimensjonaliteten til begge konseptta (Ekman og Amnå, 2012: 283).

Typologien set ein klar distinksjon mellom manifestert «politisk deltaking» (inkludert formell politisk oppførsel i tillegg til protestar eller ekstra-parlamentarisk politisk handling), og mindre direkte eller «latente» former for deltaking, som dei konseptualiserer som «samfunnsengasjement» og «sosial involvering». Dei meiner konseptet om latente former for deltaking er heilt nødvendig å inkludere for å forstå nye former for politisk oppførsel og utsiktene for politisk deltaking i ulike land (Ekman og Amnå, 2012: 283).

Samfunnsengasjement referer som nemnd ofte til aktivitetar frå vanlege innbyggjarar med mål om å påverke omstende i samfunnet som er av relevans for andre utanfor eigen familie og omgangskrets (Adler og Goggin, 2005: 241). I Ekman og Amnå sin typologi argumenterer dei for at samfunnsengasjement refererer til slike individuelle eller kollektive handlingar som er skissert over (jf. Zukin mfl., 2006, referert i Ekman og Amnå, 2012: 291);

In our typology the concept refers specifically to such individual or collective actions [...] (cf. Zukin et al. 2006). People engage in society in a number of different ways: they discuss politics, follow political issues, write to editors, donate money, and recycle for environmental reasons. People do voluntary work to help others. People get organised to solve local problems or to improve conditions for certain groups in society (Ekman og Amnå, 2012: 291).

Omgrepet vert difor i denne definisjonen forstått som ei form for latent deltaking gjennom konkrete handlingar. Ekman og Amnå gjer eit viktig poeng ut av at dei sivile handlingane dei meiner omgrepet omfamnar er manifesterte (observerbare) handlingar, men også latente i relasjon til spesifikke politisk-parlamentariske og ekstra-parlamentariske handlingar (Ekman og Amnå, 2012: 292). Dette er meint å reflektere ynskje deira om å ikkje berre omfamne aktivitetar meint å påverke faktiske, politiske utfall gjennom å rette seg mot politiske eller sosiale elitar, men også aktivitetar og former for engasjement som blant anna kan vere til nytte for framtidige, manifesterte politiske handlingar. Ved å inkludere slike handlingar i definisjonen av omgrepet vil ein få eit meir nyansert bilete av det totale engasjementet/deltakinga i eit gjeve land på eit gjeve tidspunkt, som dermed gjer forskarar betre utrusta til å analysere demokratiske og samfunnsdeltakande kriser (Ekman og Amnå, 2012: 292-293).

Forskarane Bernard Enjolras og Ivar Eimhjellen argumenterer for at samfunnsengasjement i Noreg sidan 1800-talet tradisjonelt har vore knytt til sosiale rørsler og frivillige organisasjonar (Sivesind mfl., 2002, referert i Enjolras og Eimhjellen, 2018: 8). Vidare legg dei vekt på viktigheita av å avklare kva føresetnader som må vere til stades for at samfunnsengasjement og kollektiv handling skal finne stad. Dei skil mellom føresetnader på ulike nivå; *individ- og organisasjonsnivå, teknologiske- og kulturelle nivå, og føresetnader knytt til samfunns- og demokratikontekstar* (Enjolras og Eimhjellen, 2018: 11). På individnivå har det i forskingslitteraturen vore vanleg å skilje mellom to former samfunnsengasjement – *politisk engasjement* og *frivillig engasjement*. Når det gjeld politisk engasjement, inkluderer det gjerne engasjement som er retta mot politiske institusjonar, prosessar og avgjersler, medan frivillig engasjement i større grad er retta mot ulike interesser, mål og forhold i samfunnet – altså mot andre menneske og grupper. Begge formene for samfunnsengasjement baserer seg på deltaking i kollektive handlingar retta mot samfunnsspørsmål og krev visse former for organisering. Kollektiv handling og samfunnsengasjement vert difor her forstått som aktivitetar medborgarar tek del i med føremål om å bidra til eit kollektivt gode (Enjolras og Eimhjellen, 2018: 11).

På samfunnsnivå vil type eller grad av demokrati vere ein sentral føresetnad for kollektiv handling og engasjement. Eit velfungerande demokrati føreset fyrst og fremst formelle, demokratiske institusjonar med universell røysterett, politiske parti og eit vald parlament. Samstundes vil også eit sivilsamfunn som opprettheld ein kultur for medborgarar si aktive deltaking og engasjement fungere som ein viktig føresetnad (Almond & Verba, 1963; Alexander, 2006, referert i Enjolras og Eimhjellen, 2018: 12-13). Sivilsamfunnet kan også bli sett på som den samfunnssfæren der samfunnsengasjement, kollektiv handling og offentleg kommunikasjon normalt føregår – ein stad mellom den statlege-, den private- og den kommersielle sfæren. I eit velfungerande sivilsamfunn vil det kunne gå føre seg ein dynamisk og responsiv offentleg diskurs kring ulike interesser, mellom myndigheiter, medborgarar og kommersielle aktørar (Janoski, 1998, referert i Enjolras og Eimhjellen, 2018: 13). I sivilsamfunnet kan menneska tre ut frå sine privatsfærar og kome saman av fri vilje som samfunnsborgarar, i ein innsats for felles interesser eller snevrare gruppeinteresser. Ettersom denne forma for samfunnsengasjement og kollektiv handling gjerne krev ein viss infrastruktur for å kome til uttrykk, har fokuset gjerne vore på funksjonen og rollane ulike frivillige organisasjonar og samanslutningar har (Enjolras og Eimhjellen, 2018: 13). Frivillige organisasjonar og det større organisasjonssamfunnet vert difor sett på som eit sentralt

grunnlag i sivilsamfunnet og som ein viktig infrastruktur for kollektiv handling og samfunnsengasjement (Enjolras og Eimhjellen, 2018: 13).

2.8.2 Digitaliseringa av samfunnsengasjement – ein kort introduksjon

Den digitale revolusjonen, gjerne kalla den *fjerde industrielle revolusjon*, har sidan 1990- og 2000-talet hurtig endra måten samfunnet fungerer på – både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med ulike sosiale media og sosiale nettverk i spissen, utgjer dei no eigne mobiliseringsverktøy og nye arenaer for deltaking som kan fungere som sjølvstendige infrastrukturar for organisering og mobilisering av kollektive handlingar (Enjolras og Eimhjellen, 2018: 8). Desse digitale moglegheitene må bli forstått som ein del av ein større digitaliseringsprosess der nye informasjons- og kommunikasjonsteknologiar knytt til internett, sosiale media og digitale verktøy har endra våre kommunikasjonsmoglegheiter, praksisar og sjølve koordineringa av vår sosiale organisering (Enjolras og Eimhjellen, 2018: 8).

Teoretikarar som Manuel Castells (1996, 2000, 2001) og Jan van Dijk (2006) hevdar at denne nye forma for organisering, referert til som *nettverkssamfunnet*, skil seg frå tidlegare organiseringsformer. Dette ved at kollektiv vert erstatta av individ kopla saman i nettverk, at sosiale relasjonar både er lokale og globale, og at samfunn vert meir heterogene, mindre sentraliserte, mindre vertikalt integrerte og meir horisontalt differensierte (Enjolras og Eimhjellen, 2018: 8).

Tett kopla til og forsterka av digitaliseringa, har og prosessane for *individualisering* og *globalisering* endra sjølve konteksten for samfunnsengasjement og kollektiv handling (Enjolras og Eimhjellen, 2018: 9). Ein vestleg utviklingstrend har dei siste tiåra bana veg for aukande grad av individualisering og mangfald. Individ har vorte lausrive frå industrisamfunnet sine tradisjonelle rollar, identitetar og levemåtar, og har gjort at individet i større grad enn tidlegare sjølv er med å definerer desse (Beck, 1992, referert i Enjolras og Eimhjellen, 2018: 9). Individ og individ-sentrerte verdiar er no meir sentrale for mennesket sin livsutfalding, kommunikasjon og samfunnsdeltaking (sjå Giddens, 1991; Ingelhart, 1990, referert i Enjolras og Eimhjellen, 2018: 9). Globaliseringa har på si side ført med seg ei aukande betyding av overnasjonale politiske institusjonar og transnasjonale bedrifter, samt aukande migrasjonsstraumar og globale kulturelle trendar. Mange samfunnsmessige utfordringar som til dømes klima, miljø, fattigdom og ulikheit, har no eit meir globalt omfang, der samfunnsengasjement og kollektiv organisering i aukande grad har vorte prega av slike

transnasjonale spørsmål, relasjonar og rørsler (Enjolras og Eimhjellen, 2018: 9). Globalisering og digitale media gjer at vi lettare vert påverka av kva som skjer utanfor nasjonale grenser, noko som igjen påverkar kva ein er opptatt av og kva som engasjerer oss – både nasjonalt og internasjonalt. Den globale flyten av menneske gjennom migrasjon er vidare ei viktig kjelde til humanitært og politisk engasjement, både gjennom innsamlingsaksjonar til nasjonale og internasjonale organisasjonar, og frivillig og politisk arbeid (Enjolras og Eimhjellen, 2018: 9). Dette er ein del av oppgåva som vil nærare bli utdjupa seinare i oppgåva, men er kort nemnd her for å syne til at det har vore ei enorm utvikling over ein relativt kort periode.

Som denne introduserande delen av kapittelet syner til, er samfunnsengasjement eit omgrep som kan bli forstått på fleire ulike måtar der blant anna historiske, kulturelle og institusjonelle faktorar vil avgjere essensen av operasjonaliseringa. Eit viktig skilje knytt til samfunnsengasjement omhandlar ulike typar for engasjement, der det i faglitteraturen ofte vert gjort eit skilje mellom politisk engasjement og frivillig engasjement. I høve problemstillinga er dette viktige aspekt å inkludere, i tillegg til at det synleggjer nokre av føresetnadane produsert både på individ- og samfunnsnivå. Denne delen av oppgåva er meint å sette dei overordna rammene for korleis digitalt samfunnsengasjement blant ungdom kan ta form, med omsyn til dei empiriske undersøkingane som vil følgje. Påverknaden sosial klasse har på utviklinga av samfunnsengasjement er eit aspekt som vil bli klarare i dei neste underkapitla, men ei overordna utgreiing av korleis samfunnsengasjement kan bli forstått er likevel eit nødvendig fyrste steg. Årsaka til dette er at det vil vere med på å belyse korleis ulike føresetnader avgjer korleis ungdommar utviklar ikkje-digitale og digitale praksisar for samfunnsengasjement. Dette skiljet mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement vil også bli utbrodert seinare i oppgåva, der oppgåva no fyrst vil for seg korleis samfunnsengasjement har utvikla seg, sett i ein historisk kontekst.

2.8.1 Store trekk av samfunnsengasjement gjennom tidene

For å sette samfunnsengasjement i ein historisk kontekst må ein forsøke å avdekke korleis samfunnsengasjement som sosialt fenomen har utvikla seg over tid. Måten samfunnsengasjement oppstår, vert forma og kjem til uttrykk på, har gått gjennom ei drastisk endring om ein til dømes rettar fokus mot korleis mobilisering føregjekk før den digitale revolusjonen. Ei sterk kjensle av lokalsamfunn der ansikt-til-ansikt interaksjonar stod i sentrum, i kombinasjon med flygeblad og propaganda-plakatar, stod sentralt og påverka i stor

grad folk sitt samfunnsengasjement. Trass i at ulikheit og sosiale problem alltid har vore til stades gjennom verdshistoria, kan ein om ein til dømes skurur klokka tilbake til kring midten av 1950-talet og byrjinga av borgarrettsrørsla i USA, for alvor sjå korleis samfunnsengasjement nådde eit toppunkt. Etter andre verdskrig stod samfunnsengasjement i fokus med ei stor mengd av både fagforeiningar og folkeleg deltaking. Vidare såg ein også tendensar til utviklinga av den moderne feminismen (Koenig, 2013).

1960-talet var vidare tiåret som verkeleg representerte endringar i global skala, der borgarrettsrørsla, Vietnam-krigen, anti-krig protestar, politiske attentat og byrjinga av den kalde krigen står attende som samfunnsmessige kjenneteikn på den turbulente perioden. Samfunnsengasjement tok nye former gjennom offentlege demonstrasjonar i gatene, på universitet og rådhus for å beskytte folk sine rettigheter uavhengig av rase og kjønn, og for å endre status quo av undertrykking (Koenig, 2013). 1960-talet stod som nemnd i kapittel 2.6 attende som toppunktet for «*counter-culture*», med assosiasjonar til hippie-rørsla og deira fokus på eit alternativt kulturelt miljø der musikk, narkotika, litteratur og livsstil utgjorde ei motkulturell rørsle til det dominerande kapitalistiske samfunnet foreldrekulturen representerte (Hall, 1968, referert i Bennett, 2014: 3). Musikk fungerte som ein viktig pådrivar for separasjonen denne rørsla representerte, der artistar som blant anna Bob Dylan, The Beatles og The Rolling Stones inkorporerte sosial og kulturell kritikk i musikken sin, som vidare inspirerte andre artistar og lyttarar verda over (Bennett, 2001, referert i Bennett, 2014: 3). Minst like viktig som musikk, var den globale karakteren counter-culture hadde. Trass i at mesteparten av ungdomskulturar og gjengar på 1950- og 1960-talet hadde lokale manifestasjonar – som «*The Teddy Boys*» i Storbritannia – fekk hippie-rørsla raskt eit omfattande nedslagsfelt, spesielt i den vestlege verda (Bennett, 2014: 3).

Populære representasjonar av counter-culture førte også til at det vart oppfatta som eit sosio-kulturelt fenomen, noko som igjen forsterka separasjonen frå foreldrekulturen. Tom Wolfe med boka «*The Electric Kool-Aid Acid Test*» frå 1968 og boka «*Fear and Loathing in Las Vegas*» av Hunter S. Thompson frå 1971 var begge ein hyllest til arven etter counter-culture, og er berre to døme på korleis dette no var eit verdsomspennande fenomen. Følgjeleg fanga også counter-culture merksemda til fleire akademiske teoretikarar på slutten av 1960-talet og byrjinga av 1970-talet. Det som spesielt stod fram som interessant ved counter-culture var at det i motsetnad til tidlegare døme på ungdomskulturar, hadde eit fokus på middelklasse-

ungdom (Bennett, 2014: 3-4). Dette kjem spesielt fram i eit utdrag frå boka «*Resistance through Rituals*» (1975);

Middle-class counter-culture spearheaded a dissent from their own, dominant, «parent» culture. Their disaffiliation was principally ideological and cultural. They directed their attack mainly against those institutions which reproduce the dominant cultural-ideological-relations- the family, education, the media, marriage, the sexual division of labour. These are the very apparatuses which manufacture «attachment» and internalise consent. «Women, hippies, youth groups, students and school children all question the institutions which have formed them and try to erect their obverse¹¹...»» (Clarke mfl., 1975: 62).

Eit tiår seinare, signaliserte den fyrste «*Earth Day*» i 1970 fødselen av sosiale rørsler med ei klar hjertesak; å verne planeten. Sosial bevisstheit, vedvarande protestar mot Vietnam-krigen og stadige kampar for å auke rettigheter for kvinner, homofile og lesbiske, folk av farge og andre minoritetsgrupper prega spesielt denne tida (Koenig, 2013). I 1976 publiserte forfattaren Tom Wolfe eit essay i «*New York Magazine*» der han nytta omgrepet «*Me Decade*» for å skildre det han såg som ei ny haldning blant amerikanarar på 1970-talet. Essensen i omgrepet baserte seg på å distansere seg frå kommunitarismen som hadde prega tiåra før, og bevege seg mot individualisme (Wolfe, 1976). Denne tendensen Wolfe beskreiv, kan også sjåast i lys av inflasjonen som prega perioden. Amerikanarar i etterkrigstida hadde vore vane med økonomiske oppsving, men den økonomiske stabiliteten byrja slå sprekkar når inflasjon i kombinasjon med ei stagnering i løn, de-industrialisering i store industribyar og ei auke i arbeidsledigheit vart ein realitet (Tomasky, 2019). Som nemnd over, markerte tiåret for alvor også rolla feminismen byrja få i samfunnet. Store samfunnsmessige omveltingar som kvinners deltaking på arbeidsmarknaden og ei gradvis auke i velstand, førte til eit større fokus retta mot kjønnsrollane i samfunnet. Også i academia vart det retta eit meir kritisk fokus på dei tradisjonelle kjønnsrollane, noko som vidare avdekkja samfunnsmessige utfordringar kvinner møtte på som ein konsekvens av desse kjønnsrollane (Napikoski, 2019).

Frå 1970 og framover såg ein vidare ein stødig nedgang i medlemskap og frivillige i verdi-baserte organisasjonar og rørsler (Sivesind mfl., 2002, referert i Lorentzen og Hustinx, 2007:

¹¹ Juliet Mitchel, 1971: 32, referert i Clarke mfl., i Hall og Jefferson (red.), 1975: 62.

104). Kollektivt engasjement tapte terreng til fordel for individuelle former for engasjement (jf. Dumont, 1986, referert i Lorentzen og Hustinx, 2007: 104). Sentrale aspekt knytt til denne utviklinga var individualisering, sekularisering og globalisering, aspekt som stod fram som ansvarlege for distanseringa av individet frå det tradisjonelle, kollektive samfunnet. Hirst (1994) skildra denne prosessen som eit skifte frå *skjebnefellesskap* til *valfellesskap*. Kollektive identitetar vart gradvis erstatta av subjektiv individualisme, prosessar der kvart individ definerte sitt eige liv ut i frå eigne premissar og uavhengig av kollektivet (Lorentzen og Hustinx, 2007: 104). I tillegg til prosessane av individualisering og verdi-skifte, kan ikkje denne framveksten av eit nytt fokus skiljast frå ein annan grunnleggjande makrotrend – nemleg informasjonsteknologi-revolusjonen, eller gjennombrøtet av «informasjonssamfunnet» (Castells, 2004, referert i Lorentzen og Hustinx, 2007: 112). Effektane teknologi har på samfunnsdeltaking har vorte diskutert av fleire forfattarar i løpet av dei siste åra. Ray (1999) undersøkte til dømes effektane av teknologisk endring på samfunnsnettverk og deltaking, der konklusjonen hennar var at teknologiske innovasjonar historisk har letta forbindinga mellom medlem og tilhengarar, og vidare bidrege til eit meir aktivt samfunnsliv. I klar motsetnad til Putnam sine funn, meinte ho dermed at det var ein positiv samanheng mellom det å sjå TV og sivil deltaking – der begge i perioden 1950-1980 auka (Ray, 1999: 318, referert i Lorentzen og Hustinx, 2007: 112).

Samfunnsengasjement er eit fenomen som over ulike tiår har gjennomgått enorme omveltingar. Måten fenomenet manifesterer seg på ber preg av enkelte konstante kjenneteikn som kampar mot urett av diverse slag. Likevel peikar utviklinga på at kollektiv handling no har eit større fokus på individualisering, blant anna grunna aukande digitalisering og globalisering. Vidare viser dette kapitlet at sosial klasse gjennom ulike tiår har hatt ulik påverknad på typar samfunnsengasjement. 1960-talet stod fram som høgdepunktet for counter-culture, og då spesielt knytt til middelklasse-ungdom og deira behov for å distansere seg frå foreldrekulturen og det den representerte. Med omsyn til problemstillinga indikerer denne delen av oppgåva at både fokuset og innhaldet i samfunnsengasjement som fenomen har endra seg over tid, der rolla sosial klasse har spelt har variert i takt med både sosio-politiske og kulturelle omstende. Denne utviklinga er noko oppgåva vil gå meir inn på, men eit anna viktig moment å inkludere fyrst er korleis forskinga kring tema har utvikla seg.

2.9 Utviklinga av samfunnsengasjement som forskingsfelt

Lonnie R. Sherrod, Judith Torney-Purta og Constance A. Flanagan (red.) si bok frå 2010 er eit resultat av eit multi-disiplinært arbeid med fokus på ungdommars samfunnsengasjement (Sherrod mfl., 2010). Ein såg bølger av forskning på samfunnsengasjement på 1960- og tidleg 1970-talet, før ei ny bølge fylgde på 1990-talet som resulterte i at dette feltet for alvor fekk nedslagskraft (jf. Flanagan & Sherrod, 1998, referert i Sherrod mfl., 2010: 2). Fleire forskarar har hevda at den noverande bølga av merksemd dedisert til dette området delvis kan knytast til Robert Putnam (2000) si erklæring om at mange land i den utvikla verda, og då særleg USA, stod ovanfor ei krise i form av søkkande nivå av samfunnsengasjement frå yngre generasjonar (1996, 2000).

Boka sitt teoretiske utgangspunkt, nemleg eit livsløpsperspektiv, baserer seg på det forfattarane meiner ikkje er eit godt nok utnytta perspektiv innan forskning på barne- og ungdomsutvikling. Idear og metodar frå forskning på livsløp oppstod på 1970-talet og har i løpet av dei påfølgjande tiåra berre vorte meir populære. Livsløpsperspektiv fremjar eit syn på livslang plastisitet. Sagt med andre ord; vekst og endring held fram gjennom heile livet (Sherrod mfl., 2010: 3). Dette perspektivet fremjar ei rekke utviklingsveggar og utfall framfor ein enkelt modell, og legg vekt på samspelet mellom person og miljø. Begge står i kontrast til dei klassiske teoriane om utvikling frå til dømes Sigmund Freud og Jean Piaget, som hevdar at utvikling har ein enkelt veg, og vert fullført i tidleg ungdomstid. Livsløpsperspektivet tek også høgde for fleire påverknader for utvikling, som til dømes viktigheita av sosial-politisk kontekst og historiske faktorar, i tillegg til dei meir typisk studerte aldersklassifiserte- eller modningsfaktorane (Sherrod mfl., 2010: 3).

Mellom 1974 og 1994 såg ein likevel ein jamn nedgang i samfunnsengasjement. Det eksisterer ikkje ei enkel forklaring på denne nedgangen, men Robert Putnam (2000) undersøkte denne nedgangen nøye og antyda at den spegla erosjonen av sosial kapital-nettverket av sosiale relasjonar og forbindelsar til sosiale institusjonar i USA (Hart og Gullan, 2010: 72-73). Putnam framheva blant anna framveksten av fjernsyn, aukande deltaking av kvinner i arbeidsstyrken og ei auka geografisk åtskiljing av arbeid frå heimen, i kombinasjon med andre medverkande faktorar som sentrale for denne utviklinga. Han hevda slike faktorar har bidrege til oppløysninga av forholda mellom individ i nabolaget, som igjen har redusert den samfunnsmessige deltakinga i sin heilheit. Denne nedgangen i politisk deltaking i løpet av

siste halvdel av det 20. århundre såg han som ein refleksjon av ein meir omfattande trend med å trekke seg ut av det offentlege liv (Hart og Gullan, 2010: 73).

Daniel Hart og Rebecca Gullan identifiserte både historisk kontingente og konstante faktorar assosiert med politisk aktivisme. Historisk kontingente faktorar er prediktive for politisk aktivisme i ei gjeven historisk tid men ikkje ei annan, medan konstante faktorar vil seie faktorar som er viktige for politisk aktivisme gjennom ulike utviklingsperiodar (Hart og Gullan, 2010: 73). Hart og Gullan argumenterte til dømes for at utdanningsnivå kan ha vore viktig på 1970-talet for å styrke politisk aktivisme, men ikkje like viktig på 1990-talet. Denne hypotesen er i samsvar med fleire forskarar si vektlegging av studentar si rolle under borgarrettsrørsla og Vietnam-protestar på 1960- og 1970-talet. Det er derimot få døme frå dei to siste tiåra som identifiserer universitet og universitetsstudentar som pådrivarar for politisk aktivisme blant ungdom. Sosial klasse kan også spele ei liknande rolle; skildringar av aktivistar på 1960- og 1970-talet framhevar ofte deira privilegerte bakgrunn og deira velstående foreldre, medan dette ikkje vart assosiert med politisk aktivisme i like stor grad på 1990-talet (Hart og Gullan, 2010: 73).

For å undersøke desse moglegheitene, nytta Hart og Gullan «Roper-datasettet» som omfatta politiske og samfunnsmessige haldningar blant amerikanarar i perioden 1974-1994 (Hart og Gullan, 2010: 70-71). Her regresserte dei summen av politiske aktivitetar rapportert av ungdommar, familieinntekt, utdanningsnivå og talet på telefonsamtalar over lengre avstandar til vener og familie, og interaksjonen mellom desse indikatorane (Hart og Gullan, 2010: 73-74). Generelt var funna deira at politisk aktivisme i 1974 var tettare knytt til utdanning og sosial klasse enn i 1994. Familieinntekt var positivt korrelert med politisk aktivitet for ungdom i 1974 – når familieinntekta auka, auka også talet på politiske aktivitetar. I motsetnad var det ingen kopling mellom familieinntekt og politisk aktivisme i 1994. Tilsvarende var også funna i høve assosiasjonen mellom utdanning og aktivisme sterkare i 1974 enn i 1994. Samstundes var sosial kapital (anten i form av sosiale relasjonar eller i form av institusjonelt medlemskap i kyrkjer eller religiøse organisasjonar) tett kopla til aktivisme uavhengig av tidsperiode (Hart og Gullan, 2010: 74). Etersom oppgåva direkte fokuserer på påverknaden sosial klasse kan ha på samfunnsengasjement, vil eg ikkje gå vidare inn på påverknaden sosiale relasjonar, samfunnskunnskap og sosial tillit har. Sentral forskning på desse aspekta som kan nemnast er likevel McAdam (1986, 1988) og hans studie av deltakarar i «*Freedom Summer*» på 1960-talet, og Paige (1971) sine undersøkingar av «*1967-opprøra i Newark*»

(Hart og Gullan, 2010: 73-76). Sjølv om oppgåva ikkje vil gå vidare inn på funna deira, er det er likevel viktig å nemne for å vise at samfunnsengasjement har fleire påverknadsfaktorar enn denne oppgåva vil kunne gå inn på.

Over ein lang periode var politisk deltaking sett på som ein einssidig dimensjon; innbyggjarar var anten aktive eller ikkje. Likevel har ein over dei siste tiåra sett at dette konseptet har vorte vesentleg nyansert. Innbyggjarar kan til dømes vere positive til nokre former for samfunnsengasjement, men motvillige til andre. Det at ein ikkje stemmer ved val til dømes, treng ikkje nødvendigvis vere einstyddande med at ein er politisk apatisk (Amnå og Zetterberg, 2010: 45). Utviklinga av forskinga på feltet har som denne delen av oppgåva har synt til, gått gjennom store endringar der det spesielt på 1960-talet fekk merksemd, før det igjen på 1990-talet for alvor slo seg ned som eit forskingsfelt. Dette er eit forskingsområde som i løpet av dei siste tiåra har vakse i både omfang og i dedisert fokus frå forskarar. Eit interessant aspekt er korleis Putnam si forskning på søkkande samfunnsengasjement var ein sentral faktor for eit auka fokus retta mot nettopp framveksten og utviklinga av samfunnsengasjement. Eit større fokus på livsløpsperspektiv ved ungdomsforskning bana veg for at forskarar har vorte betre utrusta med verktøy for ikkje berre å kunne forklare samfunnsengasjement som fenomen, men også gjort det mogleg å forklare sjølve utviklinga av samfunnsengasjement både på individ- og gruppenivå. Vidare har også Hart og Gullan identifisert historisk kontingente og konstante faktorar direkte knytt til politisk aktivisme. Nyanseringa av samfunnsengasjement som sosialt fenomen vil bli vidare behandla i neste kapittel, der det viktige skiljet mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement vil bli presentert og drøfta.

2.10 Ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement

Eit viktig aspekt knytt til samfunnsengasjement er som tidlegare nemnd skiljet mellom ikkje-digitale praksisar og digitale praksisar. I ein artikkel av Philipp Juger mfl., argumenterer dei for at forskning har synt at ikkje-digitalt samfunnsengasjement kan bli føreset av makro-faktorar (stemmesystem og eit land si politiske historie), sosio-demografiske faktorar (alder, kjønn, etnisitet, sosio-økonomisk status), i tillegg til psykologiske faktorar (haldningar, tru på eigen meistring (*self-efficacy*) og subjektive normer) (Juger mfl., 2012: 123-124). I motsetnad, har det historisk vore lite forskning på kva som driv fram samfunnsengasjement på internett. Likevel har det fått auka merksemd som eit potensielt verktøy for å promotere samfunnsengasjement blant ungdommar (sjå Chadwick 2006; Dahlgren, 2007) i respons til

funn som dokumenterer ein generell nedgang i samfunnsmessig og politisk deltaking blant nettopp ungdommar (Prout 2000; Torney-Putra mfl. 2001; Zukin mfl., 2006, referert i Juger mfl., 2012: 124). Digitalt samfunnsengasjement vert gjerne sett på som meir tilgjengeleg og mindre ressurskrevjande enn ikkje-digitale aktivitetar. Det å signere ei online underskriftskampanje til dømes, tek mindre tid og krefter enn det å delta i ein demonstrasjon i gatene (Juger mfl., 2012: 124). Det vert også hevda at ungdommar moglegvis kan få best nytte av å delta på internett ettersom dei i utgangspunktet tenderer til å vere ivrige internettbrukarar. Vidare kan også deira moglegheiter til å delta utan internett bli avgrensa av blant anna lærarar, foreldre eller økonomiske ressursar (Hirzalla og van Zoonen, 2011, referert i Juger mfl., 2012: 124).

Likevel har enkelte undersøkjingsbaserte forskingsprosjekt peika på at måten mange unge personar nyttar internett, fyrst og fremst baserer seg på underhaldningsføremål (jf. forskingsprosjektet *CivicWeb*, 2008, referert i Juger mfl., 2012: 124). Andre har funne ut at dei som nyttar internett til samfunnsaktivitetar, også er samfunnsaktive offline og omvendt (jf. Chadwick, 2006; Livingstone mfl., 2005, referert i Juger mfl., 2012:124), og vidare at digitalt samfunnsengasjement legg til rette for ikkje-digitalt samfunnsengasjement (jf. Rayes-Goldie og Walker, 2008, referert i Juger mfl., 2012: 124). Akademia syner seg difor relativt delt når det gjeld korleis ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement både påverkar ungdommar, men også korleis det påverkar kvarandre. For å klargjere skiljet mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement vil denne delen av oppgåva fyrst gå nærare inn på korleis ikkje-digitalt samfunnsengasjement kan kome til uttrykk, før ei drøfting av kva digitalt samfunnsengasjement kan bli forstått som vil fylgje. I høve digitalt samfunnsengasjement vil eit ytterlegare skilje bli gjort mellom «high-cost» og «low-cost» samfunnsengasjement. Avslutningsvis vil denne delen av oppgåva gå inn på kva som skil desse formene for samfunnsengasjement, men også korleis desse ulike formene kan konvergere med omsyn til sosial klasse sin påverknad.

2.10.1 Ikkje-digitalt samfunnsengasjement

Som skissert i gjennomgangen av kva samfunnsengasjement kan bli forstått som, og gjennom utgreiinga av den historiske utviklinga som har gått føre seg, er det tydeleg at det ikkje er mogleg å avgrense ikkje-digitalt samfunnsengasjement til ein spesifikk type handling. Ikkje-digitalt samfunnsengasjement rommar fleire dimensjonar og aspekt, og kan blant anna kome

til uttrykk gjennom demonstrasjonar, protestar, involvering i politiske eller frivillige organisasjonar eller frivillig arbeid for å nemne nokre. Grunna oppgåva sitt omfang og omgrepet sin kompleksitet, vil det ikkje vere mogleg å gå i detalj på alle typar ikkje-digitalt samfunnsengasjement. For å synleggjere sentrale kjenneteikn og skilnader ved ikkje-digitalt samfunnsengasjement, vil «*ungdomsaktivisme*» bli nytta som døme. Årsaken til dette er fordi omgrepet på mange måtar fannar fleire ulike former for nettopp ikkje-digitalt samfunnsengasjement, knytt til både oppgåva sitt teoretiske rammeverk og innhaldet i datamaterialet.

Ungdomsaktivisme som beskrive av Hart og Gullan, refererer til oppførsel og handlingar utført av ungdommar og unge vaksne med ein politisk intensjon basert på eit sett med overlappende aktivitetar og motivasjonar (Hart og Gullan, 2010: 67). Ei viktig klargjering her vil vere at omgrepet *politisk* i denne oppgåva fannar fleire ulike dimensjonar, der omgrepet inkluderer andre samfunnsmessige aktivitetar utover politiske handlingar. Unge aktivistar vert både hylla og kritisert- sett på som idealistar av nokon og som kriminelle anarkistar av andre. Aktivisme i seg sjølv kan bli sett på som ein aktivitet der ungdommar får innsikt, kognitive ferdigheiter og organisatorisk kapasitet i ein samfunnsmessig kontekst (Larson og Hansen, 2005, referert i Hart og Gullan, 2010: 67), eller som ei indoktrinering til lovlausheit (Useem, 1998, referert i Hart og Gullan, 2010: 67). Hart og Gullan fann at ungdomsaktivisme i ulike historiske og kulturelle kontekstar har likskapar som gjer det mogleg å undersøke ungdomsaktivisme som eit sosio-psykologisk fenomen. Likevel er det viktige distinksjonar mellom ulike former for aktivisme som er nødvendige å undersøke (Hart og Gullan, 2010: 67), sjølv om dei konkrete skilnadane mellom dei ulike formene for samfunnsengasjement ikkje vil bli undersøkt i denne oppgåva anna enn gjennom skiljet mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement.

Som tidlegare nemnd, var ungdomsaktivisme særleg utbreidd i den vestlege verda på 1960- og 1970-talet, då spesielt knytt til counter-cultures som vart gjennomgått og diskutert tidlegare i oppgåva. Hart og Gullan gjer vidare greie for aktivisme i det 21. århundre, der dei argumenterer for at aktivismen har skifta fokus. Ved å undersøke perioden 1974-1994 i USA, argumenterte dei for at ungdommar gjerne fokuserte på lokale samfunnsproblem framfor breiare nasjonale problem som kjenneteikna 1960-talet (Hart og Gullan, 2010: 70). Skiftet frå nasjonale til lokale problem i USA kan tilskrivast det faktum at nasjonale problem på 1960-talet hadde direkte relevans for interessene til unge amerikanarar. Millionar av unge menn

måtte førebu seg på moglegheitene for å bli innkalla til militærtjeneste i Vietnam, samstundes som rasistiske lover og politiske retningslinjer også påverka livet til millionar av afrikansk-amerikanarar. Sjølv om det eksisterer fleire motivasjonsfaktorar for politisk aktivisme utover sjølv-interesse, er det sannsynleg at uro for eige velvære blant millionar av amerikanarar skapte ei atmosfære der problem vart diskutert og vid mobilisering var mogleg. I fråværet av slike nasjonale problem var det mogleg for ungdomsaktivisme å rette fokus mot lokale problem som var av personleg relevans (Hart og Gullan, 2010: 70). Hart og Gullan hevda også at amerikanske ungdommar på eit generelt plan var mindre sannsynlege å la seg engasjere i tradisjonelle former for politisk aktivisme som demonstrasjonar, opprør og protestar, samanlikna med ungdom på 1960-talet (Galston, 2007, referert i Hart og Gullan, 2010: 70).

I høve operasjonaliseringa av ungdomsaktivisme er det i faglitteraturen likevel ei utbreidd semje kring at omgrepet best vert forstått som ei samling av relaterte politiske aktivitetar. Deltaking i politiske organisasjonar, det å signere underskriftskampanjar, delta i boikottar osv., er alle fenomen som er assosiert med kvarandre (Hart og Gullan, 2010: 86). Dette vil seie at ungdommar som er involverte i aksjonsgrupper eller organisasjonar også meir truleg vil signere ei underskriftskampanje samanlikna med ein ungdom som ikkje er medlem av slike organisasjonar. Det er likevel viktig å understreke at ulike former for politisk aktivitet delvis er uavhengige av kvarandre, der alle har sine eigne kjelder. Analysane til Hart og Gullan tyder på at protestaktivitetar tenderer til å vere meir motiverte av foreiningar med vener enn institusjonelle tilknytingar, medan tradisjonell politisk aktivitet tilsynelatande vert meir motivert av organisasjonsinvolvering enn av relasjonar (Hart og Gullan, 2010: 86). Vidare vert også politisk aktivisme motivert av politiske mål, der sjølve måla også kan endre seg. Gjennom å sjå på ungdomsaktivisme som ein organiserande konstruksjon, er kapittelet til Hart og Gullan meint å skissere omrisset for politisk aktivisme blant ungdommar, kjeldene til slike aktivitetar og korleis slik aktivitet vert fremja (Hart og Gullan, 2010: 86).

Hart og Gullan gjer også eit viktig poeng ut av at ungdomsaktivisme er tett kopla til psykologiske, sosiale og politiske kontekstar. I motsetnad til enkelte kjenneteikn – som til dømes språk som kjenneteiknar alle medlem av arten og syner til djupt inngrodde, kanaliserte og biologiske tendensar – oppstår ungdomsaktivisme i nokre skjæringspunkt mellom ungdommar og miljø, men ikkje i andre. Dette faktumet vert blant anna framheva av historiske og tverrkulturelle skilnader (Hart og Gullan, 2010: 86). Funna i kapittelet deira

tyder på at eit land si politiske atmosfære og demografiske eigenskapar påverkar både nivået og type aktivisme blant ungdommar. Med andre ord er kontekst eit fundamentalt aspekt når ein forsøker å forstå ungdomsaktivisme, i tillegg til sosio-demografiske faktorar knytt til individet sjølv og nettverket individet oppheld seg i (Hart og Gullan, 2010: 86-87).

Som denne delen av oppgåva har synt til, er ikkje-digitalt samfunnsengasjement ikkje avgrensa til ein spesifikk form for aktivitet, sjølv om ungdomsaktivisme her har vorte nytta som døme. Det er ein type engasjement som kan kome i mange former, men det er likevel nokre kjenneteikn som går attende uavhengig av kva type engasjement ein vel å undersøke. Ein viktig føresetnad er blant anna ansikt-til-ansikt interaksjonar, som indikerer at det er avhengig av å gå føre seg i same tid og rom. Ein slik føresetnad dannar difor grunnlaget for typiske ikkje-digitale aktivitetar som å stemme ved val, delta på møter eller demonstrasjonar. Vidare eksisterer det nokre særeigne trekk ved både individet og omgjevnadane individet oppheld seg i, som i stor grad påverkar formasjonen av samfunnsengasjement og avgjer kva form dette engasjementet tek. Om ein til dømes ser til Noreg har vi sterke tradisjonar for samfunnsretta deltaking og frivillig arbeid, og eit sterkt organisasjonsliv som bidreg til å organisere og mobilisere deltaking i befolkninga (Arnesen mfl., 2016; Folkestad mfl., 2015, referert i Eimhjellen mfl., 2018: 102). Det frivillige organisasjonslivet kan bli forstått som ein velutbygd struktur for informasjon og kommunikasjon mellom medlem, frivillige og aktivistar på lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Digitalt samfunnsengasjement som oppgåva no vil fokusere på, fører dermed med seg spørsmål for Eimhjellen mfl.;

Spørsmålet er hva skjer når digitale kommunikasjonsstrukturer oppstår både på siden av, og innenfor organisasjonslivet. Bidrar sosiale media til å senke terskelen for mobilisering og engasjement slik at flere deltar, eller blir aktivismen flyttet fra en offline sfære til en online sfære? (Eimhjellen mfl., 2018: 102).

2.10.2 Digitalt samfunnsengasjement

Med omsyn til digitalt samfunnsengasjement blant ungdom, har det gjennom dei siste åra vakse fram eit omfattande felt av både forskning og litteratur som omhandlar fleire former for digitalt samfunnsengasjement. Digitalt samfunnsengasjement kan blant anna kome til uttrykk gjennom å engasjere seg i debattar kring samfunnsmessige problem på sosiale media og i sosiale nettverk, ved å skrive e-postar til folkevalde representantar, vere medlem i både

lokale, nasjonale eller globale internettsamfunn, eller ved å oppmode til massemobilisering gjennom «hashtaggar» (emneknaggar) på sosiale media. Også her vil det grunna oppgåva sitt omfang ikkje vere mogleg å gå i detalj kring alle moglege former for digitalt samfunnsengasjement. Men ved å syne til nokre spesifikke former – her skissert som *digitalt «high-cost»* og *«low-cost» samfunnsengasjement* – kan ein belyse korleis det skil seg frå ikkje-digitalt samfunnsengasjement gjort greie for over, og synleggjere trekk som gjer seg gjeldande i begge former.

Digitalisering og framveksten av sosiale media har som Enjolras mfl. (2018: 102) skriv, sidan årtusensskiftet ført med seg store endringsprosessar på fleire ulike felt i samfunnet. På den eine sida vert det hevda at sosiale media gjev fleire menneske tilgang til informasjon om det som føregår både i samfunnet og i verda elles, i tillegg til moglegheitene for å engasjere seg. På den andre sida er det eit spørsmål om dei nye digitale moglegheitene bidreg til at folk vert distansert frå viktige samfunnssaker og at bruken glir over i tidsfordriv og underhaldning (Enjolras mfl., 2018: 102). I ein påverknadsrik tekst frå 2009 reiste Evgeny Morozov spørsmålet om vi er på veg inn i ein tidsalder prega av «*slacktivism*», det vil seie ei tid der folk sluttar å engasjere seg i verkelegheita, og nøyer seg med å klikke «liker» for å vise sitt engasjement. Argumentet er at denne typen engasjement verken er spesielt krevjande eller særleg verknadsfullt, og at vi dermed risikerer eit uengasjert og svekka demokrati (Morozov, 2009, referert i Enjolras mfl., 2018: 102).

Omgrepet «*sosiale media*» vert gjerne nytta som eit samleomgrep for ulike typar nettsider som involverer brukarar med eigne profilar knytt til kvarandre i eit digitalt nettverk (Boyd og Ellison, 2007, referert i Eimhjellen, 2018: 192). Eit særtrekk ved sosiale media som òg skil dei frå andre typar media, er at dei på same tid både er 1) *digitale media-* og *kommunikasjonsplattformer* og 2) *digitale sosiale nettverk* (Enjolras, Karlsen, Steen-Johnsen og Wollebæk, 2013, refert i Eimhjellen, 2018: 192). Som medium skil det seg frå tradisjonelle massemedia ved at dei i større grad er prega av mediekonvergens med eit mangfald av former for kommunikasjon. Sosiale media har på denne måten difor fleire innebygde handlingsmoglegheitene enn tidlegare media (Boyd, 2011, referert i Eimhjellen, 2018: 192), der enkeltindivid no i større grad sjølv aktive som produsentar og avsendarar (Eimhjellen, 2018: 192).

Som digitale nettverk koplår også dei sosiale media-plattformene individ saman i større nettverksstrukturar som har potensiale utover heile befolkningar og samfunn. Sosiale media utgjør difor på denne måten eigne nettverks-og handlingsstrukturar, og har følgjeleg skapt nye måtar å mobilisere og organisere samfunnsengasjement på (Eimhjellen, 2018: 192). Eit kjenneteikn ved sosiale media som ofte vert trekt fram i denne samanhengen, er evna det har til å kople saman og mobilisere menneske på ein raskare måte enn før gjennom mobiliseringsbølger og «viral spreining». Sosiale media kan difor sjåast som eit supplement til både etablerte media-kanalar og tradisjonelle, frivillige organisasjonar for mobilisering og organisering av samfunnsengasjement. Det er med andre ord ikkje berre organisasjonar eller sentraliserte kringkastarar som no set premissane for informasjonsflyt og massekommunikasjon (Eimhjellen, 2018: 192).

Eit anna interessant aspekt er kva ungdommar faktisk gjer på internett, noko Shakuntala Banaji og David Buckingham blant anna undersøkte. For å undersøke dette nytta dei to kontrasterande typar data frå ei storskala surveyundersøking for sju land i kombinasjon med fokusgruppe-diskusjonar, der populasjonen var ungdommar i alderen 15-25 år (Banaji og Buckingham, 2013: 47-48). Ein stor del av ungdommane i studiet deira var primært interessert i nettsider for underhaldning, kommunikasjon, livsstilproblem og shopping. Spesielt sider relatert til musikk, filmar og nyhende var særleg populært blant ungdommane (Banaji og Buckingham, 2013: 51). Ved å systematisere nettsidene ungdommane identifiserte som mest populære, danna Banaji og Buckingham (2013: 51-52) seks overordna kategoriar;

1. ***Underhaldning***, inkludert filmar, musikk og sport.
2. ***Livsstil***, inkludert mote, forbruk, romantikk og chat.
3. ***Digital kultur***, inkludert online og offline spel, maskinvare og programvare.
4. ***Sosial rettferd***, relatert til problem som rasisme, kjønnsdiskriminering, diskriminering, menneskerettar og sosial ulikheit.
5. ***Nye sosiale rørsler og spirituelle problem***, som til dømes miljøvern, dyr sine rettigheter, religion og helse.
6. ***Valpolitikk***, inkludert val, politiske parti, myndigheiter og nyhende.

Kring 40% av respondentane i studiet til Banaji og Buckingham ytra ei viss aktiv interesse for minst ein av dei tre sistnemnde kategoriane skissert over. Dette kunne vere gjennom å sende e-postar, signere online underskriftskampanjar eller ved å delta i undersøkingar (Banaji og

Buckingham, 2013: 52). Trass i at interesser for institusjonell politikk var låg, ytra kring 20% av respondentane ei sterk interesse for miljøvern, nye sosiale rørsler eller spiritualistisk-relaterte problem, medan 15% ytra ei sterk interesse for alle tre av dei sistnemnde typane nettsider. Desse funna kan seiast å stå i strid med andre studie som oppfattar ungdommar som berarar av ein generalisert apati i høve politikk og den overordna samfunnssfæren (Banaji og Buckingham, 2013: 52). Desse tre fyrste kategoriane kan difor med utgangspunkt i det empiriske datagrunnlaget som ligg til grunn for oppgåva, seiast å representere den teoretiske forståinga av *digitalt «low-cost» samfunnsengasjement* gjennom blant anna sosiale nettverkssider og online chat. Vidare kan dei siste tre kategoriane seiast å representere *digitalt «high-cost» samfunnsengasjement* gjennom samfunnsmessige og politiske kapasitetar knytt til sosiale media og digitale nettverk.

Også i denne delen av oppgåva er det tydeleg at digitalt samfunnsengasjement ikkje kan avgrensast til ein bestemt aktivitet. På same måte som med ikkje-digitalt samfunnsengasjement, eksisterer det nokre sentrale kjenneteikn som er til stades uavhengig av kva form digitalt samfunnsengasjement tek. Medan ikkje-digitalt engasjement ofte vert karakterisert ved ansikt-til-ansikt samvær, mogleggjer i motsetnad digitale media koordinering, kommunikasjon og interaksjon som ikkje nødvendigvis treng å finne stad i same tid og rom (Eimhjellen mfl., 2018: 102). Vidare identifiserte Banaji og Buckingham (2013: 8) nokre andre kjenneteikn, som her kort vil bli presentert. *Anonymitet*: Internett skapar moglegheiter for å luften idear, posisjonar og samfunnsidentitetar utan behov for personleg forplikting. *Augeblikkeleg*: Internett er betydeleg raskare enn andre former for media når det gjeld moglegheita til å spreie, få tilbakemeldingar og oppdatere informasjon. *Tilgjengelegheit*: Samanlikna med andre former for media er internett betydeleg rimelegare og meir tilgjengeleg på dagleg basis for individ med tilgang til teknologien. *Kontinuerleg involvering*: Enkel tilgang tillèt regelmessig, kontinuerleg involvering og dialog samanlikna med den episodiske eller sporadiske naturen til dei fleste andre former for samfunnsdeltaking. *Disintermediering*: I mange (men ikkje i alle) samanhengar er ikkje tilgang til internett kontrollert av portvakter eller andre formidlarar, noko som gjev brukarar ein meir direkte tilgang. *Likestilling*: I prinsippet er internett eit egalitært medium der alle deltakarar har ein likeverdig rett til ytring, der det også eksisterer mindre formelle krav til deltaking. *Overflod*: Informasjonen på internett eksisterer i overflod, der kostnadane knytt til tilgang for produsentar og konsumentar er mykje lågare samanlikna med eldre media som TV til dømes. *De-territorialisering*: Internett gjev ein augeblikkeleg tilgang til informasjon frå heile verda.

Dette får i sin tur fjerne hendingar til å virke nære, og tilbyr dermed nye moglegheiter for transnasjonalt engasjement. *Personleg tilpassing*: Mange av karakteristikkane identifisert av Banaji og Buckingham tillèt brukarar å utvikle personifiserte tilnærmingar til mediet som vil tene deira individuelle motivasjonar og føremål (Banaji og Buckingham, 2013: 8).

2.10.3 Sosial klasse, ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement

Føremålet med oppgåva er å forsøke å belyse kva rolle sosial klasse spelar i høve utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom, og vidare korleis dei ulike dimensjonane er kopla saman. Eit anna viktig spørsmål knytt til effekten av digitale kommunikasjonsnettverk, er forholdet mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement. Ei hypotese er at ikkje-digitale og digitale handlingar er to ulike former for aktivitetar med ein liten grad av overlapp. Her vil digital, kollektiv handling potensielt kunne mobilisere personar som er svært ulike frå dei som engasjerer seg i organisasjonar (Eimhjellen mfl., 2018: 18). Ei anna hypotese baserer seg på at desse to formene for engasjement konkurrerer, der digitalt engasjement potensielt kan svekke og fortrenge tradisjonell kollektiv handling. Dersom dette er tilfelle vil personar som tidlegare har vore engasjerte offline og som engasjerer seg online, kunne bli mindre engasjert i organisasjonslivet. Ei tredje hypotese er at desse engasjementsformene er uavhengige av kvarandre, anten fordi dei komplementerer kvarandre, eller fordi dei føregår kvar for seg. Dersom dette er tilfelle vil dei same personane kunne engasjere seg både ikkje-digitalt og digitalt (Eimhjellen mfl., 2018: 19).

Relasjonen mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement er eit anna viktig aspekt Banaji og Buckingham undersøkte. I same undersøkinga referert til i gjennomgangen av digitalt samfunnsengasjement, vart respondentane spurt om deira involvering i spesifikke former for ikkje-digital deltaking. Døme på slike aktivitetar var å delta i demonstrasjonar, jobbe for frivillige organisasjonar eller å donere pengar til ein velgjerande organisasjon (Banaji og Buckingham, 2013: 55). Resultatet var at kring 13% av respondentane deltok i ein eller fleire former for slike ikkje-digitale aktivitetar anten ofte eller svært ofte. For å sørge for at definisjonen deira av deltaking ikkje ekskluderte unge personar og mistolka deira nivå av engasjement, nytta dei «*politisk diskusjon online eller offline*» som ein vidare indikator for deltaking. Respondentane vart spurt om kor ofte dei prata med vener, familie og kollegaer om sosiale eller politiske problem som til dømes miljøvern, politikarar eller menneskerettar. Dette kunne gå føre seg i det verkelege liv, på nettsider, chat eller på sosiale nettverkssider. Her

svarte 36% at dei gjorde det nokon gonger, kring 40% svarte dei gjorde det ofte eller veldig ofte, medan berre 6% svarte dei aldri gjorde det (Banaji og Buckingham, 2013: 56).

Avslutningsvis spurte dei respondentane ulike spørsmål kring deira syn på kva ein «god borgar» var, med mål om å estimere deira motivasjonar og prioriteringar knytt opp mot samfunnsengasjement og politisk deltaking. Det å til dømes bry seg om folk som er mindre heldige, gjere seg opp uavhengige meiningar og å vere godt opplyst om samfunnsrelaterte saker og problem vart alle identifisert som viktige trekk ved det å vere ein god borgar. Det å stemme ved val var ein indikator som enda opp på 65% oppslutnad, eit interessant funn ettersom ungdommane på 15-17 år endå ikkje var gamle nok til å stemme sjølv (Banaji og Buckingham, 2013: 56-57).

Kate Raynes-Goldie og Luke Walker sine funn indikerer same koplinga som skissert over (Rayes-Goldie og Walker, 2008). Rayes-Goldie og Walker jobbar begge i organisasjonen «*TakingITGlobal*»¹² (TIG), der organisasjonen også driv nettsida www.tigweb.org – ei av dei største, globale nettsidene for samfunnsengasjement i verda. Som ein refleksjon av generasjonen den er meint å tene, set ikkje TakingITGlobal ei skarp skilleline mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement. Dei argumenterer for at sider for digitalt samfunnsengasjement primært legg til rette for handling, framfor å fungere som sjølve staden der handling føregår. Medan handlingar som det å skrive til offisielle tenestemenn eller det å signere ei digital underskriftskampanje er positive handlingar som føregår digitalt, skjer likevel majoriteten av aktivitetar knytt til samfunnsengasjement som følge av digitalt samfunnsengasjement i den verkelege verda (Rayes-Goldie og Walker, 2008: 162).

Nettsider for digitalt samfunnsengasjement legg til rette for ikkje-digitale aktivitetar, og gjev vidare tilgang til tre sentrale aspekt i høve endring; *informasjon, menneske og verktøy for organisering*. Desse nettsidene gjer det mogleg for ungdom å få tilgang til informasjon om problem, relevante organisasjonar og følgjeleg korleis dei kan setje i verk effektive tiltak. Slike nettsider gjer det mogleg for ungdommar å kome i kontakt med likesinna for tilbakemeldingar og støtte, og mogleggjer organisering rundt spørsmål og problem som er viktige for dei personleg. Med støtte frå likesinna individ, verktøy for organisering og riktig

¹² «*TakingITGlobal*» er ein velgjerande organisasjon som også driv nettsida www.tigweb.org. Føremålet til organisasjonen er å utvikle kapasiteten blant ungdommar til å engasjere seg både lokalt og globalt, og å fremje samfunnsengasjement både ikkje-digitalt og digitalt (TakingITGlobal, 2018).

informasjon, vert ungdommar styrka av desse nettsidene til å gå ut i den verkelege verda for å melde seg som frivillige, auke bevisstheita og informere andre om samfunnsmessige problem (Raves-Goldie og Walker, 2008: 162).

Shakuntala Banaji og David Buckingham har vidare undersøkt korleis ungdommar let seg engasjere online og offline, og kva rolle det at dei nyttar eller ikkje nyttar internett har å seie for kvardagslivet deira. Dei mest interessante funna var at kjønn, sosial klasse, alder og sosio-økonomisk status spelte sentrale rollar for internettbruken blant ungdommane. Desse funna samsvarer både med fleire av dei teoretiske bidraga gjort greie for så langt i oppgåva, og har direkte relevans for problemstillinga. Til dømes synte det seg at ungdommar frå lågare sosio-økonomiske bakgrunnar rapporterte mindre intensiv internettbruk blant anna grunna dårlegare tilgang. Likevel var det til samanlikning med middelklasseungdom meir sannsynleg at arbeidarklasseungdommar var interesserte i samfunnsmessige problem både online og offline. Vidare synte ungdommar frå øvre-middelklasse seg å vere meir interesserte i institusjonell- og valpolitikk, men at det til gjengjeld var mindre sannsynleg at dei ytra interesse for eller deltok i saker for sosial rettferd og ungdomskampanjar (Banaji og Buckingham, 2013: 49). Dei mest sentrale funna frå undersøkinga deira synte dermed til at ungdommar med mest kompetent og hyppig internettbruk var eldre, mannlege respondentar med høgare utdanning og høgare sosio-økonomisk status. Til samanlikning tenderte ungdommar frå lågare sosiale klassar å vere meir aktive i ikkje-digitale, samfunnsmessige aktivitetar (Banaji og Buckingham, 2013: 50, 155). Utan å kome med klare definisjonar på korleis dei forstår arbeidarklasseungdom og middelklasseungdom, peikar Banaji og Buckingham likevel på nokre generelle kjenneteikn. Dei såg til dømes at foreldra til ungdommar frå arbeidarklassen og lågare middelklasse gjerne var sysselsett i manuelle yrke som handverk eller andre fysiske yrke med lågare inntekt (Banaji og Buckingham, 2013: 68, 73). Middelklasseungdom og øvre-middelklasseungdom var i motsetnad kjenneteikna av høgare utdanning (gjerne universitetsutdanning) med ein betydeleg høgare sosio-økonomisk status (Banaji og Buckingham, 2013: 39, 123).


I høve problemstillinga som klart reiser spørsmålet om sosial klasse kan påverke ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement, står bidraget frå Banaji og Buckingham som inkluderer alle tre aspekt i sine analysar svært sentralt. Som gjennomgangen av funna deira over synte til, fann dei at sosial klasse i stor grad påverka både kva type samfunnsmessige aktivitetar ungdommane valde å ta del i, men også konsekvensane det å kome frå spesifikke klassar hadde for utviklinga av samfunnsengasjement (Banaji og Buckingham, 2013: 153). Sosial

klasse stod dermed attende i analysane deira som den mest avgjerande faktoren bak internett- bruk og samfunnsmessig deltaking. Dei argumenterte difor for at det var eit digitalt skilje knytt til sosio-demografiske liner, både når det var snakk om den teknologiske tilgangen til ungdommane, men også med omsyn til type samfunnsengasjement (Banaji og Buckingham, 2013: 155). Vidare konkluderte dei i tråd med Rayes-Gold og Walker, at internett som mobiliseringsarena for samfunnsengasjement berre gjorde seg gjeldande dersom ungdommane hadde eit samfunnsengasjement frå før av (Banaji og Buckingham, 2013: 156).

Med desse hovudfunna, argumenterer Banaji og Buckingham og Rayes-Goldie og Walker for at det eksisterer ein sterk korrelasjon mellom ikkje-digital og digital deltaking. Funna indikerer at dette er to former for samfunnsengasjement som komplementerer kvarandre, framfor å erstatte eller utkonkurrere kvarandre. Dette gjev difor gode indikatorar på at det ved undersøkingar av slike fenomen vil vere fordelaktig å følge koplinga mellom dei, framfor å sjå dei som anten gjensidig utelukkande eller som erstatningar for kvarandre. Eit anna sentralt funn i studiet til Banaji og Buckingham var at i motsetnad til utsegner om at ungdommar utelukkande er ein digital generasjon som alle er komfortable med e-postar, chatting og opplastingar av brukargenerert innhald, synleggjer analysane deira teikn til vedvarande digitale skilje mellom respondentane knytt til kjønn, sosial klasse og utdanning. Vidare rettar både Rayes-Goldie og Walker og Banaji og Buckingham eit viktig fokus mot det faktum at digitale nettsider med eit hovudfokus på samfunnsengasjement, primært fungerer som eit middel for handling i den verkelege verda. Dette kan difor indikere at digitalt samfunnsengasjement i større grad legg til rette for utøving av ikkje-digitalt samfunnsengasjement enn at det er noko som i seg sjølv fostrar samfunnsengasjement. Oppgåva vil no gå over til ein gjennomgang av den overordna modellen for oppgåva, før fokuset vidare vil liggje på forskingsdesign og metodologisk tilnærming.

2.11 Overordna modell for oppgåva

Før oppgåva går over i metodedelen, vil det bli skissert ein testbar, overordna modell meint å dekke både det teoretiske rammeverket og det empiriske datagrunnlaget. Den overordna problemstillinga er; *kva rolle spelar sosial klasse for utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom og korleis er dei ulike dimensjonane kopla saman?* For å best belyse denne har eg utvikla ein modell (figur 1.0), som med utgangspunkt i den teoretiske diskusjonen, er meint å skissere hypotetiske samanhengar og vidare setje rammene for å analysere hovudforventingar diskutert tidlegare i oppgåva. Føremålet med modellen er å synleggjere korleis sosial klasse, økonomisk og kulturell kapital kan vere faktorar som påverkar ikkje-digitalt samfunnsengasjement og digitalt samfunnsengasjement, og vidare korleis desse dimensjonane kan koplust saman. Dette er som nemnd innleiingsvis dimensjonar som i liten grad har vorte belyst saman i forskning på både ungdommar og samfunnsengasjement, der ein gjennom å utforme ein slik modell direkte kan undersøke påverknaden sosial klasse har på begge former for samfunnsengasjement.



Figur 1.0- overordna modell for oppgåva.

Det denne modellen som nemnd er meint å illustrere, er korleis dette er dimensjonar som ikkje er gjensidig utelukkande, men som kan sjåast i lys av kvarandre. Sosial klasse er eit fenomen som til stadigheit vert diskutert i samfunnsvitskap, og har i ein historisk kontekst vorte nytta som ein sentral forklaringsfaktor knytt til ulikheit. Likevel har debatten florert og vorte meir nyansert, der denne oppgåva trass den stadige debatten, har som mål å undersøke påverknaden sosial klasse i forstand av Bourdieu har med omsyn til problemstillinga, teori og empiri. Tett tilknytt Bourdieu si forståing av klasse ligg også konseptane om økonomisk og kulturell kapital, der ulike samansettingar av økonomisk og kulturell kapital gjev vidare indikasjonar på kva type samfunnsengasjement som kan oppstå.

Samfunnsengasjement er vidare eit komplekst omgrep, der den teoretiske diskusjonen har synt til at ulike forståingar blant anna vil avhenge av historiske, institusjonelle, og kulturelle faktorar. Det å skilje samfunnsengasjement ut i to hovuddimensjonar; ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement, og vidare digitalt samfunnsengasjement ut i «high-cost» og «low-cost» samfunnsengasjement, kan vere fordelaktig. Gjennom å undersøke ei overordna kopling mellom sosial klasse, økonomisk og kulturell kapital og to former for samfunnsengasjement i konteksten av ungdommar, vil ein kunne sjå korleis nettopp sosial klasse og ulike samansettingar av økonomisk og kulturell kapital vil kunne peike på viktige skiljeliner og likskapstrekk i høve ungdommars ulike typar av samfunnsengasjement.

Vidare vil oppgåva no fokusere på den metodologiske tilnærminga, der det vil bli gjort greie for metodeval, analysestrategi, datamateriale og metodiske resultat. Denne empiriske analysen vil bli inkludert for å sjølv undersøke kva som er i samsvar med tidlegare forskning, og korleis eigne funn potensielt skil seg frå eksisterande empiriske funn med utgangspunkt i modellen.

3.0 Forskingsdesign og metode

3.1 Metodeval og analysestrategi

Valet av metode som er best egna til eit studie kan i fylgje Kvale og Brinkman (2017: 140) avgjerast ut ifrå studiet sitt tema og problemstilling. Etersom dette studiet har som føremål å belyse korleis sosial klasse påverkar utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom og følgjeleg korleis dei ulike dimensjonane er kopla saman, fall valet på ei kvantitativ tilnærming, og meir spesifikt multivariat lineær regresjon. Det vil bli nytta eit sveitsisk datasett frå 2012, der ein av fordelane ved å nytte ein slik metode er at det gjev moglegheiter for å arbeide med store datasett (Silverman, 2014: 11). Det vil fyrst bli gjort greie for sjølve datamaterialet, fordelar og ulemper med datasettet, før ein gjennomgang av den kvantitative tilnærminga vil bli presentert. Deretter vil forventa metode fylgje, med ein gjennomgang av eksplorativ faktoranalyse, multivariat lineær regresjonsanalyse og ein presentasjon av variablane nytta i oppgåva. Ved gjennomgangen av dei avhengige variablane, vil også funna frå dei eksplorative faktoranalysane bli presentert, ettersom det er desse resultatane som dannar grunnlaget for konstruksjonen av dei avhengige variablane. Vidare vil deskriptive funn og funn frå dei multivariate lineære regresjonsanalysane bli presentert.

For å best belyse problemstillinga vil eg gjennom tre separate modellar undersøke koplinga mellom sosial klasse, ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdommar med utgangspunkt i modellen over. Dette vil bli gjort gjennom å konstruere tre avhengige variablar, der den eine avhengige variabelen vil fungere som eit mål på *ikkje-digitalt samfunnsengasjement* med utgangspunkt i ungdommars fritidsaktivitetar. Dei to andre avhengige variablane vil følgjeleg fungere som mål på to typar digitalt samfunnsengasjement; «*high-cost*» og «*low-cost*» *samfunnsengasjement*, med utgangspunkt i digitale fritidsaktivitetar blant ungdommar. For å belyse koplinga vil det bli nytta sju uavhengige variablar som kan tenkast å påverke ungdommars ikkje-digitale og digitale samfunnsengasjement; *skuletype*, *karakter i tysk*, *karakter i matte*, *talet på eigde bøker*, *økonomisk kapital*, *utdanningsnivå mor* og *utdanningsnivå far*. Dette er alle indikatorar meint å representere tre sentrale aspekt; sosial klasse, kulturell kapital og økonomisk kapital. Vidare vil *alder* og *kjønn* bli inkludert som kontrollvariablar for å kontrollere for spuriøse samanhengar. Desse vert haldne konstante for at ein skal kunne undersøke om effektane dei

uavhengige variablane har på dei avhengige variablane er reelle, eller om dei kjem av andre bakanforliggjande variablar. Vidare er dette også interessante aspekt å inkludere i analysane ettersom andre studie har identifisert at begge aspekta spelar ei rolle med omsyn til dei avhengige variablane.

3.2 Datamateriale

Det empiriske grunnlaget for dei påfølgjande analysane er basert på datamaterialet frå eit studie kalla «*So Youth*» gjennomført i kantonen Zürich i Sveits i 2012, der 3085 ungdommar utgjorde den totale populasjonen. Datamaterialet dette studiet baserer seg på består av eit representativt kvantitativt studie av ungdommar vakse opp i Zürich, der det i det originale studiet også vart inkludert eit kvalitativt studie basert på gruppediskusjonar og bilete-rapportar om jamnaldrande ungdommar. Denne kvalitative delen vil ikkje bli nytta i denne oppgåva då det fokuserer på ungdommars oppfatningar av kvarandre – noko problemstillinga ikkje fokuserer på. Det originale studiet vart innhenta og utarbeida av eit forskningsteam bestående av Jan Skrobanek, Emanuela Chiapparini og Verena Kuglstatter, der fokuset var «*informal and formal engagement of young people*» (Skrobanek mfl., 2012a-e). Det kvantitative datasettet inneheld blant anna informasjon om fysiske fritidsaktivitetar, digitale fritidsaktivitetar, familie og sosial klasse, økonomisk kapital og kulturell kapital, som alle er sentrale aspekt ved problemstillinga. Også dimensjonar som omfattar migrasjon, rusmidlar og substansbruk, gruppetilhøyrslø og valdsbruk er inkludert i datasettet, men er ikkje indikatorar som vert nytta i denne oppgåva.

Årsaka til at det i denne oppgåva vert nytta eit sveitsisk studie er fordi eg gjennom rettleiaren min Jan Skrobanek fekk tilgang til datamaterialet, då han også leia forskningsteamet som gjennomførte studiet. Vidare eksisterer det ikkje mange datasett som gjev moglegheiter for å undersøke koplinga mellom dimensjonane sosial klasse, økonomisk kapital, kulturell kapital og ulike former for samfunnsengasjement blant ungdom, noko dette datasettet opnar opp for. Det gav meg difor gode moglegheiter for å undersøke desse samanhengane i lys av sentrale teoretiske bidrag for å underbygge og kontrastere empiriske funn. Gjennom ei kvantitativ tilnærming vil ein kunne tileigne seg mykje breiddeinformasjon og følgeleg potensielt kunne sjå tendensar til generaliserbare mønster knytt til tematikken. Eit viktig moment å understreke her vil likevel vere konteksten i høve land. Dette er eit representativt studie for kantonen Zürich, der funna primært vil spegle ein sveitsisk kontekst. Sjølv om resultatane ikkje

nødvendigvis direkte kan overførast til andre land, gjev det likevel moglegheiter for å undersøke desse relasjonane i ein spesifikk kontekst, som då vidare kan skape nye moglegheiter for å tilføre meir kunnskap kring tematikken også i andre land.

3.2.1 Fordelar og ulemper med datamaterialet

Datamaterialet nytta i oppgåva har fyrst og fremst fordelene med at det inneheld sentrale indikatorar som direkte målar det oppgåva fokuserer på. Desse indikatorane baserer seg på aspekt som kulturell kapital målt gjennom blant anna skuletype, karakter i tysk og matte og talet på eigde bøker; økonomisk kapital målt blant anna gjennom ein subjektiv oppfatning av familieøkonomi; og sosial klasse målt gjennom blant anna mor og fars utdanningsnivå. Etersom studiet vart gjennomført av eit forskningsteam der 3085 ungdommar utgjorde populasjonen, gjer det at sjølve datamaterialet har ein høg kvalitet som både er reliabel og representativ. Dette fører i sin tur til at ein unngår potensielle ulemper som inkluderer avgrensa utval av einingar, manglande respons frå respondentar og potensielle fråfall. Etersom datamaterialet baserer seg på eit allereie innhenta studie, unngår ein også den omfattande søkingsprosessen ein ved ei kvalitativ tilnærming må gjennom, der etiske omsyn også allereie er tatt høgde for. Alle ungdommane i studiet samtykka til at informasjonen kunne nyttast i analyser, der prosjektet møtte dei etiske krava for survey-baserte data i tråd med Sveitsisk Forskningsråd.

Likevel har datamaterialet også sine ulemper og avgrensingar. Ei avgrensing knytt til datamaterialet er at det baserer seg på funn frå kantonen Zürich, eit urbant område bestående av byen Zürich og dei tilhøyrande distrikta. Det er difor stort sannsyn for at moglegheitene for å engasjere seg både er større og meir normalisert grunna større tilgang på nettverkstilbod osv., samanlikna med meir rurale område. Dette kan gjere det vanskeleg å generalisere i høve kjenneteikn og mønster blant ungdommar utover den konteksten studiet har funne stad. Likevel er multivariate lineære analyser meint å undersøke generelle samanhengar som gjer at generalisering av funn potensielt kan vere mogleg. Vidare er også både studie og datamaterialet berre tilgjengeleg på tysk, noko som har gjort arbeidet med omsetjing i samarbeid med rettleiar tidkrevjande. Ei anna avgrensing med datamaterialet er sjølve konstruksjonen av dei avhengige variablane. Samfunnsengasjement er som den teoretiske utgreiinga har synt til, eit komplekst omgrep som ikkje har ei enkel forståing. Det eksisterte fleire ulike indikatorar i datasettet som potensielt kunne vore nytta – som til dømes

engasjement i foreiningar. Gjennomgangen av variablane nytta i oppgåva vil likevel syne til at dei tre avhengige variablane vart konstruert gjennom diverse former for fritidsaktivitetar blant ungdom. Gjennom å operasjonalisere samfunnsengasjement som fritidsaktivitetar kan ein moglegvis avgrense eigne funn, og potensielt gå glipp av andre sentrale aspekt knytt til samfunnsengasjement samanlikna med om ein hadde inkludert andre indikatorar i datamaterialet. Likevel er dette ei nødvendig avgrensing for å redusere kompleksiteten, og vidare gjere operasjonaliseringa av hovuddimensjonane klare og tydelege. Også utvalet i datasettet kan føre med seg enkelte utfordringar. Utvalet består av eit tilfeldig, utval gjort på skule-og klassenivå, noko som potensielt kan gjere at ein får ein type selektivitet då det baserer seg på ein konkret skulekontekst som moglegvis ikkje er gjeldande i andre skulekontekstar.

3.2.2 Utval

Datamaterialet består av totalt 3085 ungdommar frå kantonen Zürich, Sveits.

Målpopulasjonen for analysane som vil fylgje er ungdommar i alderen 15-24 år (N=3045 grunna missing values). Desse ungdommane var tilknytt akademisk orientert vidaregåande skule som vidare fører til universitetskvalifisering, eller fagskular som fører til lærling/praksiskvalifisering. Studentane fekk tilgang til eit online spørjeskjema, der dei kunne velje sjølv om dei ville delta eller ikkje. Vidare vart også konfidensialitet tatt høgde for i alle ledd av studiet. I høve sampling vart 224 klassar frå 63 skular (10% tilfeldig utval) vald frå ei liste over alle akademisk-orienterte vidaregåande skular og yrkesskular, der dette førte til ei samla svarprosent på 80%. Vidare var også kjønnsfordelinga nokså jamn, noko gjennomgangen av dei uavhengige variablane vil synleggjere. Utvalet kan difor vurderast som representativt for elevar ved vidaregåande skular og elevar ved fagskular i kantonen Zürich (Skrobanek mfl. 2012a-e, 2019).

3.3 Den kvantitative tilnærminga

Som alle ulike metodar føl det både fordelar og ulemper med den kvantitative tilnærminga. Ideelt bør prosessen for måling og datainnsamling for eit kvart studie vere klart definert av forskaren, slik at andre også kan gjennomføre tilsvarende studiar (Stockemer, 2019: 6). Målet med alle studie er å oppnå intersubjektiv kunnskap, som vil seie at dersom to individ føl den same prosessen for datainnsamling og gjennomfører det same empiriske studiet, vil resultatata

vere analoge. For at ein skal kunne vere så intersubjektiv eller «faktabasert» som mogleg, bør empirisk vitenskap rette seg etter fylgjande kriterium (Stockemer, 2019: 6-8);

- **Falsifisering.** Paradigmet om falsifisering impliserer at utsegn eller hypotesar anten kan bli bevist eller tilbakebevist. Hypotesen om at sosial klasse påverkar ungdommars samfunnsengasjement kan testast empirisk. Etter å ha definert kva sosial klasse og samfunnsengasjement er, kan ein innhente data som passar definisjonane, før ein deretter nyttar statistikk for å teste om hypotesen stemmer eller ikkje.
- **Overføringsevne.** Prosessen der overføringsevna av forskingsresultat vert oppnådd vert gjerne kalla *replikasjon*, som refererer til at tidlegare funn kan testast på nytt. Ei slik re-testing kan anten involvere det same datamaterialet eller nye data frå dei same empiriske referentane. Replikering inneber også høge vitenskaplege standardar; det er berre mogleg å attskape eit studie dersom datainnsamlinga, datakjelda og analyseverktøya er klart skissert i forskingsstudiet.
- **Den kumulative naturen til kunnskap.** Empirisk kunnskap er kumulativ, noko som vil seie at funn og forskingsmetodar er basert på forkunnskapar. Sagt med andre ord, forskaren byrjar ikkje frå botnen av eller går ut i frå intuisjon når vedkommande gjennomfører eit forskingsprosjekt. Snarare forsøker ein å bekrefte, avkrefte, endre, utvide eller bygge på tidlegare forskning og kunnskap.
- **Generalisering.** I empirisk samfunnsvitenskap er ein interessert i generelle snarare enn spesifikke forklaringar. Ein er interessert i grenser og avgrensingar av empiriske utsegn. Gjeld eit empirisk utsegn berre for eit konkret case, eller kan det bli generalisert til å forklare fleire case? Sagt på ein annan måte, ein er interessert i talet på case der utsegna er gyldig, der ein breiare anvendelegheit vil vege tyngst.

Ved å nytte statistikk, tillèt ikkje berre kvantitative metodar oss å numerisk skildre fenomen, men det hjelper oss også å undersøke samanhengar mellom to eller fleire variablar. For å teikne eit bilete, kan kvantitativ forskning illustrere at personar med lågt utdanningsnivå og under gjennomsnittleg inntekt, har mindre sannsyn for å stemme samanlikna med høgt utdanna og velstående personar. Likevel er det igjen mindre eigna til å forklare årsakene som ligg bak det at dei ikkje stemmer, der vil kvalitativ forskning vere betre eigna (Stockemer, 2019: 8-9).

Prosessen for kvantitativ forskning er deduktiv. Den er primært teori-driven ved at den både byrjar og sluttar med teori. Før ein byrjar eit forskingsprosjekt, må ein fyrst gjere seg kjend med relevant litteratur. Ein må stifte kjennskap til dominerande teoriar og forklaringar knytt til fenomenet ein ynskjer å studere, og vidare identifisere kontroversar og kunnskapshol. Den eksisterande teorien vil deretter leie fram til formulering av hypotesar som ideelt sett set seg føre å løyse nokre av kontroversane eller fylle eit eller fleire kunnskapshol (Stockemer, 2019: 18). Kvantitativ forskning kan også teste eksisterande teoriar med nye kvantitative data, etablere nye grenser eller sette avgrensingar for ein teori, og etablere nye forhold for kvar ein teori skal vere gjeldande. Uavhengig av føremål, startar god kvantitativ forskning med eit teoretisk avleia forskingsspørsmål og hypotesar. Ideelt sett, bør forskingsspørsmålet adressere eit viktig tema og gje eit potensielt teoretisk bidrag til litteraturen det har som mål å leggje til, endre eller tilbakevise (Stockemer, 2019: 19).

I neste steg må forskaren tenke på korleis ein skal måle desse variablane. Når variablane vert operasjonalisert, må forskaren sørge for at det er høg innhaldsvaliditet mellom den numeriske representasjonen og den omgrepsfesta definisjonen av det aktuelle konsept. Etter å ha bestemt korleis variablane skal målast, må forskaren vidare rette fokus mot sampling eller utvalsprosessen. Med andre ord, kva empiriske referansar skal forskaren nytte for å teste hypotesane? (Stockemer, 2019: 19). Måling og sampling vert ofte gjort samstundes, der dei empiriske referentane forskaren set seg føre å studere, kan predisponere forskaren til å nytte ein operasjonalisering av ein indikator framfor ein annan. Nokre gonger vert dette også avgjort av praktiske omsyn, som til dømes ved sjølve eksistensen av empiriske data, som då vil avgjere målinga av variablane, talet på, og typen av observasjonar studert. Når forskaren då har datamaterialet sitt, kan passande statistiske testar for å evaluere forskingsspørsmålet og hypotesane finne stad. Resultatet av studiet vil då ideelt ha ein påverknad på den overordna teorien det er knytt til (Stockemer, 2019: 19).

3.4 Forventa metode

Fyrst vil ein gjennomgang av eksplorativ faktoranalyse bli presentert, ettersom føremålet med å inkludere denne metoden er å redusere kompleksiteten av indikatorar med omsyn til konstruksjonen av dei avhengige variablane. Vidare vil multivariat lineær regresjonsanalyse bli gjort greie for som metodisk tilnærming. Denne metoden vil bli nytta for å kunne analysere dei avhengige variablane i lys av fleire uavhengige variablar samstundes, med mål

om å identifisere generaliserbare mønster. Presentasjon av dei uavhengige variablane, resultatane frå dei eksplorative faktoranalysane og med dette, konstruksjonen av dei tre avhengige variablane vil deretter fylgje. Avslutningsvis vil funna frå deskriptiv statistikk og dei multivariate lineære regresjonsanalysane bli presentert i eigne underkapittel.

3.4.1 Kva er ei eksplorativ faktoranalyse?

Ein fruktbar metode å inkludere i den metodologiske tilnærminga, kan vere å gjennomføre ei eksplorativ faktoranalyse. Som Andy Field skriv, vil ein gjerne i både vitenskap og samfunnsvitenskap måle ting som ikkje er direkte målbare, såkalla *latente variablar*. Ein kan undersøke slike latente variablar gjennom aspekt knytt til fenomenet, der det overordna målet er å finne ut om desse aspekta reflekterer ein enkelt variabel, eller sagt på ein annan måte; er desse ulike måla drive av den same, underliggjande variabelen? (Field, 2016: 666).

Ei faktoranalyse har i si generelle form tre hovudføremål; (1) å forstå strukturen av eit sett med variablar; (2) å konstruere eit spørjeskjema for å måle ein underliggjande variabel; og (3) å redusere eit datasett til ein meir handterbar storleik, samstundes som ein beheld så mykje av den originale informasjonen som mogleg (Field, 2016: 666-667). Til dette studiet vil det tredje føremålet vere det som står i fokus – altså å redusere eit sett av variablar til eit sett med mindre dimensjonar eller faktorar. Faktoranalysar forsøker å forklare mest mogleg av den samla variansen i ei korrelasjonsmatrise ved å nytte så få forklaringskonstruksjonar som mogleg. Desse «forklaringskonstruksjonane» vert i ei faktoranalyse referert til som *faktorar* eller *latente variablar*, og representerer klynge-variablar som i stor grad korrelerer med kvarandre (Field, 2016: 667). Ei faktoranalyse søkjer dermed å redusere korrelasjonsmatrisa til eit mindre sett av dimensjonar, der desse dimensjonane eller faktorene vert estimert frå sjølve datamaterialet og vert hevda å reflektere konstruksjonar som ikkje er direkte målbare (Field, 2016: 668).

Gjennom slike indekskonstruksjonar får ein vidare oppgjeve *Chronbachs alpha*, som fungerer som eit reliabilitetsmål. Chronbachs alpha seier noko om kor godt indeksen ein har konstruert vil samsvare med ein annan indeks basert på andre enkeltvariablar som måler det same fenomenet. Koeffisienten ein får oppgjeve er difor ein indikator i høve graden den aktuelle indeksen kan seiast å gje eit generaliserbart måleresultat. Storleiken på Chronbachs alpha vil vere avhengig av kor høg korrelasjon det er mellom dei enkelte variablane indeksen består av,

i tillegg til talet på variasjonar som inngår i sjølve indeksen. Jo fleire variablar som er inkludert og jo høgare korrelasjon det er mellom variablane, desto høgare vil Alpha også bli (Skog, 2015: 95-97). Vidare går også Chronbachs alpha på ein skala frå 0 til 1 (Longest, 2015: 196), der indeksverdiar nærare 1 indikerer at variablane er nært knytt og dermed dannar ein effektiv indeks.

Når ein snakkar om både ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement kan det tenkast at det er fenomen som ikkje nødvendigvis er direkte målbart, men som kan ha fleire ulike aspekt ved seg. I høve denne oppgåva nyttar eg to sett med variablar der målet er å konstruere tre ulike indeksar; eit sett med variablar der indeksen for *ikkje-digitalt samfunnsengasjement* vil bli konstruert, og eit sett for konstruksjonen av indeksane *digitalt «high-cost» samfunnsengasjement* og *digitalt «low-cost» samfunnsengasjement*. Funna og tolkinga av dei eksplorative faktoranalysane vil som nemnd bli gjort greie for i eigne kapittel. Vidare vil no ein presentasjon av multivariat lineær regresjonsanalyse følgje.

3.4.2 Multivariat lineær regresjonsanalyse

Som tidlegare nemnd, er den overordna problemstillinga å undersøke kva rolle sosial klasse spelar i høve utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom, og vidare undersøke korleis dei ulike dimensjonane er kopla saman. Multivariat lineær regresjon kan som Skog (2015: 258) argumenterer for, ha fleire ulike målsetjingar. Ein kan til dømes nytte multivariat lineær regresjon for å oppnå ei så fullstendig forklaring av variasjonane i den avhengige variabelen som mogleg. Vidare kan metoden også nyttast for å undersøke korleis ein bestemt årsaksfaktor påverkar den avhengige variabelen. Dersom ein er interessert i sistnemnde, vil ein kontrollere for bakenforliggjande faktorar som kan gje opphav til spuriøse (tilfeldige), eller kontrollere for mellomliggjande (gjerne kalla konfunderande) variablar som representerer ein annan mekanisme enn den ein er interessert i (Skog, 2015: 258-259). Når det er snakk om sosiale fenomen, vil det difor eksistere mange årsaker som er påverka av ei rekke ulike faktorar. Difor vil det i denne oppgåva vere fordelaktig å analysere dei avhengige variablane i lys av fleire uavhengige variablar samstundes. Dette er dermed grunnlaget og utgangspunktet til multivariate lineære regresjonsanalyser (Skog, 2015: 258).

For å kunne tolke analyseresultata frå dei multivariate lineære regresjonsanalysane må ein fyrst sette eit signifikansnivå, som vil avgjere den kritiske verdien. Dette signifikansnivået er

ikkje ein gjeven størrelse, men noko forskaren sjølv vel (Skog, 2015: 177). Jo strengare signifikansnivå ein vel, desto høgare vert den kritiske verdien testobservatoren må overstige for at ein skal kunne forkaste nullhypotesen som seier at dei uavhengige variablane ikkje påverkar den avhengige variabelen (Skog, 2015: 175, 177). Det å sette eit svært strengt signifikansnivå verkar gjerne som eit naturleg val for å unngå å forkaste nullhypotesen på feilaktig grunnlag (Skog, 2015: 175). Dette kjem likevel ikkje utan vidare problem då sjansen for å gjere den motsette feilen – altså å ikkje avdekke ein samanheng eller skilnad – aukar. I praksis vil difor dette seie at ein som forskar må vege desse feila opp mot kvarandre når ein set eit signifikansnivå. Den fyrste feilen (å forkaste ei korrekt nullhypotese) vert kalla feil av type I, medan den andre feilen (å ikkje forkaste ei gal nullhypotese) vert kalla feil av type II (Skog, 2015: 175). For denne oppgåva har eg vald å sette eit 5% signifikansnivå, der p-verdiane då må overskride 0.05 for at ein skal kunne forkaste nullhypotesen.

Ein kan vidare nytte t-verdien som testobservator, der ein tek utgangspunkt i t-fordelinga for å finne kritiske verdiar eller signifikanssannsynet. Denne kritiske verdien vert gjerne sett til +/- 1.96 når utvala er store, noko dei er i alle tre av mine modellar. Ein høg t-verdi kan indikere at det er eit større sannsyn for at effektane av modellen er reell, medan ein låg t-verdi følgjeleg kan syne til at sannsynet for effektane av modellen er prega av tilfeldigheter i utvalet (Skog, 2015: 174,178-179).

Vidare syner regresjonskoeffisientane i modellane til den gjennomsnittlege styrken på samanhengen mellom avhengig variabel og den enkelte uavhengige variabel, når dei resterande uavhengige variablane sine verdiar vert haldne konstante (Treiman, 2009: 105). På denne måten vil ein kunne «kontrollere» effekten av dei andre variablane i modellen. Det regresjonskoeffisientane til dei uavhengige variablane syner til, vil difor vere korleis ein stigning i ein av dei kan føre til ein reduksjon eller ei auke i avhengig variabel når dei andre vert haldne konstante.

Ved å rette fokus mot justert R^2 kan ein vanlegvis sjå kor stor forklaringskraft modellane har i sin heilheit. Justert R^2 går frå 0 til 1, der verdiar nærare 1 indikerer høgare forklaringskraft. Likevel kan ein høg justert R^2 vere vanskeleg å oppnå i samfunnsvitskap, noko Donald J. Treiman syner til gjennom eit sitat av Otis Dudley Duncan. Her understreker Duncan kompleksiteten ved det menneskelege samfunnet, og vidare utfordringar ved å forske på det;

Sociologists are often disappointed in the size of the residual, assuming that this is a measure of their success in «explaining» the phenomenon under study. They seldom reflect on what it would mean to live in a society where nearly perfect explanation of the dependent variable could be secured by studying casual variables like father's occupation or respondent's education. In such a society it would indeed be true that some are «destined to poverty from birth...by the economic status or occupation of their parents». Others, of course, would be «destined» to affluence or to modest circumstances. By no effort of their own could they materially alter the course of destiny, nor could any stroke of fortune, good or ill, lead to an outcome not already in the cards» (Blau & Duncan, 1967: 174, referert i Treiman, 2009: 112).

3.5 Presentasjon av variablar

Her vil det bli gjeve ein gjennomgang av alle variablane som vert nytta i oppgåva, knytt til både den overordna modellen og det empiriske datagrunnlaget. Fyrst vil dei uavhengige variablane nytta i oppgåva bli presentert, før konstruksjonen av dei avhengige variablane vil bli gjort greie for. Avslutningsvis vil det også bli presentert ein tabell som inneheld gjennomsnitt, standardavvik og korrelasjon for alle uavhengige variablar (tabell 4.0).

3.5.1 Uavhengige variablar

Skuletype

Spørsmålet i undersøkinga var som fylgjer; *kva type skule går du på for augneblikket?*, der N=3082. Den originale variabelen er ein nominal variabel med fylgjande kategoriar; 1= «yrkesfagleg skule», 2= «yrkesførebuande», 3= «generell ungdomsskule», 4= «ungdomsskule (informatikk-fokusert)», 5= «spesialisert ungdomsskule», 6= «vidaregåande skule/gymnas» og 7= «andre skuletypar». Desse indikatorane har vorte rekoda og slått saman til ein dikotom variabel; 1= «yrkesfagleg kompetanse» og 2= «generell studiekompetanse». Her hadde over 70% av respondentane yrkesfagleg kompetanse, medan i underkant av 30% hadde ein generell studiekompetanse. Gjennomsnitt og standardavviket til variabelen vil bli gjort greie for i tabell 4.0, avslutningsvis i denne gjennomgangen. Denne variabelen fungerer som ein grov indikator med omsyn til skilnader i høve kompetansebevis, som då gjer eit skilje mellom vegen vidare for høgare utdanning (universitet og elite-utdanningar) og praktiske utdanningar med eit større yrkesretta fokus.

Karakter i tysk


Også denne uavhengige variabelen representerer kulturell kapital i form av respondenten sin karakter i tysk. I Sveits er tysk fyrstespråket og eit av fire hovudspråk, der ein logisk konsekvens er at majoriteten av respondentane i datasettet jamt over har gode karakterar i dette faget. Det kan tenkast at sterkare språklege ferdigheiter kan vere ein positiv faktor for kor villig ein er til å la seg engasjere. Karaktersystemet i Sveits føl same graderingsskala som ved universitet i Noreg, frå «E» som indikerer bestått til «A» som høgaste moglege karakter. Spørsmålet respondentane måtte svare på var; *kva var din siste karakter i tysk?* Variabelen er på ordinal-nivå, der verdien 1= «E», 2= «D», 3= «C», 4= «B» og 5= «A». Som ein kan lese av den oppsummerande tabellen for deskriptiv statistikk (tabell 4.0), ligg gjennomsnittskarakteren på 4.53 medan standardavviket ligg på 0.55. I høve denne variabelen er N=3018 grunna missing values.

Karakter i matte

Matematikk er gjerne eit fag tilknytt meir systematisk og eksakt vitskap, men kan det likevel seie noko om respondenten si evne til å engasjere seg i diskusjonar som omhandlar samfunnsspørsmål? Spørsmålet respondentane måtte svare på var; *kva var din siste karakter i matematikk?* Som tabell 4.0 syner, ligg gjennomsnittskarakteren i matte på 4.40 og standardavviket på 0.70. Også denne variabelen er på ordinal-nivå, med verdier frå 1-5, der 1= «E» til 5= «A». Majoriteten av respondentane har også her gode karakterar, som gjer at dei framstår som ei relativt homogen gruppe med like føresetnader når det er snakk om matematiske ferdigheiter sin potensielle påverknad. N=2928 grunna missing values.

Bøker

Spørsmålet respondentane måtte svare på var; *kor mange bøker (ekskludert skulebøker) eig du?* Variabelen er på ordinal-nivå og kategorisert og rekoda med verdier frå 1-5, der verdien 1= «ingen eller få» medan verdien 5= «nok til å fylle meir enn to hyller». Den er meint som ein indikator på kulturell kapital, og kan potensielt seie noko om i kva grad respondentane ynskjer å erverve ekstra kunnskap utanfor skuletida – ein eigenskap som gjerne vert sett på som viktig ved begge former for samfunnsengasjement. Som det kjem fram av figuren under (figur 2.0), har kring 30% av respondentane nok bøker til å fylle ein hylleseksjon, kring 24% av respondentane eig ingen eller få bøker, medan nesten 12% eig nok bøker til å fylle meir enn to hyller. Figuren syner også til at N=3070 i høve denne variabelen.




Figur 2.0- bøker.

Økonomisk kapital

Dette er ein uavhengig variabel meint å måle respondenten sin opplevde økonomiske kapital, der N=3054. Påstandane som utgjorde dei fire opphavlege variablane som respondentane måtte svare på med omsyn til kor godt dei stemde eller ikkje var; *vi har råd til det vi vil; samanlikna med andre familiar har min familie det bra økonomisk; familien min må tenke nøye gjennom kva vi brukar pengar på; vi må spare dersom vi vil ha råd til noko spesielt.* Desse fire opphavelge variablane vart rekoda til «svært god økonomi», «god økonomi», «trong økonomi» og «svært trong økonomi», der dei to siste kategoriane har vorte snudd for at dei skal stemme overeins med dei rekoda svaralternativa. Dei to fyrste rekoda svaralternativa består av måleskalaen 1= «stemmer godt», 2= «stemmer», 3= «stemmer delvis», 4= «delvis ueinig» og 5= «stemmer ikkje», medan måleskalaen som nemnd over går motsett veg for dei to siste svaralternativa for at dei skal vere i tråd med resten av svaralternativa. Respondentane har dermed tatt stilling til fire ulike påstandar der svaralternativa er representert ved måleskalaen skissert over. Denne uavhengige variabelen for økonomisk kapital består altså av totalt fire ulike indikatorar på respondentens opplevde økonomi, som vidare har blitt slått saman til ein summativ-skalert variabel, kalla «økonomisk kapital». Gjennomsnitt og standardavvik for denne variabelen er presentert i tabell 4.0.

Utdanningsnivå mor

Kan mors utdanningsnivå seie noko om kva rolle sosial klasse spelar for kva type samfunnsengasjement respondentane har? Spørsmålet i studiet var; *kva er mora di sitt høgaste utdanningsnivå?* Den originale variabelen var kategorisert med totalt 11 verdiar; 1= «grunnskule», 2= «yrkesfag/fagbrev», 3= «mester», 4= «vidaregåande skule/yrkesfag med studiekompetanse», 5= «andre yrkesfag enn handverk/fagbrev», 6= «vidaregåande skule/realfag/studiekompetanse», 7= «gymnas/vidaregåande skule/studiekompetanse», 8= «faghøgskule», 9= «universitet», 10= «veit ikkje» og 11= «ingen utdanning». Desse indikatorane vart rekoda og slått saman til ein ny ordinal variabel med totalt 3 ulike verdiar; 1= «låg utdanning», 2= «middels høg utdanning» og 3= «høg utdanning». Som ein kan lese av figuren under (figur 3.0), har respondentane oppgjeve at over 60% av mødrene har middels høg utdanning, medan kring 25% har oppgjeve at deira mødrer har høg utdanning. N=2607 for denne uavhengige variabelen, då kategorien «veit ikkje» også er inkludert i missing values.




Figur 3.0- utdanningsnivå mor.

Utdanningsnivå far

Denne variabelen er også meint å måle sosial klasse på same måte som førre variabel, men her er fars utdanningsnivå i fokus. Spørsmålet i studiet var; *kva er faren din sitt høgaste utdanningsnivå?* Det same spørsmålet stilt over vil gjere seg gjeldande her, men ved å behandle mor og fars utdanningsnivå som separate distinksjonar kan ein potensielt få belyse


fleire nyansar ved respondentane sine sosial bakgrunnar. Som ein kan lese av figuren under (figur 4.0), har nesten 50% av respondentane oppgjeve at fedrane har middels høg utdanning, medan over 40% har oppgjeve at deira fedrar har høg utdanning. N=2557 for denne ordinale variabelen, der kategorien «*veit ikkje*» også her er inkludert i missing values.



Figur 4.0- utdanningsnivå far.

Alder


Aldersvariabelen er ein kontrollvariabel, inkludert for å kontrollere for spuriøse samanhengar. Slike kontrollvariablar heldne konstante for at ein skal kunne undersøke om effektane dei uavhengige variablane har på dei avhengige variablane er reelle, eller om dei kjem av andre bakenforliggjande faktorar. Aldersvariabelen vart konstruert frå ein allereie korrigert aldersvariabel i datasettet. Ekstremverdiar er kutta, då den originale aldersvariabelen gjekk opp til 29 år. Variabelen er rekoda slik at kvar kategori inkluderer to aldrar frå 15 år til 24 år, der N=3045. Det er med andre ord kategorisert med fem ulike kategoriar, som går frå lågast alder, 1= «15-16 år» til høgast alder 5= «23-24 år». Som ein kan lese av figuren under (figur 5.0), utgjer 17-18 åringar kring 55% av populasjonen, medan 21% er i alderen 19-20 år. Denne variabelen kan difor seie noko om det er aldersmessige skilnader i høve samfunnsengasjement, og kan potensielt seie noko om spesifikke aldersgrupper primært har eit ikkje-digitalt eller digitalt samfunnsengasjement.



Figur 5.0- alder.

Kjønn

Variabelen kjønn er også ein kontrollvariabel, inkludert på same grunnlag som aldersvariabelen. Vidare kan kjønn også vere eit interessant aspekt ettersom det kan tenkast at kjønnsdelte skilnader kan vere eit faktum for samfunnsengasjement i både ikkje-digitalt og digital forstand. Denne variabelen er koda om til ein dummyvariabel, der verdien 0= «mann» medan verdien 1= «kvinne». Som ein kan lese av figuren under (figur 6.0), er N=3069. Kjønnfordelinga er nokså jamn i datasettet, der kvinner utgjer 51% av populasjonen, medan 49% av respondentane er mannlege.



Figur 6.0- kjønn.

3.5.2 Avhengige variabler

Valet om å inkludere tre ulike avhengige variabler botnar i sjølve problemstillinga som klart skil mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement. Det var difor mest hensiktsmessig å redusere kompleksiteten av indikatorar gjennom eksplorative faktoranalyser. Med utgangspunkt i dei reduserte dimensjonane, kunne ein dermed konstruere ein indeks for den avhengige variabelen *ikkje-digitalt samfunnsengasjement* og to indeksar for dei avhengige variablane *digitalt samfunnsengasjement*, som vart skilt ut i to separate dimensjonar- referert til som *digitalt «high-cost» samfunnsengasjement* og *digitalt «low-cost» samfunnsengasjement*. Under vil prosessen for dei eksplorative faktoranalysane og følgeleg resultatata bli presentert, der analyseresultatata vil utgjere endelege operasjonaliseringar av dei tre avhengige variablane.

3.5.2.1 Indekskonstruksjon: ikkje-digitalt samfunnsengasjement

Målinga av ungdommars ikkje-digitale fritidsaktivitetar baserte seg på totalt 21 ulike indikatorar. Det fyrste steget er å køyre ein faktortest for å finne ut om indikatorane i tabellen let seg forklare gjennom latente faktorar som ligg bak, og på den måten redusere kompleksiteten. Det viktigaste å rette fokus mot i denne testen er *Kaiser-Meyer-Olkin Measure of Sampling Adequacy (KMO)*, som Field (2016: 684) seier varierer mellom 0 og 1. Her bør verdien overskride 0.7 for at ein skal kunne fortsette til neste steg. KMO overskrid

denne grensa med ein verdi på 0.771, noko som indikerer at datamaterialet er godt egna til å analysere. Deretter føl den eksplorative faktoranalysen, der ein undersøker kor mange faktorar ein bør sjå nærare på i høve Kaisers kriterium, som seier at eigenvalue bør overskride 1.0 (Field, 2016: 677). Kommandoen «*varimax*» vart nytta ved roteringa av analysen for å prøve å maksimere spreininga av ladingar innanfor dei ulike faktorane. Dette gjer den substansielle tolkinga lettare, der ladingane bør overskride 0.4 (Field, 2016: 681). Resultatet av den roterte løysninga er presentert under (tabell 2.0), der faktorar med eigenvalue under 1.0 er fjerna ettersom dei ikkje har møtt Kaisers kriterium.

Ikkje-digitale fritidsaktivitetar	Faktorar		
	Samfunnsrelatert aktivisme og initiativ-fokuserte fritidsaktivitetar	Uformelle, sosiale fritidsaktivitetar	Kulturelle former for fritidsaktivitetar
ungdomsklubb	0.26	0.03	0.07
gå i kyrkja	0.16	-0.16	0.08
trene ute	0.09	0.12	-0.01
aktiv i klubb	0.21	0.03	0.02
initiativ	0.69*	0.04	0.13
organiserte handlingar	0.67*	0.08	0.07
politisk engasjert	0.42*	0.09	0.21
engasjert i miljøspørsmål	0.40*	0.02	0.23
diskutere tema	0.25	0.10	0.16
delta på sportshendingar	0.16	0.18	0.07
lage musikk	0.13	-0.09	0.22
kunst og maling	0.16	-0.04	0.22
å vere i naturen	0.08	-0.03	0.15
gå på kino	0.02	0.22	0.21
teater og klassiske konsertar	0.15	-0.00	0.62*
andre konsertar	0.17	0.37	0.38
kunstutstillingar og museum	0.14	0.00	0.60*
gå på bar eller pub	0.05	0.76*	0.04
fest	0.04	0.77*	-0.03
gå på restaurant	0.04	0.31	0.11
shopping	-0.01	0.19	0.03
<i>Cronbach's α</i>	<i>0.73</i>	<i>0.68</i>	<i>0.68</i>

*Faktorladingar: ladingar på den absolutte verdien 0.4 eller større er markert med stjerner og utheva. Faktorar med eigenvalue under 1.0 er fjerna då dei ikkje møter Kaisers Kriterium.

Tabell 2.0- eksplorativ faktoranalyse for ikkje-digitalt samfunnsengasjement.

Indikatorane er som tabellen over syner til, svært varierte og representerer fleire ulike typar fritidsaktivitetar. Ut ifrå Kaisers kriterium er det i mi analyse dermed 3 underliggjande dimensjonar eller faktorar som møter kriteriet om eigenvalue over 1.0. I høve målet om å konstruere den avhengige variabelen ikkje-digitalt samfunnsengasjement, er det som tabellen syner, nokre indikatorar som skil seg ut. Indikatorane som kan argumenterast for at måler sentrale trekk ved samfunnsengasjement og som har høg lading (over 0.4) på faktor 1, er «*initiativ*» og «*organiserte handlingar*» «*politisk engasjert*» og «*engasjert i miljøspørsmål*». Med desse fritidsaktivitetane som tydeleg er dominert av initiativ, synleggjer denne dimensjonen dermed klart samfunnsrelatert aktivisme og involverte praksisar. Dette kan bli understøtta av både egne tidlege forventingar og teoretiske bidrag, og verkar difor som gode indikatorar for konstruksjonen av den avhengige variabelen *ikkje-digitalt samfunnsengasjement*. Fritidsaktivitetar som ladar høgt på faktor 2 er «*gå på bar eller pub*» og «*fest*», og er indikatorar som gjerne talar til meir uformelle, sosiale fritidsaktivitetar. Også fritidsaktivitetane som ladar høgt på faktor 3 – «*teater og klassiske konsertar*» og «*kunstutstillingar og museum*» – kan gjerne peike på meir kulturelle former for fritidsaktivitetar. Faktor 2 og 3 vil difor ikkje bli nytta då dei representerer dimensjonar oppgåva ikkje undersøker.

Ikkje-digitalt samfunnsengasjement

På bakgrunn av resultatet frå den eksplorative faktoranalysen vart det konstruert ein summativ indeks – *ikkje-digitalt samfunnsengasjement*¹³ – for dei fire variablane «*initiativ*», «*organiserte handlingar*», «*politisk engasjert*» og «*engasjert i miljøspørsmål*». Variabelen er dermed ein indeks beståande av fire indikatorar som tek for seg type og hyppigheit av spesifikke fritidsaktivitetar. Variabelen er kategorisert og rekoda med seks verdiar; 1= «*aldri*», 2= «*mindre enn ein gong i månaden*», 3= «*ein gong i månaden*», 4= «*ein gong i veka*», 5= «*fleire gonger i veka*» og 6= «*kvar dag*». Etter å ha konstruert indeksen får ein oppgeve at Chronbachs alpha er 0.73, som indikerer at indikatorane dannar ein effektiv indeks.

¹³ Stata-kommandoen nytta for å konstruere den avhengige variabelen ikkje-digitalt samfunnsengasjement er: «*alpha initiativ orghandlingar politisk miljø, ge(allmentsamfeng)*».

3.5.2.2 Indekskonstruksjon: digitalt samfunnsengasjement

Målinga av ungdommars ikkje-digitale fritidsaktivitetar baserte seg på totalt 13 ulike indikatorar. Ein vil ved indeksane for digitalt samfunnsengasjement også her køyre ein faktortest og sjå kva verdi KMO oppgjev. Etter å ha køyrt denne testen får ein oppgjeve at verdien her overskrid 0.7, då den ligg på 0.803. Datamaterialet er difor godt egna for at analysen skal kunne halde fram. Neste steg er å køyre den eksplorative faktoranalysen, og sjå kva faktorar som møter Kaisers kriterium som seier at eigenvalue bør overskride 1.0 (Fields, 2016: 677). Kommandoen «*varimax*» vert nytta også her for å prøve å maksimere spreinga av ladingar innanfor dei ulike faktorane, som vidare vil gjere tolkinga lettare (Fields, 2016: 681). Resultatet av den roterte løysninga vert her presentert under, der faktorladingar må overskride 0.4 og faktorar med eigenvalue under 1.0 er fjerna (tabell 3.0).

Digitale fritidsaktivitetar	Faktorar	
	Digitale «high-cost» fritidsaktivitetar	Digitale «low-cost» fritidsaktivitetar
telefon og SMS	-0.03	0.03
video og DVD	-0.01	0.26
dataspel	0.26	0.11
arbeide på datamaskin	0.10	0.19
surfe på internett	0.08	0.43*
sosiale nettverk	0.11	0.66*
blogg	0.49*	0.30
skrive i newsgroups	0.66*	0.15
skrive wikipedia-oppføringar	0.37	-0.01
Podcast	0.54*	0.04
chat	0.18	0.66*
media-oppføringar	0.31	0.32
delta i newsgroups	0.57*	0.13
<i>Cronbach's α</i>	<i>0.68</i>	<i>0.68</i>

*Faktorladingar: ladingar på den absolutte verdien 0.4 eller større er markert med stjerner og utheva. Faktorar med eigenvalue under 1.0 er fjerna då dei ikkje møter Kaisers Kriterium.

Tabell 3.0- eksplorativ faktoranalyse for digitalt samfunnsengasjement.

Som tidlegare nemnd er målet å nytte dette settet med variablar for å konstruere to indeksar; ein for digitalt «high-cost» og ein for digitalt «low-cost» samfunnsengasjement. Om ein då går ut i frå Kaisers kriterium med eigenvalue over 1.0 og ladingar over 0.4, ser ein at det i

denne analysen er 2 faktorar som gjer seg gjeldande. Dei fritidsaktivitetane som har høg lading på faktor 1 verkar å vere tilknytt spesifikke samfunnsmessige former for digitale fritidsaktivitetar. Desse fritidsaktivitetane er «*blogg*», «*skrive i newsgroups*», «*podcast*» og «*delta i newsgroups*». Desse indikatorane syner dermed til ei form for samfunnsengasjement som krev meir tid, investering og bevisst deltaking. Fritidsaktivitetane som har høg lading på faktor 2 er som ein ser av figuren «*surfe på internett*», «*sosiale nettverk*» og «*chat*», der desse fritidsaktivitetane verkar å referere til bruken av digitale plattformer og sosiale media som i større grad vert nytta for underhaldning- og kommunikasjonsårsaker. Ladingane på faktor 1 og faktor 2 verkar dermed å skape ein tydeleg distinksjon mellom to spesifikke bruksområde av digitale plattformer, der ladingane på faktor 1 kan tenkast å referere til *digitalt «high-cost» samfunnsengasjement*, medan ladingane på faktor 2 kan tenkast å referere til *digitalt «low-cost» samfunnsengasjement*.

Digitalt «high-cost» samfunnsengasjement

På bakgrunn av resultatet frå den eksplorative faktoranalysen vart det konstruert ein summativ indeks – *digitalt «high-cost» samfunnsengasjement*¹⁴ – frå indikatorane «*skrive blogg*», «*skrive innlegg i newsgroups*», «*lage podcast*» og «*delta i newsgroups*» identifisert i faktor 1. Det som ligg i definisjonen av «high-cost» samfunnsengasjement er at digitale plattformer og verktøy vert nytta for å aktivt utvise ulike former og praksisar for digitalt samfunnsengasjement. Denne variabelen er også kategorisert og rekoda med seks verdiar som føl same verdiskala som nemnd over, frå 1 = «*aldri*» til 5 = «*kvar dag*», der høge verdiar indikerer eit større digitalt «high-cost» samfunnsengasjement. Gjennom denne indekskonstruksjonen får ein oppgjeve av Chronbachs alpha er 0.68, som igjen kan seiast å vere ein effektiv indeks.

Digitalt «low-cost» samfunnsengasjement

Då den eksplorative faktoranalysen identifiserte to faktorar, vart det også konstruert ein summativ indeks – *digitalt «low-cost» samfunnsengasjement*¹⁵ – frå indikatorane «*surfe på internett*», «*sosiale nettverk*» og «*chat*» identifisert i faktor 2. Det som ligg i definisjonen av «low-cost» samfunnsengasjement er at digitale plattformer og verktøy primært vert nytta for

¹⁴ Stata-kommandoen nytta for å konstruere den avhengige variabelen digitalt «high-cost» samfunnsengasjement er: *alpha blogg skrivewsgroups podcast deltanewsgroups, ge(highcostdigsamfeng)*.

¹⁵ Stata-kommandoen nytta for å konstruere den avhengige variabelen digitalt «low-cost» samfunnsengasjement er: «*alpha sosialenettverk chat, ge(lowcostdigsamfeng)*».

deira underhaldnings-og kommunikasjonsverdi. Variabelen er kategorisert og rekoda på same måte som variabelen over med seks verdiar som går frå 1= «aldri» til 5= «kvar dag», der høge verdiar som nemnd over indikerer større digitalt «low-cost» samfunnsengasjement. Gjennom å konstruere denne indeksen får ein også oppgeve Chronbachs alpha som her ligg på 0.68. Det vil seie at også denne tredje og siste avhengige variabelen representerer ein effektiv indeks.

Gjennom å køyre eksplorative faktoranalyser har eg redusert kompleksiteten og identifisert indikatorar som dannar grunnlaget for dei tre avhengige variablane *ikkje-digitalt samfunnsengasjement*, *digitalt «high-cost» samfunnsengasjement* og *digitalt «low-cost» samfunnsengasjement*. Før eg har køyrt dei fulle regresjonsanalysane har eg standardisert alle uavhengige variablar utanom skuletype og kjønn (ettersom dei er binære variablar) slik at dei skal kunne vere på ein samanliknbar skala, og for at ein skal kunne samanlikne effektane. Ved å standardisere regresjonskoeffisientane vil det også vere mogleg å finne ut kven av dei standardiserte uavhengige variablane som har sterkast effekt ettersom dei føl same skala, som då dermed syner relativ assosiasjonsstyrke mellom kvar X og Y (Treiman, 2009: 107-109). Vidare vil no ei oppsummering av funna frå deskriptiv statistikk bli presentert.

3.8 Oppsummering av funn frå deskriptiv statistikk

Variablar	Korrelasjonar, gjennomsnitt og standardavvik for uavhengige variablar								
	ST	KT	KM	B	ØK	UM	UF	A	K
ST: skuletype		-0.13	-0.11	0.29	-0.11	0.27	0.21	-0.35	0.10
KT: karakter i tysk			0.16	0.09	-0.04	0.07	0.06	0.06	0.10
KM: karakter i matte				-0.03	-0.02	-0.00	0.01	-0.02	-0.08
B: bøker					-0.07	0.22	0.19	-0.04	0.16
ØK: økonomisk kapital						-0.14	-0.17	0.14	-0.06
UM: utdanningsnivå mor							0.46	-0.13	-0.00
UF: utdanningsnivå far								-0.09	-0.05
A: alder									-0.06
K: kjønn									
gjennomsnitt	1.28	4.53	4.40	2.56	2.49	2.12	2.34	2.16	0.51
standardavvik	0.45	0.55	0.70	1.29	0.78	0.59	0.62	0.80	0.49

Tabell 4.0- korrelasjonar, gjennomsnitt og standardavvik for uavhengige variablar.

For å samle den mest sentrale deskriptive statistikken vil eg i tabell 4.0 syne til gjennomsnitt, standardavvik og korrelasjonar for alle uavhengige variablar nytta i oppgåva. Som ein kan lese av tabellen over, er gjennomsnittet for *skuletype* på 1.28, som syner til at den gjennomsnittlege respondenten har ei yrkesfagleg utdanning. Vidare er *gjennomsnittskaracteren i både tysk og matte* jamt over gode på 4.53 og 4.40, medan standardavvika ligg på 0.55 og 0.70 som dermed syner til relativt låge spreingar frå gjennomsnittleg avstand frå gjennomsnittet. Variabelen for *talet på bøker (skulebøker ekskludert)* har eit gjennomsnitt på 2.56, som indikerer at respondentane gjennomsnittleg eig nok bøker til å fylle ein hylleseksjon. Standardavviket for denne variabelen er på 1.29, som

igjen indikerer ein relativt låg spreining frå gjennomsnittleg avstand frå gjennomsnittet. Vidare er gjennomsnittet for *økonomisk kapital* på 2.49, som indikerer at respondentane si oppfatning av eigen økonomi jamt over ligg i midtre sjiktet av korleis dei tek stilling til svaralternativa skissert i gjennomgangen av variabelen for økonomisk kapital.

Mor og fars utdanningsnivå har gjennomsnittsverdiar på 2.12 og 2.34, som igjen kan indikere at foreldra sin utdanning plasserer seg midt på skalaen, som tidlegare nemnd baserer seg på låg, middels og høg utdanning. Standardavviket for mor og fars utdanningsnivå ligg på 0.59 og 0.62, som indikerer ei låg spreining frå gjennomsnittleg avstand frå gjennomsnittet. Vidare har *alder* gjennomsnittsverdi på 2.16, som syner til at gjennomsnittsalderen for respondentane høyrer til i alderskategorien 17-18 år. Den siste uavhengige variabelen som er inkludert er *kjønn*, der gjennomsnittet ligg på 0.51. Som ein ser av gjennomgangen av variabelen over, er kategorien mann gjeve verdien 0 medan kategorien kvinner har verdien 1. Dette vil difor indikere at det er ein større andel kvinner i populasjonen enn menn. Her er standardavviket på 0.49, som også indikerer ein relativt låg spreining frå gjennomsnittleg avstand frå gjennomsnittet.

Korrelasjonsmatrisa syner til at dei uavhengige variablane *utdanningsnivå mor* og *utdanningsnivå far* korrelerer på 0.46, medan resten av variablane ikkje korrelerer høgt nok til at multikollinearitet potensielt kan vere eit problem. Testresultat for multikollinearitet vil vidare bli presentert i gjennomgangen av funna frå dei multivariate lineære regresjonsmodellane i neste underkapittel.

Vidare vil eg no presentere resultata frå dei multivariate lineære regresjonsanalysane. Deretter vil oppgåva gå over i ein analysedel der funna frå dei fulle regresjonsmodellane vil bli analysert og diskutert opp mot oppgåva sitt teoretiske rammeverk. Her vil det difor bli undersøkt om den moglege samanhengen diskutert for den overordna modellen i kapittel 2.11 gjer seg gjeldande, og om forventinga om sosial klasse, økonomisk og kulturell kapital sin påverknad i høve ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement stemmer.

3.9 Resultat av multivariate lineære regresjonsanalyser

3.9.1 Modell 1: ikkje-digitalt samfunnsengasjement

	Ikkje-digitalt samfunnsengasjement				
	Modell 1: kulturell kapital	Modell 2: økonomisk kapital	Modell 3: sosial klasse	Modell 4: sosio-demografiske faktorar	Modell 5: signifikante variablar frå modell 1-4
skuletype	-0.00				
karakter i tysk	0.01				
karakter i matte	0.00				
bøker	0.09***				0.10***
økonomisk kapital		0.02**			0.04***
utdanningsnivåmor			0.06***		0.05***
utdanningsnivåfar			0.03		
alder				0.01	
kjønn				-0.14***	-0.15***
<i>Constant</i>	1.64***	1.63***	1.65***	1.71***	1.72***
<i>N</i> =	2882	3027	2412	3002	2549
<i>Adjusted R²</i>	0.0131	0.0010	0.0109	0.0076	0.0304

*Signifikansnivå: regresjonskoeffisientar med eit signifikansnivå på 0.00 er markert med tre stjerner (***). Regresjonskoeffisientar med eit signifikansnivå på 0.05 er markert med to stjerner (**).

Tabell 5.0- regresjonsanalyse for ikkje-digitalt samfunnsengasjement.

Ved den multivariate lineære regresjonsanalysen for den avhengige variabelen ikkje-digitalt samfunnsengasjement, vart det som ein kan lese av tabellen over (tabell 5.0) køyrt totalt 5 ulike modellar. Ideen var å undersøke dei konkrete variablane meint å representere kulturell kapital, økonomisk kapital, sosial klasse, sosio-demografiske faktorar i dei fire første modellane separat, og følgjeleg sjå den potensielle effekten kvar av dei hadde på avhengig variabel. Vidare vart dei signifikante variablane frå modell 1-4 køyrt i den fulle regresjonsanalysen (presentert i modell 5), som då representerer den endelege multivariate lineære regresjonsanalysen tolkinga vil basere seg på.

Om ein rettar fokus mot den uavhengige variabelen «bøker» meint som ein indikator for kulturell kapital, ser ein fyrste aktuelle reelle påverknadsvariabel. Som ein ser i tabellen over

(tabell 4.0) er den signifikant på eit 1% signifikansnivå, i tillegg til at den ligg godt utanfor kritisk område med ein t-verdi på 6.32. Med ein regresjonskoeffisient med positivt forteikn, har den ein positiv effekt på avhengig variabel. Dette vil seie at når talet på eigde bøker aukar, vil også respondenten sitt ikkje-digitale samfunnsengasjement auke.

Variabelen «*økonomisk kapital*» er også signifikant på eit 1% signifikansnivå, med ein regresjonskoeffisient med positivt forteikn. Vidare ligg t-verdien på 2.74 som då ligg utanfor kritisk område. Dette vil difor seie at desto høgare økonomisk kapital ein har, desto høgare vil også ikkje-digitalt samfunnsengasjement bli.

Også variabelen «*mors utdanningsnivå*» syner seg å vere signifikant på eit 1% signifikansnivå. Regresjonskoeffisienten har eit positivt forteikn og t-verdien ligg utanfor kritisk område med ein verdi på 3.36. Det som ligg i dette er dermed at desto høgare utdanningsnivå mor har, vil dette følgeleg auke respondenten sitt ikkje-digitale samfunnsengasjement.

Den siste variabelen som er signifikant er «*kjønn*», som er inkludert som ein kontrollvariabel. Denne variabelen er ein dummyvariabel, der verdien 0 refererer til kategorien mann medan verdien 1 refererer til kategorien kvinne. Regresjonskoeffisienten har eit negativt forteikn og ligg utanfor kritisk område med ein t-verdi på -4.99, og har difor ein negativ effekt på avhengig variabel. Sagt med andre ord; dersom ein er kvinne har ein eit lågare ikkje-digitalt samfunnsengasjement samanlikna med om ein er mann.

I høve den fulle regresjonsmodellen for den avhengige variabelen ikkje-digitalt samfunnsengasjement, ser ein med utgangspunkt i tabellen over (tabell 5.0) at justert R^2 er låg med ein verdi på 0.0304, noko som i utgangspunktet vil seie at sjølve modellen har relativt låg forklaringskraft på 3%. Dette er likevel eit aspekt drøfta og gjort greie for i kapittel 3.7, som baserte seg på ein gjennomgang av multivariat lineær regresjonsanalyse som metode. Ein låg justert R^2 treng dermed ikkje bety at sjølve modellen er dårleg eigna til å beskrive samanhengen mellom den avhengige variabelen og dei uavhengige variablane. Vidare er det fleire variablar som ikkje er signifikante og ligg innanfor kritisk område. Dei uavhengige variablane «*skuletype*», «*karakter i tysk*», «*karakter i matte*», «*utdanningsnivå far*» og «*alder*» er ikkje signifikante ut ifrå eit 5% signifikansnivå og ligg innanfor kritisk verdi på +/- 1.96. Ein kan difor ikkje påvise signifikante effektar på den avhengige variabelen. Ved å

køyre Stata-kommandoen «*estat vif*» etter å ha køyrt den fulle regresjonsmodellen får ein også testa modellen for multikollinearitet. Denne testen synte at VIF-verdiane til alle uavhengige variablar i modellen for ikkje-digitalt samfunnsengasjement ligg under 1.5, der gjennomsnittleg VIF-verdi ligg på 1.04. Dette indikerer difor at det ikkje er teikn til multikollinearitet mellom dei uavhengige variablane med omsyn til effektane deira på avhengig variabel.

3.9.2 Modell 2: digitalt «high-cost» samfunnsengasjement

Digitalt «high-cost» samfunnsengasjement					
	Modell 1: kulturell kapital	Modell 2: økonomisk kapital	Modell 3: sosial klasse	Modell 4: sosio-demografiske faktorar	Modell 5: signifikante variablar frå modell 1-4
skuletype	-0.23***				-0.17***
karakter i tysk	-0.03				
karakter i matte	-0.01				
bøker	0.03				
økonomisk kapital		0.01			
utdanningsnivåmor			-0.01		
utdanningsnivåfar			0.06***		0.05***
alder				0.03(**)	
kjønn				-0.41***	-0.40***
<i>Constant</i>	1.95***	1.87***	1.87***	2.09***	2.13***
<i>N</i> =	2876	3016	2402	2992	2515
<i>Adjusted R</i> ²	0.0087	0.0000	0.0022	0.0438	0.0511

*Signifikansnivå: regresjonskoeffisientar med eit signifikansnivå på 0.00 er markert med tre stjerner (***). Regresjonskoeffisientar med eit signifikansnivå på 0.05 er markert med to stjerner (**).

Tabell 6.0- regresjonsanalyse for digitalt «high-cost» samfunnsengasjement.

Ved den multivariate lineære regresjonsanalysen for den avhengige variabelen digitalt «high-cost» samfunnsengasjement vart det som ein kan lese av tabellen over, også her køyrt totalt 5 ulike modellar der ideen bak er den same som illustrert over. Som ein kan lese av tabell 6.0, er variabelen «*skuletype*» er signifikant på eit 1% signifikansnivå og ligg utanfor kritisk område med ein t-verdi på -4.02. Variabelen har ein regresjonskoeffisient med eit negativt forteikn, noko som vil seie at dersom ein har generell studiekompetanse, vil ein ha eit lågare

digitalt «high-cost» samfunnsengasjement samanlikna med om ein har yrkesfagleg kompetanse. Dette kan difor seiast å vere eit funn som er i strid med forventingar og den mest utbreidde forståinga av påverknaden utdanning har på samfunnsengasjement.

Variablane «*karakter i tysk*», «*karakter i matte*», «*bøker*», «*økonomisk kapital*» og «*utdanningsnivå mor*» er ikkje signifikante og har difor ingen påviste effektar på digitalt «high-cost» samfunnsengasjement.

Variabelen «*utdanningsnivå far*» er derimot signifikant på eit 1% signifikansnivå og ligg utanfor kritisk område med ein t-verdi på 2.81. Regresjonskoeffisienten har eit positivt forteikn, som vil difor indikere at desto høgare utdanning far har, vil dette følgeleg auke respondenten sitt digitale «high-cost» samfunnsengasjement.

Kontrollvariabelen «*alder*» er som ein kan sjå av modell 4 (tabell 6.0) i utgangspunktet signifikant på eit 5% signifikansnivå, men t-verdien ligg likevel innanfor kritisk område med ein t-verdi på 1.91. Sjølv om ein då ikkje kan argumentere for at effekten er reell og heller ikkje forkaste nullhypotesen, kan det likevel tenkast at denne variabelen syner tendensar til å potensielt kunne påverke avhengige variabel.

Den siste kontrollvariabelen «*kjønn*» er signifikant på eit 1% signifikansnivå og har ein høg t-verdi på -10.26. Denne er som nemnd ein binær variabel, der verdi 0 refererer til kategorien «mann» medan verdien 1 refererer til kategorien «kvinne». Regresjonskoeffisienten har eit negativt forteikn, som også her difor vil seie at kvinner har eit signifikant lågare digitalt «high-cost» samfunnsengasjement samanlikna med menn.

I høve denne fulle regresjonsmodellen som omhandlar den avhengige variabelen digitalt «high-cost» samfunnsengasjement, ser ein at justert R^2 er låg med ein verdi på 0.0511 – den har altså ei forklaringskraft på 5%. Også her vart det køyrt ein test for å kontrollere modellen for multikollinearitet gjennom å nytte Stata-kommandoen «*estat vif*». Denne testen synte at VIF-verdiane til alle uavhengige variablar i modellen for digitalt «high-cost» samfunnsengasjement ligg under 1.5, der gjennomsnittleg VIF-verdi ligg på 1.04. Dette indikerer difor igjen at det ikkje er teikn til multikollinearitet mellom dei uavhengige variablane med omsyn til effektane deira på avhengig variabel.

3.9.3 Modell 3: digitalt «low-cost» samfunnsengasjement

	Digitalt «low-cost» samfunnsengasjement				
	Modell 1: kulturell kapital	Modell 2: økonomisk kapital	Modell 3: sosial klasse	Modell 4: sosio-demografiske faktorar	Modell 5: signifikante variablar frå modell 1-4
skuletype	-0.13***				-0.24***
karakter i tysk	-0.08***				-0.07***
karakter i matte	-0.03				
bøker	-0.08***				-0.07***
økonomisk kapital		-0.05**			-0.05**
utdanningsnivåmor			0.02		
utdanningsnivåfar			-0.02		
alder				-0.10***	-0.13***
kjønn				-0.19***	-0.14***
<i>Constant</i>	4.98***	4.94***	4.93***	5.05***	5.10***
<i>N=</i>	2885	3027	2410	3002	2906
<i>Adjusted R²</i>	0.0146	0.0016	-0.0003	0.0141	0.0315

*Signifikansnivå: regresjonskoeffisientar med eit signifikansnivå på 0.00 er markert med tre stjerner (***). Regresjonskoeffisientar med eit signifikansnivå på 0.05 er markert med to stjerner (**).

Tabell 7.0- regresjonsanalyse for digitalt «low-cost» samfunnsengasjement.

Den multivariate lineære regresjonsanalysen for den avhengige variabelen digitalt «low-cost» samfunnsengasjement, vart gjennomført på same måte som dei to førre regresjonsanalysane for ikkje-digitalt samfunnsengasjement og digitalt «high-cost» samfunnsengasjement. Som ein kan sjå frå tabellen over (tabell 7.0), er variabelen «skuletype» signifikant på eit 1% signifikansnivå og ligg utanfor kritisk område med ein t-verdi på -4.66.

Regresjonskoeffisienten har ein negativ effekt på den avhengige variabelen, noko vil seie at dersom ein har generell studiekompetanse, vil ein ha eit lågare digitalt «low-cost» samfunnsengasjement samanlikna med om ein har yrkesfagleg kompetanse.

Det same gjeld også variabelen «karakter i tysk» som er signifikant på eit 1% signifikansnivå og ligg utanfor kritisk område med ein t-verdi på -3.91. Denne variabelen har ein regresjonskoeffisient med eit negativt forteikn, noko som indikerer ein negativ effekt på

avhengig variabel. Det vil seie at jo betre karakter ein har i tysk, desto mindre digitalt «low-cost» samfunnsengasjement vil ein ha.

Variabelen «*karakter i matte*» er ikkje signifikant og ligg innanfor kritisk område. Ein kan på bakgrunn av dette ikkje påvise ein effekt på avhengig variabel, og dermed heller ikkje forkaste nullhypotesen.

Variabelen «*bøker*» er derimot signifikant på eit 1% signifikansnivå og ligg utanfor kritisk område med ein t-verdi på -2.84. Ettersom denne regresjonskoeffisienten også har eit negativt forteikn, vil det seie at den har ein negativ effekt på avhengig variabel. Sagt med andre ord; når talet på eigde bøker aukar, vil digitalt «low-cost» samfunnsengasjement vil bli lågare.

Vidare føl variabelen «*økonomisk kapital*» som er signifikant på eit 5% signifikansnivå, med ein t-verdi på -2.46. Regresjonskoeffisienten syner til ein negativ effekt på den avhengige variabelen. Med omsyn til påverknaden denne variabelen har, vil det seie at desto høgare økonomisk kapital ein har, desto lågare vil digitalt «low-cost» samfunnsengasjement bli.

Variablane «*utdanningsnivå mor*» og «*utdanningsnivå far*» er ikkje signifikante, og ein kan difor ikkje seie at desse uavhengige variablane har ein effekt på avhengig variabel.

Kontrollvariabelen «*alder*» er derimot signifikant på eit 1% signifikansnivå og ligg godt utanfor kritisk område med ein t-verdi på -5.68. Regresjonskoeffisienten syner til ein negativ effekt, der dette vil seie at desto eldre ein blir, desto lågare vil følgeleg digitalt «low-cost» samfunnsengasjement bli.

Den siste kontrollvariabelen «*kjønn*» er også signifikant på eit 1% signifikansnivå og ligg utanfor kritisk område med ein t-verdi på -3.49. Regresjonskoeffisienten har eit negativt forteikn, som då vil seie at den har ein negativ effekt på avhengig variabel. Det som ligg i det er at dersom ein er kvinne, vil ein ha eit lågare digitalt «low-cost» samfunnsengasjement samanlikna med om ein er mann.

I høve den fulle regresjonsmodellen for den avhengige variabelen digitalt «low-cost» samfunnsengasjement», ser ein også her at justert R^2 er låg, med ein verdi på 0.0315. Dette vil difor indikere at den fulle modellen har ei relativt låg forklaringskraft på 3%. Likevel er

regresjonskoeffisientane det viktigaste, der ein kan sjå kven av dei uavhengige variablane som har påverknad på den avhengige og kven som ikkje har det. Også her har Stata-kommandoen «*estat vif*» vorte nytta etter å ha køyrt den fulle regresjonsmodellen for å teste modellen for multikollinearitet. Denne testen synte at VIF-verdiane til alle uavhengige variablar i modellen for digitalt «low-cost» samfunnsengasjement ligg under 1.5, der gjennomsnittleg VIF-verdi ligg på 1.04. Dette indikerer difor at det ikkje er teikn til multikollinearitet mellom dei uavhengige variablane med omsyn til effektane deira på avhengig variabel.

Alle tre modellane har vidare også vorte testa for heteroskedastisitet, der residualplotta delvis tyda på tendensar til at det kunne vere til stades. For å undersøke nærare, re-estimerte eg med «robust standard errors» ved å nytte «*vce (robust)*-kommandoen», som tek omsyn til problem som heteroskedastisitet og mangel på normalitet. Ved å gjere dette får eg minimale endringar i standardfeilane og t-verdiane, men likevel ingen endringar i regresjonskoeffisientane og heller ingen endring i funna identifisert (UCLA, 2020). I det følgjande vil dei empiriske funna bli analysert med utgangspunkt i teori og tidlegare forskning.

4.0 Analyse og diskusjon av funn

I dette kapitlet vil dei empiriske resultatane bli drøfta i lys teori og tidlegare forskning presentert i oppgåva. Den overordna problemstillinga er som nemnd; *kva rolle spelar sosial klasse i høve utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom og korleis er dei ulike dimensjonane kopla saman?*

I det innleiande kapitlet vart det også presentert to sentrale forskingsspørsmål:

1. Kan sosial klasse (i forstand av Pierre Bourdieu) forklare mønster og variasjonar av ikkje-digitalt og digitalt engasjement blant ungdom?
2. På kva måte samvarierer ikkje-digitalt samfunnsengasjement med digitalt samfunnsengasjement blant ungdom?

Sosial klasse i forstand av Pierre Bourdieu har gjennom den teoretiske utgreiinga synt seg å vere tett kopla til konseptane om økonomisk og kulturell kapital. Ulike samansetjingar av desse kapitalformene kan difor argumenterast for at påverkar utviklinga og type samfunnsengasjement blant ungdommar, og heng tett saman med spesifikke sosiale klassar i konteksten av Bourdieu sin klasseteori. Den overordna modellen i kapittel 2.11 var meint som ei hypotetisk kopling mellom sosial klasse, økonomisk og kulturell kapital med utgangspunkt i Bourdieu sin klasseteori, ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement. Føremålet var difor å syne til at dette er dimensjonar som kan testast empirisk i lys av kvarandre. Vidare har den teoretiske utgreiinga indikert at ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement kan komplementere kvarandre som to distinkte, men samankopla former for samfunnsengasjement. For å best analysere dei empiriske resultatane vil analysane bli delt inn i underkapittel med omsyn til dei tre modellane skissert i førre kapittel. Fyrst vil resultatane frå modellen for ikkje-digitalt samfunnsengasjement bli analysert med omsyn til sosial klasse sin påverknad, før analysen av sosial klasse sin påverknad på resultatane for modellane for digitalt «high-cost» og «low-cost» samfunnsengasjement vil fylgje. Deretter vil koplinga mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement bli drøfta med eit fokus på likskapar og variasjonar, før den overordna problemstillinga avslutningsvis vil bli nytta som rammeverk for å knyte saman analysen og diskusjonen av oppgåva i sin heilheit.

4.1 Forklarar sosial klasse mønster og variasjonar av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom?

4.1.1 Sosial klasse og ikkje-digitalt samfunnsengasjement

Med omsyn til forståinga av sosial klasse i forstand av Bourdieu, står som nemnd både økonomisk og kulturell kapital som to sentrale, tilknytte aspekt. Trass i at Bourdieu ikkje direkte undersøkte samfunnsengasjement, kan ein likevel nytte desse kapitalformene for å forklare formasjonen, utviklinga og variasjonar av samfunnsengasjement blant ungdom. I lyset av Bourdieu sin teori vil ulike samansetjingar av økonomisk og kulturell kapital fyrst og fremst indikere spesifikke klasseskilnader, som igjen vil kunne påverke og avdekke moglegheitene og mønster for ikkje-digitalt samfunnsengasjement blant ungdom. Vidare var CCCS på mange måtar pionerar i høve koplinga mellom sosial klasse, samfunnsengasjement og ungdom, og spelte ei viktig rolle for anerkjenninga av tematikken som eit legitimt forskingsfelt. Forskinga deira identifiserte blant anna klassebaserte skilnader i ungdommars samfunnsengasjement og ungdomskulturar gjort til kjenne gjennom subkulturar og counter-culture, og retta på den måten fokus mot korleis ungdommars sosiale klassar avgrensa og påverka handlingsrommet tilgjengeleg (Baker, 2007; Clarke mfl., i Hall og Jefferson, 1975).

Det konkrete døme nytta for å eksemplifisere ikkje-digitalt samfunnsengasjement var ungdomsaktivisme. Dette var eit omgrep definert av Hart og Gullan som oppførsel og haldningar utført av ungdommar og unge vaksne med ein politisk intensjon, basert på eit sett med overlappende aktivitetar og motivasjonar (Hart og Gullan, 2010: 67). Som nemnd i gjennomgangen av ungdomsaktivisme vart det understreka at omgrepet *politisk* i denne oppgåva omfamnar fleire samfunnsmessige kapasitetar utover konkrete politiske aktivitetar. Denne teoretiske forståinga knytte seg tett til sentrale delar av datamaterialet, der indikatorane «*initiativ*», «*organiserte handlingar*», «*politisk interesse*» og «*interesse i miljøspørsmål*» danna grunnlaget for indeksen for ikkje-digitalt samfunnsengasjement. Hart og Gullan (2010) var også eit viktig teoretisk bidrag i høve sosial klasse sin påverknad på ikkje-digitalt samfunnsengasjement. Gjennom si eiga forskning identifiserte dei historisk kontingente og konstante faktorar knytt til ungdomsaktivisme, der dei fann at enkelte kjenneteikn var kontekst-avhengige, medan andre var konstante trekk uavhengig av kontekst. Dei fann at utdanning og sosial klasse var døme på historisk kontingente faktorar, medan sosiale relasjonar var døme på konstante kjenneteikn uavhengig av tidsperiode, sjølv om oppgåva

som nemnd tidlegare ikkje undersøkte dette aspektet. Artikkelen til Juger mfl. argumenterte vidare for at forskning har synt at ikkje-digitalt samfunnsengasjement kan bli føresett av makro-faktorar som stemmesystem og eit land si politiske historie, sosio-demografiske faktorar som alder, kjønn, etnisitet og sosio-økonomisk status, i tillegg til psykologiske faktorar som haldningar, tru på eigen meistring og subjektive normer (Juger mfl, 2012: 123-124). Fleire av aspekta Juger mfl. trakk fram som sentrale føresetnader for ikkje-digitalt samfunnsengasjement er noko denne oppgåva ikkje har fokusert på. Det overordna målet til oppgåva har vore å undersøke påverknaden sosial klasse, økonomisk og kulturell kapital (sett i lys av Bourdieu sin klasseteori), har i høve utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom. Det er likevel viktig å nemne, for å synleggjere at det eksisterer fleire påverknadsfaktorar enn denne oppgåva vil kunne gå inn på grunna eit avgrensa omfang.

Med omsyn til dei empiriske funna for modellen meint å representere ikkje-digitalt samfunnsengasjement, ser ein tendensar til at funna er i samsvar med fleire teoretiske bidrag i høve sosial klasse sin påverknad. Både kulturell kapital (*målt i talet på eigde bøker*) og økonomisk kapital (*målt gjennom respondenten sin opplevde familieøkonomi*) hadde påverknad på ungdommars ikkje-digitale samfunnsengasjement. Når talet på eigde bøker og familieøkonomien auka, hadde det følgeleg ein positiv effekt på respondentens ikkje-digitale samfunnsengasjement. Dette er også i tråd med Bourdieu sin eigen forståing av ulike samansetjingar av kapital, og skapar dermed ein klar link til sosial klasse som overordna struktur. Det at sosial klasse (*målt gjennom mors utdanningsnivå*) også hadde ein effekt, er igjen ein indikator på at sosial klasse framleis spelar ein rolle for ikkje-digitalt samfunnsengasjement. Dette funnet indikerte at desto høgare utdanning mor hadde, desto høgare vart også respondenten sitt ikkje-digitale samfunnsengasjement, som klart syner til påverknaden sosial klasse har. Eit interessant aspekt ved dette funnet er at berre mors utdanningsnivå hadde ein effekt, og ikkje fars utdanningsnivå. Det vil vere vanskeleg å argumentere for årsaken bak dette med overtyding utan vidare forskning, men det peikar likevel på viktige nyansar i høve sosial klasse sin påverknad på ungdommars ikkje-digitale samfunnsengasjement. Avslutningsvis var også *kjønn* av betydning, og indikerte at menn har ein eit større ikkje-digitalt samfunnsengasjement, samanlikna med kvinner.

Funna denne modellen representerer kan difor argumenterast for å belyse delar av sentrale aspekt knytt til sosial klasse slik det i denne oppgåva er operasjonalisert, men at det likevel er

variablar som ikkje er inkluderte som potensielt kunne ha forklart meir ut ifrå modellen sin låge justerte R^2 . Dei signifikante variablane med sterkast effekt på den avhengige variabelen ikkje-digitalt samfunnsengasjement var *bøker* (0.10) og *kjønn* (-0.15). Dei signifikante variablane med lågast effekt var *økonomisk kapital* (0.04) og *utdanningsnivå mor* (0.05). Desse effektane er relativt svake, noko som gjer det vanskeleg argumentere med overtyding at effektane kan generaliserast utover store populasjonar. Likevel gjev det verdifull innsikt i høve konkrete føresetnader bak ikkje-digitalt samfunnsengasjement med omsyn til påverknaden sosial klasse, økonomisk og kulturell kapital i forstand av Bourdieu har. Dette er også funn ein kan samanlikne med funna frå dei to andre modellane som no vil bli analysert.

4.1.2 Sosial klasse og digitalt «high-cost» samfunnsengasjement

Spesielt bidraget frå Banaji og Buckingham (2013) står sentralt for både digitalt «high-cost» og «low-cost» samfunnsengasjement, der studiet deira danna grunnlaget for distinksjonen mellom desse formene for digitalt samfunnsengasjement. Sjølv om dette er ein distinksjon dei sjølv ikkje nytta, fungerte deira seks utforma kategoriar (2013: 51-52) presentert tidlegare, som eit godt teoretisk grunnlag for føremålet til denne oppgåva. I høve digitalt «high-cost» samfunnsengasjement, utgjorde kategoriane «*sosial rettferd*», «*nye sosiale rørsler og spirituelle problem*» og «*valpolitikk*» det teoretiske grunnlaget, ettersom det kunne knytast til samfunnsmessige interesseområde kopla til sosiale media og digitale nettverk. Med omsyn til konstruksjonen av den avhengige variabelen, synte også det empiriske datagrunnlaget seg å vere i tråd med deira kategoriar, då indikatorane «*blogg*», «*skrive i newsgroups*», «*podcast*» og «*delta i newsgroups*» utgjorde den endelege indikatoren.

Som synt til i kapittel 2.10.2, ytra kring 40% av respondentane i studiet til Banaji og Buckingham ei aktiv interesse for minst ein av dei tre kategoriane, noko som gjerne indikerer at dei har ei genuin interesse for digitale, samfunnsmessige og politiske aktivitetar (Banaji og Buckingham, 2013: 52). I høve Juger mfl. sin artikkel frå 2012, peika dei som nemnd over på fleire sentrale faktorar knytt til ikkje-digitalt samfunnsengasjement. Dei gjorde vidare eit poeng ut av at det historisk har vore dedisert lite forskning til kva som driv fram digitalt samfunnsengasjement blant ungdom. Likevel peika dei på merksemda det har fått som eit potensielt verktøy for å promotere samfunnsengasjement blant ungdom, og vidare korleis det skil seg frå ikkje-digitalt samfunnsengasjement (Juger mfl., 2012: 124).

Som nemnd i førre underkapittel er økonomisk og kulturell kapital viktige aspekt ved Bourdieu si forståing av sosial klasse, og kan også overførast til digitalt «high-cost» samfunnsengasjement. Med omsyn til både Bourdieu sitt teoretiske utgangspunkt og den overordna teoretiske modellen, har ein hovuddimensjon ved denne oppgåva vore å undersøke korleis sosial klasse påverkar digitalt samfunnsengasjement blant ungdom. Det å undersøke ulike samansetjingar av økonomisk og kulturell kapital vil gjere det mogleg å identifisere likskapar og ulikskapar både mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement, men også mellom dei to formene for digitalt samfunnsengasjement.

For modellen meint å representere digitalt «high-cost» samfunnsengasjement, var det også her fleire interessante funn mellom teoretiske bidrag og dei empiriske resultatane. Kulturell kapital (*målt gjennom skuletype*) hadde ein effekt på digitalt «high-cost» samfunnsengasjement. Variabelens regresjonskoeffisient hadde ein negativ effekt, som indikerte at når ein har generell studiekompetanse vil dette føre til lågare digitalt «high-cost» samfunnsengasjement samanlikna med om ein har yrkesfagleg kompetanse. Dette er eit funn som i utgangspunktet verkar å stå i strid med intuitive forventingar og tidlegare teoretiske bidrag, då ein gjerne kan forvente at ungdommar med akademisk orientert kompetanse har eit større sannsyn for digitalt «high-cost» samfunnsengasjement enn ungdommar med yrkesfagleg kompetanse. Skilnader i utdanning har også vore eit sentralt aspekt ved sosial klasse, og kan delvis trekkast tilbake til Banaji og Buckingham (2013) funn, sjølv om dette funnet skil seg frå det Banaji og Buckingham (2013) identifiserte. Sosial klasse (*målt gjennom fars utdanningsnivå*) hadde ein positiv effekt på digitalt «high-cost» samfunnsengasjement. Desto høgare utdanningsnivå far hadde, desto meir engasjerte respondentane seg med omsyn til digitalt «high-cost» samfunnsengasjement. Dette er eit interessant funn som indikerer den vedvarande relevansen sosial klasse har, og skil seg frå funnet i førre modell der mors utdanningsnivå hadde ein påverknad. Dette peikar vidare på nyansane i høve påverknaden sosial klasse har på ungdommars digitale «high-cost» samfunnsengasjement, då mor og fars utdanningsnivå påverkar ulike former for samfunnsengasjement. Det vil likevel også her vere vanskeleg å argumentere for årsakene bak dette, då det vil krevje vidare forskning. Avslutningsvis var *kjønnsvariabelen* signifikant også her, der regresjonskoeffisienten har eit negativt forteikn. Dette indikerte på same måte som ved ikkje-digitalt samfunnsengasjement at dersom ein er mann har ein eit større sannsyn for å ha eit digitalt «high-cost» samfunnsengasjement, samanlikna med om ein er kvinne. Dette er vidare eit funn som er i tråd med Banaji og

Buckingham sine funn, som identifiserte at ungdommar med mest kompetent og hyppig internettbruk var mannlege respondentar (Banaji og Buckingham, 2013: 50).

Dei uavhengige variablane i modellen for digitalt «high-cost» samfunnsengasjement som verkar å påverke den avhengige variabelen, representerer dermed fleire ulike dimensjonar i høve sosial klasse sin påverknad. Variabelen med sterkast effekt var tydeleg *kjønn* (-0.40), etterfylgd av *skuletype* (-0.17). Vidare hadde *fars utdanningsnivå* (0.05) ein svak effekt. Ein ser dermed også her at det er fleire variablar som ikkje er inkludert som moglegvis kunne ha forbetra forklaringspotensialet, ut ifrå modellen sin relativt låge justerte R^2 . Likevel peikar dei signifikante regresjonskoeffisientane på interessante funn også her, som vil kunne samanliknast med dei to andre modellane. Funna frå den tredje og siste modellen vil difor no bli analysert.

4.1.3 Sosial klasse og digitalt «low-cost» samfunnsengasjement

Også her står Banaji og Buckingham sitt bidrag frå 2013 sentralt, då det som nemnd over var dette bidraget som fungerte som teoretisk grunnlag for skiljet mellom dei to digitale formene for samfunnsengasjement. I høve dei seks kategoriane dei utvikla (2013: 51-52), vart tre av dei nytta som teoretisk grunnlag for digitalt «low-cost» samfunnsengasjement. Dei tre kategoriane var «*underhaldning*», «*livsstil*» og «*digitalt kultur*», og kunne knytast til sosiale nettverkssider, tidsfordriv og kommunikasjonsmoglegheiter. Med omsyn til konstruksjonen av den avhengige variabelen, synte også det empiriske datagrunnlaget seg å vere nært knytt Banaji og Buckingham sine kategoriar, då indikatorane «*surfe på internett*», «*sosiale nettverk*» og «*chat*» utgjorde den endelege indikatoren.

Banaji og Buckingham fann at ein stor del av ungdommane i studiet deira primært var interessert i nettsider og digitale plattformer som baserte seg på underhaldning, kommunikasjon, livsstilproblem og shopping. Eit vedvarande populært trekk ved desse interesseområda var knytt til musikk, film og nyhende (Banaji og Buckingham, 2013: 51). Juger mfl. trakk også fram undersøkingsbaserte forskingsprosjekt som til dømes «*CivicWeb*» frå 2008, som peika på tendensar til at ungdommar fyrst og fremst nyttar internett og digitale nettverkssider til underhaldningsføremål (Juger mfl., 2012: 124). Også Robert Putnam (2000) si bok «*Bowling Alone*» står attende som eit sentralt bidrag i høve forskning på søkkande samfunnsengasjement i USA, blant anna kopla til framveksten av digitale og sosiale media.

Med utgangspunkt i koplinga mellom sosial klasse og digitalt «low-cost» samfunnsengasjement, kan ein på same måte som i dei to førre underkapitla, klart trekke liner tilbake til Bourdieu sitt teoretiske utgangspunkt og den overordna modellen skissert i kapittel 2.11. Ulike samansetjingar av økonomisk og kulturell kapital vil fungere som indikatorar på ulike klassebaserte praksisar. Med omsyn til sosial klasse i konteksten av Bourdieu og den overordna modellen for oppgåva, var målet som nemnd å undersøke korleis ulike samansetjingar av økonomisk og kulturell kapital påverka dei ulike formene for samfunnsengasjement, og vidare identifisere likskapar og variasjonar.

Alle variablane inkludert i modellen for digitalt «low-cost» samfunnsengasjement meint å måle kulturell kapital er signifikante – med unntak av variabelen *karakter i matte*. Vidare hadde også variablane *økonomisk kapital* og *alder* påviste effektar. Kulturell kapital (*målt gjennom skuletype*), hadde ein negativ effekt på avhengig variabel. Dette vil som i førre modell, seie at dersom ein har generell studiekompetanse vil dette føre til lågare digitalt «low-cost» samfunnsengasjement, samanlikna med om ein har yrkesfagleg kompetanse. Dette er eit funn som samanlikna med dei tilsvarande funna i dei to andre modellane, er meir i tråd med den mest utbreidde forståinga av påverknaden utdanning har på samfunnsengasjement. Igjen kan dette funnet difor trekkast tilbake til fleire teoretiske bidrag som til dømes Bourdieu (1984) og Banaji og Buckingham (2013), som ser utdanning som eit sentralt kjenneteikn ved sosial klasse. Også *karakter i tysk* (indikator for kulturell kapital) hadde ein negativ effekt på avhengig variabel. Dette vil difor seie at desto betre karakter ein hadde i tysk, førte dette følgeleg til eit lågare digitalt «low-cost» samfunnsengasjement.

Vidare var *talet på eigde bøker* også ein indikator for kulturell kapital, og hadde ein negativ effekt på avhengig variabel. Dette indikerer difor at når talet på eigde bøker auka, førte dette til lågare digitalt «low-cost» samfunnsengasjement. Variabelen meint å måle *økonomisk kapital* var også signifikant, og hadde ein negativ effekt på digitalt «low-cost» samfunnsengasjement. Desto høgare økonomisk kapital ein hadde, desto lågare vart det digitale «low-cost» samfunnsengasjementet. Dette er eit interessant funn ettersom digitale plattformer, sosiale media og nettverkssider både av Juger mfl. (2012) og Banaji og Buckingham (2013), vart hevda å krevje mindre ressursar, men at ungdommar frå lågare sosio-økonomiske bakgrunnar i mindre grad hadde tilgang. Dette funnet knyter seg dermed til eit av funna til Banaji og Buckingham, som baserte seg på at ungdommar frå høgare sosio-økonomiske bakgrunnar i større grad nytta internett (2013: 50, 155). Kontrollvariablane *alder*

og *kjønn* hadde vidare ein negativ effekt på avhengig variabel. Dette vil seie at desto eldre ein vart, ville dette føre til eit lågare digitalt «low-cost» samfunnsengasjement. På same måte som dei to førre modellane, indikerer kjønnsvariabelen sin negative effekt at dersom ein er kvinne, vil ein ha eit lågare digitalt «low-cost» samfunnsengasjement samanlikna med om ein er mann.

Modellen for digitalt «low-cost» samfunnsengasjement representerer dermed funn som indikerer at desto høgare kulturell kapital ein har, desto mindre digitalt «low-cost» samfunnsengasjement har ein. Dette er dermed ein tendens ein klart kan trekke tilbake til Bourdieu og hans forståing teoretiske utgangspunkt. Denne forma for samfunnsengasjement vert difor forklart på ein annan måte enn modellen meint å representere ikkje-digitalt samfunnsengasjement, då denne modellen i større grad baserer seg på fleire funn knytt til kulturell kapital sett bort i frå alder og kjønn. Eit interessant funn ved modellen meint å representere digitalt «low-cost» samfunnsengasjement, er at ingen av variablane inkludert meint å måle sosial klasse direkte (*mor og fars utdanningsnivå*) var signifikante og hadde dermed ingen påvist effekt. Dette peikar vidare på at det eksisterer fleire variablar som ikkje er inkludert som potensielt kunne ha auka justert R^2 , og vidare forklart fleire aspekt knytt til påverknaden sosial klasse har. Likevel finn ein også funn her som er interessante både på eigenhand, men også sett opp mot dei to andre modellane. Analysen vil vidare no ta for seg det andre forskingsspørsmålet, før den overordna problemstillinga vil bli nytta som rammeverk for den endelege analysen og diskusjonen.


4.2 Samvarierer ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement?

Det andre forskingsspørsmålet oppgåva hadde som mål å svare på var; *på kva måte samvarierer ikkje-digitalt samfunnsengasjement med digitalt samfunnsengasjement blant ungdom?* Spesielt bidraget frå Banaji og Buckingham (2013) synte seg igjen å vere relevant her, i tillegg til bidraget frå Rayes-Goldie og Walker (2008) då begge direkte undersøkte koplinga mellom desse to formene for samfunnsengasjement. Vidare fremja Einhjellen mfl. tre ulike hypotesar knytt til digitaliseringa av samfunnsengasjement og samfunnet i sin heilheit, der kvar av dei argumenterer for ulike utveggar i høve praksisar. Den eine hypotesen baserte seg på at ikkje-digitale og digitale praksisar komplementerer kvarandre, og verkar ut ifrå dei teoretiske bidraga drøfta og diskutert tidlegare i oppgåva å vere mest legitim (Eimhjellen mfl., 2018: 17-18, 105).

Banaji og Buckingham undersøkte som nemnd i den teoretiske gjennomgangen, relasjonen mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom i boka si frå 2013. Dei argumenterte for at dette er to former for samfunnsengasjement som må sjåast i samanheng, då funna deira identifiserte at den eine forma ikkje ekskluderer den andre. Rayes-Goldie og Walker sine funn forsterkar forståinga av ikkje-digitale og digitale samfunnsrelaterte aktivitetar som to separate, men samankopla former for samfunnsengasjement. I den teoretiske gjennomgangen av bidraget deira, argumenterte dei for at sider for digitalt samfunnsengasjement primært legg til rette for handling, framfor å fungere som sjølvne staden der handling føregår (Rayes-Goldie og Walker, 2008: 162).

Både Banaji og Buckingham og Rayes-Goldie og Walker sine funn skissert tidlegare i oppgåva, indikerte ein sterk korrelasjon mellom ikkje-digitale og digitale former for samfunnsengasjement og samfunnsdeltaking. Dei såg difor at desse formene komplementerte kvarandre framfor å erstatte eller ekskludere kvarandre. Dette er difor ein indikator på at det kan vere hald i hypotesen Eimhjellen mfl. (2018) fremja i høve forståinga av desse fenomen som samankopla fenomen. Vidare gjorde både Banaji og Buckingham og Rayes-Goldie og Walker eit poeng av det faktum at digitale nettsider med eit hovudfokus på samfunnsengasjement, primært fungerer som ein tilretteleggjar for handling i den verkelege verda. Dette kan difor indikere at digitalt samfunnsengasjement i større grad legg til rette for utøving av, og forsterking av ikkje-digitalt samfunnsengasjement enn at det er noko som i seg sjølv fostrar samfunnsengasjement.

For å direkte undersøke koplinga mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement i datamaterialet, valde eg å køyre ein «oneway ANOVA-test» for å kunne samanlikne gjennomsnitta for dei tre avhengige variablane i oppgåva mi; *ikkje-digitalt samfunnsengasjement*, *digitalt «high-cost»* og *«low-cost» samfunnsengasjement*. Ein vil på denne måten nærare kunne undersøke koplinga identifisert av både Banaji og Buckingham og Rayes-Goldie og Walker med utgangspunkt i datamaterialet oppgåva baserer seg på. For å teste dette, nytta eg ikkje-digitalt samfunnsengasjement som avhengig variabel, og undersøkte dermed separat effektane digitalt «high-cost» og «low-cost» samfunnsengasjement hadde på ikkje-digitalt samfunnsengasjement. For å illustrere skilnadane visuelt utvikla eg ein graf (figur 7.0) presentert under;



Figur 7.0- samanlikning av gjennomsnitt for dei avhengige variablane.

Det denne grafen (figur 7.0) er meint å illustrere er om det eksisterer signifikante skilnader mellom ungdommar med digitalt «high-cost» og digitalt «low-cost» samfunnsengasjement med omsyn til ikkje-digitalt samfunnsengasjement. Som ein kan sjå av grafen, er det signifikante skilnader, i den forstand at ungdommar med eit høgt digitalt «high-cost» samfunnsengasjement også har eit høgare ikkje-digitalt samfunnsengasjement. Det er difor ein positiv korrelasjon mellom høgt digitalt «high-cost» samfunnsengasjement og høgt ikkje-digitalt samfunnsengasjement. Til samanlikning er det ingen teikn til samanheng mellom ungdommar med digitalt «low-cost» samfunnsengasjement og ikkje-digitalt samfunnsengasjement, uavhengig av om ein har eit høgt eller lågt digitalt «low-cost» samfunnsengasjement.

Dette resultatet syner difor mykje av det same som bidraga frå Banaji og Buckingham og Rayes-Goldie og Walker gjer. Ei viktig klargjering er likevel at ingen av dei teoretiske bidraga separerte digitalt samfunnsengasjement ut i ulike dimensjonar, slik eg har gjort i denne oppgåva. Med utgangspunkt i datamaterialet kan ein difor argumentere for at det er ei kopling mellom ungdommar som er engasjert i ikkje-digitale former for samfunnsengasjement og som også har eit digitalt «high-cost» samfunnsengasjement. Vidare indikerer grafen at det ikkje er nokon samanheng mellom ikkje-digitalt samfunnsengasjement og digitalt «low-cost» samfunnsengasjement. Analysen vil no gå over til den overordna

problemstillinga, der ein oppsummerande, generell diskusjon av oppgåva i sin heilheit vil halde fram.

4.3 Korleis er sosial klasse, ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement kopla saman?

Den overordna problemstillinga for oppgåva i sin heilheit var; *kva rolle spelar sosial klasse i høve utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blant ungdom og korleis er dei ulike dimensjonane kopla saman?* Med utgangspunkt i dette, er kapittelet meint å fungere som ein oppsummerande diskusjon av teori og tidlegare forskning med omsyn til dei empiriske resultatane.

Den overordna modellen introdusert i kapittel 2.11 var meint som ein testbar modell med utgangspunkt i den overordna problemstillinga, det teoretiske rammeverket og det empiriske datagrunnlaget. Definisjonen av sosial klasse vart i byrjinga av oppgåva presisert at baserte seg på Pierre Bourdieu (1984) si forståing av omgrepet, som tydeleg framheva praksisar som eit sentralt aspekt. Tett tilknytt hans forståing av omgrepet ligg også konseptane om økonomisk og kulturell kapital (Bourdieu, 1986). Valet om å nytte denne forståinga baserte seg på at ulike sosiale klassar – representert gjennom innehavingar av økonomisk og kulturell kapital – kan ha ulike føresetnader og handlingsrom. Den mest sentrale hypotesen i oppgåva har vore at ulike samansetjingar av økonomisk og kulturell kapital vil ha stor påverknad på type og grad av samfunnsengasjement blant ungdom. Vidare identifiserte også CCCS ei kopling mellom sosial klasse, ungdom og samfunnsengasjement som synta seg å vere eit viktig teoretisk bidrag. Både Bourdieu og CCCS framheva kapital som ein viktig pådrivar for praksis, noko som gjorde dei til gode bidrag å sjå i lys av kvarandre. Ekman og Amnå sin typologi fungerte som den generelle forståinga av samfunnsengasjement, då den også tok høgde for latente former for deltaking gjennom konkrete handlingar (Ekman og Amnå, 2012). Denne typologien inkluderte derimot ikkje sosial klasse som eit medverkande aspekt, noko som gjorde at dei endelege forståingane av omgrepa ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement måtte bli utvida. Her synta dermed bidraga frå Hart og Gullan (2010) i høve ikkje-digitalt samfunnsengasjement, og Banaji og Buckingham (2008) i høve digitalt samfunnsengasjement seg som viktige.

Debatten kring relevansen av omgrepet sosial klasse er framleis til stades, der fleire teoretiske bidrag i oppgåva har stilt seg kritiske til konseptet. Spesielt Beck og Beck-Gernsheim (2002) argumenterte for at individualisering og globalisering førte til ei oppløysing av store gruppekategoriar som sosial klasse. Også bidraga frå Pahl (1993), Pakulski og Waters (1995) og dei norske sosiologane Rogne (2018, 2019) og Hagen (2018) problematiserte sosial klasse som konsept, og hevda nytten av omgrepet ikkje lenger eksisterte. Bidraga frå Bourdieu (1984, 1986), CCCS, Atkinson (2017), Goldthorpe og Marshall (1992), Toft og Flemmen (2018a,b) og Flemmen (2018) argumenterte derimot for at sosial klasse framleis spelar ei viktig rolle både for forskning og ved organiseringa av samfunnet i sin heilheit. Vidare introduserte Rasborg (2017) eit forsøk på ei syntese med trekk frå stratifiseringssosiologi og individualiseringssosiologi- eit bidrag med klare liner til både Bourdieu og Beck. I høve CCCS si teoretiske arv og postsubkulturdebatten, har oppgåva også inkludert både kritikk retta mot CCCS og motsvar til denne kritikken. Bennett (1999) problematiserte omgrepet «subkultur» og etterlyste eit alternativt teoretisk rammeverk som i større grad opna opp for dei mangfaldige stilane som kjenneteikna ungdomskultur i etterkrigstida. Her vart også mangelen på dedisert fokus på jenter og unge kvinner si rolle i subkulturar kritisert. Denne kritikken møtte likevel motstand, slik dei teoretiske bidraga frå Blackman (2005) og Shildrick og MacDonald (2006) synte til. Desse bidraga argumenterte for den vedvarande relevansen CCCS sine bidrag har i høve sosiale strukturar og sosial lagdeling med omsyn til ungdommars liv.

Samfunnsengasjement er som den teoretiske gjennomgangen synte til, eit komplekst omgrep med fleire ulike forståingar. Enjolras og Eimhjellen (2018) argumenterte for at visse føresetnader måtte vere til stades for at samfunnsengasjement og kollektiv handling skulle kunne gå føre seg, der dei skilde mellom føresetnader på tre ulike nivå. Vidare såg dei også på moglegheitene og implikasjonane digitalisering førte med seg, både med omsyn til samfunnsengasjement og organiseringa av samfunnet i sin heilheit. Dei inkluderte derimot ikkje sosial klasse som ein medverkande faktor i sitt bidrag, og manglar difor ein vesentleg del av det denne oppgåva baserer seg på. Vidare vart Putnam (2000) si forskning på søkkande samfunnsengasjement av mange sett på som eit viktig bidrag, då det auka fokuset kring nettopp samfunnsengasjement blant forskarar. Lorentzen og Hustinx (2007) argumenterte derimot for at vi no på mange måtar har gått frå kollektivt samfunnsengasjement til ei individualisert form for samfunnsengasjement, tett knytt til prosessane om globalisering og sekularisering. Denne utviklinga såg dei i lys av det Manuel Castells (2004) refererte til som

«informasjonssamfunnet», som på mange måtar representerer ein informasjonsteknologisk revolusjon. Også Juger mfl. (2012) sitt bidrag har vore viktig for å belyse faktorar som påverkar utviklinga av ikkje-digitalt samfunnsengasjement, og følgjeleg kva rolle digitalt samfunnsengasjement har med omsyn til koplinga problemstillinga baserer seg på. Avslutningsvis undersøkte Banaji og Buckingham (2013) koplinga mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement direkte, der bidraget frå Rayes-Goldie og Walker (2008) også identifiserte ein positiv korrelasjon mellom ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement. To viktig funn var at digitalt samfunnsengasjement fungerer som eit middel for ikkje-digitalt samfunnsengasjement, framfor ei form som i seg sjølv fostrar og mobiliserer samfunnsengasjement med mindre ein allereie innehar eit samfunnsengasjement. Vidare indikerte også Banaji og Buckingham sine funn at det eksisterer eit digitalt skilje knytt til sosio-demografiske faktorar som i tur både påverka tilgang og type samfunnsengasjement (Banaji og Buckingham, 2013: 155).

Dei empiriske resultatane frå denne oppgåva har identifisert fleire interessante funn i høve den overordna problemstillinga og det teoretiske rammeverket. Med omsyn til modellen meint å representere ikkje-digitalt samfunnsengasjement, hadde talet på eigde bøker (meint å måle kulturell kapital) og kjønnsvariabelen sterkast effekt, der økonomisk kapital og mors utdanningsnivå (meint å måle sosial klasse) også hadde påviste effektar. Modellen meint å representere digitalt «high-cost» samfunnsengasjement peika også på fleire interessante tendensar sett i lys av teoretiske bidrag. Kjønnsvariabelen hadde ein sterkt effekt her, og indikerte at mannlege respondentar hadde eit høgare digitalt «high-cost» samfunnsengasjement. Vidare hadde skuletype (meint å måle kulturell kapital) og fars utdanningsnivå (meint å måle sosial klasse) også påviste effektar. Modellen meint å representere digitalt «low-cost» samfunnsengasjement, utpeika seg som modellen med flest påverknadsvariablar, der skuletype hadde sterkast effekt, etterfylgd av variablane alder og kjønn (meint å måle sosio-demografiske faktorar). Vidare påverka også karakter i tysk (meint å måle kulturell kapital), talet på eigde bøker og økonomisk kapital også graden av digitalt «low-cost» samfunnsengasjement blant ungdommane.

Grafen meint å illustrere signifikante skilnader mellom ungdommar med digitalt «high-cost» og «low-cost» samfunnsengasjement med omsyn til ikkje-digitalt samfunnsengasjement (figur 3.0), illustrerte vidare funn som peika på mykje av det same som dei teoretiske bidraga frå både Banaji og Buckingham (2013) og Rayes-Goldie og Walker (2008). Her syntet seg at

ungdommar med eit høgt digitalt «high-cost» samfunnsengasjement også hadde eit høgt ikkje-digitalt samfunnsengasjement, medan det ikkje vart identifisert nokon samanheng mellom ungdommar med digitalt «low-cost» samfunnsengasjement og ikkje-digitalt samfunnsengasjement. Dette var eit funn som kan trekkast tilbake til dei teoretiske bidraga frå Banaji og Buckingham (2013) og Rayes-Goldie og Walker (2008), som argumenterte for at sosio-demografiske faktorar, sosial klasse og graden av samfunnsengasjement ungdommane i utgangspunktet hadde, også påverkar type samfunnsengasjement ein utviklar. Det dei empiriske funna indikerer, er dermed at både sosial klasse, økonomisk kapital, kulturell kapital og sosio-demografiske faktorar påverkar utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement, og vidare synleggjer korleis dette er fenomen som er fordelaktig å sjå i lys av kvarandre for best å fange opp sentrale nyansar.

Som denne oppsummerande diskusjonen av teoretiske bidrag og dei empiriske funna syner til, peikar denne oppgåva på at sosial klasse i forstand av Bourdieu framleis har relevans i høve påverknaden på utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement. Ulike samansetjingar av økonomisk og kulturell kapital vil hjelpe forskarar å forstå og forklare korleis samfunnsengasjement blant ungdommar utviklar seg, i lys av slike sentrale føresetnader. Dette underbyggjer dermed den mest sentrale hypotesen om at sosial klasse og ulike samansetjingar av økonomisk og kulturell kapital påverkar type og grad av samfunnsengasjement. Banaji og Buckingham (2013) stod særleg sentralt, då det var eit av få teoretiske bidrag som direkte undersøkte koplinga denne oppgåva hadde som mål å belyse. Hovudfunnet deira indikerte som nemnd tidlegare at dette er to former for samfunnsengasjement som må sjåast i lys av kvarandre, der dei fann at spesielt sosial klasse spelte ei sentral rolle for samfunnsengasjement blant ungdommar. Dei empiriske resultatane indikerte tilsvarande funn og underbyggjer dermed den vedvarande relevansen sosial klasse har som organiserande struktur i samfunnet, og den avgjerande rolla sosial lagdeling har. Flemmen (2018) sitt sitat nemnd tidlegare i oppgåva understrekar nettopp dette; «[...] klassebakgrunn – ens foreldres klasse – kaster lange skygger og preger sjansene i livet».

5.0 Avslutning

I denne oppgåva har sosial klasse sin påverknad på utviklinga av ikkje-digitalt og digitalt samfunnsengasjement blitt undersøkt, og følgjeleg korleis desse dimensjonane er kopla saman. Det vart også utvikla to forskingsspørsmål, meint å fungere som rettesnorer for sentrale aspekt ved oppgåva i sin heilheit. Klasse- og individualiseringsdebatten står sentralt i sosiologien også i dag, der deltakarar i debatten verkar å representere svært ulike ytterpunkt. Vidare er også samfunnsengasjement ein vital del av det sivile samfunn – eit forskingsområde som innan sosiologien står sterkt. Det å stadig utforske desse fenomenene vil difor vere avgjerande for å kunne identifisere viktige endringar og vedvarande trekk ved det komplekse og dynamiske menneskelege samfunnet.

Føremålet med denne oppgåva var å undersøke korleis sosial klasse i forstand av Pierre Bourdieu – med økonomisk og kulturell kapital som viktige dimensjonar – påverka ungdommars handlingsrom knytt til type og grad av samfunnsengasjement. Vidare var også målet å undersøke korleis desse to formene for samfunnsengasjement fungerer som to separate, men likevel tilknytte fenomen, der sosial klasse vart antatt å påverke begge former for samfunnsengasjement. Ambisjonen var difor å nyansere konseptualiseringa av samfunnsengasjement som sosialt fenomen, og på den måten potensielt betre innsikt i sentrale drivkrefter bak samfunnsengasjement blant ungdom.

Analysane i oppgåva støttar allereie eksisterande forskning i fleire høve, men bidreg likevel med nokon nye funn ved å skilje digitalt samfunnsengasjement ut i ytterlegare to separate dimensjonar. Ved å skilje samfunnsengasjement ut i tre ulike dimensjonar, opna analysane i større grad opp for meir konkrete skilnader og likskapar knytt til samfunnsengasjement på spesifikke nivå, noko som vil vere viktig for vidare forskning både på mikro-, meso- og makronivå. Nyansering av ungdommars samfunnsengasjement som sosialt fenomen er viktig, då det spesielt etter inntoget av digitale former delvis har endra premissane for korleis ein kan utvise samfunnsengasjement. Sosial klasse synte seg gjennom analysane dermed å vere ein viktig bidragsytar i høve både føresetnadane og utviklinga av ungdommars samfunnsengasjement, der Bourdieu si forståing står attende som eit godt utgangspunkt.

Ved vidare forskning på tema vil det vere fleire ulike måtar å anten vidare undersøke det denne oppgåva har hatt som mål å undersøke, eller undersøke andre tilknytte dimensjonar. Ein kan

til dømes vidare undersøke andre sentrale faktorar tilknytt sosial klasse og samfunnsengasjement, og dermed nyansere tematikken ytterlegare. Vidare kan ein gjennomføre kvalitative intervju, anten i form av individuelle intervju eller fokusgruppeintervju. Ved å nytte ei slik tilnærming vil ei få nærare tilgang til subjektive opplevingar og forståingar, og dermed belyse konkrete årsaker som ligg til grunn for ungdommars eige samfunnsengasjement. Her vil ein også potensielt kunne kontrastere ulike grupper og deira ulike former for samfunnsengasjement. Internasjonal og komparativ forskning med omsyn til rolla sosial klasse, bakgrunn og ulikheit knytt til fordeling av kapital har, vil også vere viktig med tanke på vidare forskning på samfunnsengasjement blant ungdom. Dette vil særleg vere viktig då auka individualisering stadig oppmuntrar til frie val og eigendefinerte utviklingsmoglegheiter.

6.0 Litteraturliste

- Adler, R. P., Goggin, J. (2005). What Do We Mean By «Civic Engagement»? *Journal of Transformative Education*, 3(3), juli 2005, s.236-253. Tilgjengeleg frå: [10.1177/15413444605276792](https://doi.org/10.1177/15413444605276792) (lasta ned 20.04.2020)
- Alter, C., Haynes, S., Worland, J. (2019). Greta Thunberg: TIME´s Person of the Year 2019, *Time*, 04.12.2019. Tilgjengeleg frå: <https://time.com/person-of-the-year-2019-greta-thunberg/> (Lasta ned 10.03.2020)
- Amnå, E., Zetterberg, P. (2010). A Political Science Perspective on Socialization Research: Young Nordic Citizens in a Comparative Light, i Sherrod, R., L., Torney-Putra, J., Flanagan, C., A. (red.) (2010) *Handbook of Research on Civic Engagement in Youth*. Hoboken, New Jersey: John Wiley & Sons, Inc. s. 43-66.
- Amnå, E. (2012). How Is Civic Engagement Developed Over Time? Emerging Answers From A Multidisciplinary Field, *Journal of Adolescence*, 35(3), juni 2012, s.611-627. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.1016/j.adolescence.2012.04.011> (Lasta ned 20.04.2020)
- Atkinson, W. (2007). Beck, individualization and the death of class: a critique, *The British Journal of Sociology*, 58(3), s.349-366. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.1111/j.1468-4446.2007.00155.x> (Lasta ned 18.11.2019)
- Baker, C. (2007). Birmingham School, i *Wiley Online Library*. Tilgjengeleg frå: <https://onlinelibrary.wiley.com/doi/pdf/10.1002/9781405165518.wbeosb026> (Lasta ned 20.10.2019)
- Banaji, S., Buckingham, D. (2013). *The Civic Web: Young People, the Internet and Civic Participation*. MIT Press: Cambridge. Tilgjengeleg frå: <https://ebookcentral.proquest.com/lib/bergen-ebooks/detail.action?docID=3339693#> (Lasta ned 07.02.2020)
- Beck, U., Beck-Gernsheim, E. (2002). *Individualization: Institutionalized Individualism and its Social and Political Consequences*. Sage Publications
- Blackman, S. (2005). Youth Subcultural Theory: A Critical Engagement with the Concept, its Origins and Politics, from the Chicago School to Postmodernism, *Journal of Youth Studies*, 8(1), s.1-20. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.1080/13676260500063629> (Lasta ned 12.05.2020)
- Bennett, A. (1999). Subcultures or Neo-Tribes? Rethinking the Relationship Between Youth, Style and Musical Taste, *Sociology*, 33(3), s.599-617. Tilgjengeleg frå:

- <https://www.cambridge.org/core/journals/sociology/article/subcultures-or-neotribes-rethinking-the-relationship-between-youth-style-and-musical-taste/5C46818AC3FBBC07EB5798625C378114/core-reader> (lasta ned 12.05.2020)
- Bennett, A. (2014). Reapprasing «counterculture», *Volume!* 9(1), s.20-31.
Tilgjengeleg frå: <https://journals.openedition.org/volume/3499> (Lasta ned 13.11.2019)
 - Bourdieu, P. ([1979] 1984). *Distinction: A Social Critique of the Judgement of Taste*. Cambridge, Massachusetts: Harvard University Press
 - Bourdieu, P. (1986) *The Forms of Capital*, i: Richardson, J., *Handbook of Theory and Research for the Sociology of Education*. Westport, CT: Greenwood, s.241-258.
Tilgjengeleg frå: <http://www.socialcapitalgateway.org/content/paper/bourdieu-p-1986-forms-capital-richardson-j-handbook-theory-and-research-sociology-educ> (Lasta ned 15.11.2019)
 - Ekman, J., Amnå, E. (2012). Political Participation And Civic Engagement: Towards A New Typology, *Human Affairs*, 22, juni 2012, s.283-300. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.2478/s13374-012-0024-1> (Lasta ned 20.04.2020)
 - Enjolras, B., Steen-Johnsen, K., Beyer, A. (2018). Forholdet mellom online-og offline-deltakelse i frivillige organisasjoner, i Enjolras, B., Eimhjellen, I. (red.). *Fra kollektiv til konnektiv handling? Nye former for samfunnsengasjement og kollektiv handling i Norge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. s.101-126. Tilgjengeleg frå: <https://press.nordicopenaccess.no/index.php/noasp/catalog/book/45> (Lasta ned 05.11.2019)
 - Eimhjellen, I. (2018). Flyktningengasjement i sosiale medier. Et mediepraksisperspektiv på flyktnings situasjonen i 2015, i Enjolras, B., Eimhjellen, I. (red.). *Fra kollektiv til konnektiv handling? Nye former for samfunnsengasjement og kollektiv handling i Norge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. s.189-210.
Tilgjengeleg frå: <https://press.nordicopenaccess.no/index.php/noasp/catalog/book/45> (Lasta ned 05.11.2019)
 - Enjolras, B., Eimhjellen, I. (red.) (2018). *Fra kollektiv til konnektiv handling? Nye former for samfunnsengasjement og kollektiv handling i Norge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. Tilgjengeleg frå: <https://press.nordicopenaccess.no/index.php/noasp/catalog/book/45> (Lasta ned 05.11.2019)
 - Field, A. (2013). *Discovering Statistics Using IBM SPSS Statistics*. Los Angeles, London, New Dehli, Singapore, Washington DC: Sage Publications

- Fridays for Future (2020). *Who We Are*. Tilgjengeleg frå: <https://fridaysforfuture.org/what-we-do/who-we-are/> (Lasta ned 10.03.2019).
- Flemmen, M, P. (2018). Kunnskapsløst om klasseanalyse, *Morgenbladet*, 08.03.2018. Tilgjengeleg frå: <https://morgenbladet.no/ideer/2019/03/kunnskapslost-om-klasseanalyse> (Lasta ned 04.11.2019)
- Flemmen, M. P., Toft, M. (2018a). *Klassesamfunnet: graven er tom*. Tilgjengeleg frå: <https://sosiologen.no/debatt-og-kronikk/debatt/klassesamfunnet-tilbake-for-fullt/> (Lasta ned 27.10.2019)
- Flemmen, M. P., Toft, M. (2018b). *Klassestrukturen er ikke en målefeil*. Tilgjengeleg frå: <https://sosiologen.no/debatt-og-kronikk/debatt/klassestrukturen-er-ikke-en-malefeil/> (Lasta ned 27.10.2019)
- Goldthorpe, H. J., Marshall, G. (1992). The Promising Future of Class Analysis: A Response to Recent Critiques. *Sociology*, 26(3), s.381-400. Tilgjengeleg frå: <https://journals.sagepub.com/doi/10.1177/0038038592026003002> (Lasta ned 18.11.2019)
- Hart, D., Gullan, R. L. (2010). The Sources of Adolescent Activism: Historical and Contemporary Findings, i Sherrod, R., L., Torney-Putra, J, Flanagan, A., C. (red.) *Handbook of Research on Civic Engagement in Youth*. Hoboken, New Jersey: John Wiley & Sons, Inc. S. 67-90.
- Hagen, R. (2018). Myten om det norske klassesamfunnet, *Morgenbladet*, 15.02.2018. Tilgjengeleg frå: <https://morgenbladet.no/ideer/2019/02/myten-om-det-norske-klassesamfunnet> (Lasta ned 01.11.2019)
- Hall, S., Jefferson, T. (1975). *Resistance Through Rituals. Youth subcultures in post-war Britain*. Taylor & Francis Ltd. 2nd Edition.
- Jugert, P., Eckstein, K., Noack, P., Kuhn, A., Benbow, A. (2012). Offline and Online Civic Engagement Among Adolescents and Young Adults From Three Ethnic Groups, *Journal of Youth and Adolescence*, 42, august 2012, s.123-135. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.1007/s10964-012-9805-4> (Lasta ned 20.04.2020)
- Jenkins, R. (1982). Pierre Bourdieu and the Reproduction of Determinism, *Sociology*, 16(2), s.270-281. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.1177/0038038582016002008>
- Koenig, L. (2013). *Civic Engagement: Then and Now*. Tilgjengeleg frå: <https://wepair.org/civic-engagement-then-and-now/> (Lasta ned 06.11.2019)
- Kvale, S., Brinkmann, S. (2017). *Det Kvalitative Forskingsintervju*. 3.utgave. Oslo: Gyldendal Akademisk

- Lorentzen, H., Hustinx, L. (2007). Civic Involvement and Modernization, *Journal of Civic Society*, 3(2), s.101-118. Tilgjengeleg frå:
<https://doi.org/10.1080/17448680701554282> (Lasta ned 07.05.2020)
- Longest, K. C. (2015). *Using Stata for Quantitative Analysis*. Sage Publications: Los Angeles, London, New Dehli, Singapore, Washington D.C.
- Løvgren, M., Orupabo, J. (2018). En sosiologi om symbolske grenser. *Norsk Sosiologisk Tidsskrift*, 2(03), s.203-207. Tilgjengeleg frå:
<https://doi.org/10.18261/issn.2535-2512-2018-03-01> (Lasta ned 28.10.2019)
- Marx, K., Engels, F. (1848 [1984]). *Det kommunistiske manifest*. Oslo: Falken Forlag.
- Malala Fund (2018). *Malala Fund*. Tilgjengeleg frå: <https://malala.org> (Lasta ned 10.03.2020)
- McIntosh, H., Youniss, J. (2010). Towards a Political Theory of Political Socializing of Youth, i Sherrod, R, L., Torney-Putra, J., Flanagan, A, C. (red.) *Handbook of Research on Civic Engagement in Youth*. Hoboken, New Jersey: John Wiley & Sons, Inc. S. 23-41.
- Napikoski, L. (2019). «*The Women's Liberation Movement*», 10.9.2019. Tilgjengeleg frå: <https://www.thoughtco.com/womens-liberation-movement-3528926> (Lasta ned 14.11.2019)
- OK2BME (2020). *What does LGBTQ+ mean?* Tilgjengeleg frå:
<https://ok2bme.ca/resources/kids-teens/what-does-lgbtq-mean/> (Lasta ned 02.04.2020)
- Pakulski, J., Waters, M.(1995). *The Death of Class*. England: Sage Publications UK
- Pahl, E. R. (1993). Does Class Analysis Without Class Theory Have a Promising Future? A Reply to Goldthorpe and Marshall, *Sociology*, 27(2). s.253-258.
Tilgjengeleg frå:
<https://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/0038038593027002005> (Lasta ned 10.05.2020)
- Ratcliffe, S. (red.). (2017). *Nelson Mandela*, i Oxford Essential Quotations. Oxford University Press. Tilgjengeleg frå:
<https://www.oxfordreference.com/view/10.1093/acref/9780191843730.001.0001/q-oro-ed5-00007046> (Lasta ned 24.06.2020)
- Rayes-Goldie, K., Walker, L. (2008). Our Space: Online Civic Engagement Tools for Youth, i Bennett, W. L. (red.). *Civic Life Online: Learning How Digital Media Can Engage Youth*. Massachusetts: The MIT Press, s.161-188. Tilgjengeleg frå:

- <https://www.tigweb.org/images/resources/tool/docs/OurSpace.pdf> (Lasta ned 06.05.2020)
- Rasborg, K. (2017). From class society to the individualized society? A critical reassessment of individualization and class. *Irish Journal of Sociology*, 25(3), s.229-249. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.1177/0791603517706668> (Lasta ned 03.12.2019)
 - Riley, D. (2017). Bourdieu's Class Theory. The Academic as Revolutionary, *Catalyst Journal*, 1(2), s.107-136. Tilgjengeleg frå: <https://sociology.berkeley.edu/sites/default/files/faculty/Riley/BourdieuClassTheory.pdf> (Lasta ned 15.03.2020)
 - Rogne, A. F. (19.04.2018). *Klasse- et metodevalg*. Tilgjengeleg frå: <https://sosiologen.no/debatt-og-kronikk/debatt/klasse-et-metodevalg/> (Lasta ned 27.10.2019)
 - Rogne, A. F. (31.01.2019). *Hva klasseskjemaer måler og ikke måler*. Tilgjengeleg frå: <https://sosiologen.no/debatt-og-kronikk/debatt/hva-klasseskjemaer-maler-og-ikke-maler/> (Lasta ned 27.10.2019)
 - Schooler, C. (2013). *Social Class and Social Status*. Tilgjengeleg frå: <https://www.oxfordbibliographies.com/view/document/obo-9780199828340/obo-9780199828340-0085.xml#firstMatch> (Lasta ned 01.12.2019)
 - Sherrod, R., L., Torney-Putra, J., Flanagan, C. A. (red.) (2010) *Handbook of Research on Civic Engagement in Youth*. Hoboken, New Jersey: John Wiley & Sons, Inc.
 - Shildrick, T., MacDonald, R. (2006). In Defence of Subculture: Young People, Leisure and Social Divisions, *Journal of Youth Studies*, 9(2), s.125-140. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.1080/13676260600635599> (Lasta ned 12.05.2020)
 - Silverman, D. (2014). *Interpreting Qualitative Data*. 5th edition. Los Angeles, London, Washington, New Dehli, Singapore, Washington DC: Sage Publications
 - Skeggs, B. (2004). Context and Background: Pierre Bourdieu's Analysis of Class, Gender and Sexuality, *The Sociological Review*, 52(2), s.19-33. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.1111/j.1467-954X.2005.00522.x> (Lasta ned 06.06.2020)
 - Skrobanek, J., Chiapparini, E., Kuglstatte, V. (2012a). *Erhebungsinstrument. Forschungsgruppe SoYouth*. Zürich: Universität Zürich. (Grunna rutinar vart tilgangen til dette spørjeskjemaet sletta etter tre år).
 - Skrobanek, J., Chiapparini, E., Kuglstatte, V. (2012b). Positionierungen Jugendlicher bezüglich «jugendkultureller Gruppenstile» und «szenen» im Kanton Zürich.

Handreichung Nr.1 der Forschungsgruppe SoYouth. Zürich: Universität Zurich.

(Grunna rutinar vart tilgangen til dette rettleiingsheftet sletta etter tre år).

- Skrobanek, J., Chiapparini, E., Kuglstatter, V. (2012c). *Lebensorientierungen von Jugendlichen mit und ohne Migrationshintergrund im Kanton Zürich. Handreichung Nr.2 der Forschungsgruppe SoYouth. Zürich: Universität Zürich.* (Grunna rutinar vart tilgangen til dette rettleiingsheftet sletta etter tre år).
- Skrobanek, J., Chiapparini, E., Hasanmetaj, B., Kuglstatter, V. (2012d). *Jugenddelinquenz im Kanton Zürich. Handreichung Nr.3 der Forschungsgruppe SoYouth. Zürich: Universität Zürich.* (Grunna rutinar vart tilgangen til dette rettleiingsheftet sletta etter tre år).
- Skrobanek, J., Chiapparini, E., Kuglstatter, V. (2012e). *Positionierungen Jugendlicher bezüglich «jugenkultureller Gruppenstile» im Kanton Zürich. Handreichung an die Bildungsdirektion des Kantons Zürich. Zürich: Universität Zürich.* (Grunna rutinar vart tilgangen til dette dokumentet sletta etter tre år).
- Skrobanek, J., Kuglstatter, V. (2019). Class, Lifestyle and Substance Use among Adolescents: A Bourdieusian Perspective, *Young*, 27(2), s.140-163. Tilgjengeleg frå: [10.1177/1103308818774984](https://doi.org/10.1177/1103308818774984) (Lasta ned 10.03.2019)
- Skog, O-J. (2015). *Å forklare sosiale fenomen. En regresjonsbasert tilnærming.* Oslo: Gyldendal Akademisk
- Stockemer, D. (2019). *Quantitative Methods for the Social Sciences: A Practical Introduction with Examples in SPSS and Stata.* 1st edition. Cham: Springer International Publishing, Imprint: Springer. Tilgjengeleg frå: <https://link.springer.com/content/pdf/10.1007%2F978-3-319-99118-4.pdf> (Lasta ned 07.05.2020)
- TakingITGlobal (2018). *About TakingITGlobal.* Tilgjengeleg frå: <https://www.tigweb.org/about/> (Lasta ned 06.05.2020)
- Treiman, D. J. (2009). *Quantitative Data Analysis: Doing Social Research to Test Ideas.* New York: John Wiley & Sons, Inc.
- Tomasky, M. (2019). The Real Legacy of the 1970s, *The New York Times*, 02.02.2019. Tilgjengeleg frå: <https://www.nytimes.com/2019/02/02/opinion/sunday/inflation-economy-united-states-1970s.html> (Lasta ned 14.11.2019)
- United Nations (2019). *International Youth Day 2019.* Tilgjengeleg frå: <https://www.un.org/en/events/youthday/> (Lasta ned 11.03.2020)

- UCLA. Institute for Digital Research & Education: Statistical Consulting. (2020). *Regression with Stata Chapter 4: Beyond OLS*. Tilgjengeleg frå: <https://stats.idre.ucla.edu/stata/webbooks/reg/chapter4/regressionwith-statachapter-4-beyond-ols-2/> (Lasta ned 05.06.2020)
- Weber, M. (1921 [2013]). *Economy and Society*. University of California Press
- Webster, F. (2006). Cultural studies and sociology at, and after, the closure of the Birmingham school, *Cultural Studies*, 18(6), s.847-862. Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.1080/0950238042000306891> (Lasta ned 23.10.2019)
- Wolfe, T. (1976). The «Me» Decade and the Third Great Awakening, *New York Magazine*, 23.08.1976. Tilgjengeleg frå: <https://theological-geography.net/wp-content/uploads/2018/09/Tom-Wolfe.pdf> (Lasta ned 13.11.2019)
- 350.org. (2009 [2019a]). *About 350*. Tilgjengeleg frå: <https://350.org/about/> (Lasta ned 10.03.2020)
- 350.org. (2019b). *Half a Million People in the US Strike for Climate Action, an End to Fossil Fuels; Over 4 Million Globally*. Tilgjengeleg frå: <https://350.org/press-release/usa-climatestrikes/> (Lasta ned 10.03.2020)
- 350.org. (2009 [2019c]). *350 Celebrates: A Decade of Action*. Tilgjengeleg frå: <https://350.org/10-years/> (Lasta ned 10.03.2020)